

# Årsmelding 2022



*Sommarmarknad 2022*



**Samnanger kommune**

*- der du vil leva og bu -*

# Innhold

Rådmannen har ordet	side 3
Driftsrekneskapen 2022	side 10
Investeringsoversikt 2022	side 27
Rekneskapsskjema 2022	side 30
Rådmannskontoret	side 37
Sektor Økonomi og organisasjon	side 38
Økonomiavdelinga	side 42
HR- avdelinga	side 44
Servicesenteret	side 49
Kultureininga	side 52
Sektor Samfunnsutvikling	side 58
Eining teknisk drift	side 64
Eining teknisk forvaltning	side 68
Sektor Helse og omsorg	side 72
Eining pleie og omsorg	side 75
Avdeling funksjonshemma	side 81
Eining helse	side 85
Eining livsmeistring	side 88
Sektor Oppvekst	side 94
Dråpeslottet barnehage	side 98
Vassloppa barnehage	side 102
Samnanger barneskule	side 107
Samnanger ungdomsskule	side 111

## RÅDMANNEN HAR ORDET

### Rådmannen har ordet

#### Om årsmeldinga 2022

Årsmeldinga skal utarbeidast i tråd med kommunelova § 14-7 kor mellom anna bokstav a) seier at *«årsberetningen skal redegjøre for forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid»*.

I årsmeldinga vil du finne nærare skildringar av dei ulike sektorane sitt arbeid gjennom året, samt mål dei rettar seg mot (jfr. kommunelova § 14-7 c).

Utforminga av årsmeldinga skal vere slik at ho kan fungere som eit styrings- og kontrollverktøy for kommunestyret, samstundes som at ho gjev god informasjon til innbyggjarar og andre om kommunen si verksemd og utvikling. Dette skal omfatte kommunen sin økonomi, samt ein overordna omtale av sentrale forhold.

Det er kommunestyret som vedtek årsmeldinga (jfr. kommunelova § 14-2).

#### Året 2022

2022 var på mange vis eit annleis år når me ser tilbake i lokalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Me har på mange vis blitt påverka av krigen i Ukraina. Energigitilgongen til Europa har blitt redusert, internasjonal handel og logistikk som gjeld mat og øvrige varer har endra seg. Mange menneske har blitt drivne på flukt frå krigen og verda er i ein annan sikkerheitspolitisk situasjon enn det me var ved inngongen til året.

I det me var på veg ut av koronapandemien kom den nye krisa. Mange privathushaldningar i Samnanger kommune opplevde nok samla sett at den økonomiske kvardagen vart meir krevjande. Rentehevingar, auka straumpris og etterkvart auka matvareprisar, har gjort at dei av oss som hadde minst å gå på frå før no fekk ytterlegare utfordringar.

Kommunestyret i Samnanger vedtok i desember 2022 å sjå på moglegheit for å kunne handtere utfordringar knytt til *relativ fattigdom*. Korleis innbyggjarar til dels kan falle utanfor fellesskapet gjennom at økonomien ikkje strekk til.

## *Utvikling folketal*

Samnanger kommune hadde ein liten nedgong i folketalet i 2022 frå 2501 til 2495 innbyggjarar ved utgangen av 2022. (Merk: I årsmeldinga for 2021 vart det oppgjeve feil innbyggjartal per 2021. Oppgjeve tal er 2497, medan korrekt tal skal vere 2501). I følge Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar vil Samnanger kunne vente å ha 2506 innbyggjarar i 2030, medan talet kan verte 2618 i 2050. Innanfor desse tala går det føre seg demografiske endringar i retning færre yngre og fleire eldre. Det har vore ein klar nedgong i talet på nyfødde. I 2022 vart det født 19 barn i Samnanger, medan 34 personar døydde.

Dette er ei utvikling som også vart skildra i årsmeldinga for 2021, og fordrar at me saman rettar eit klart utviklingsblikk på det arbeidet me skal gjere i åra som kjem. Me må arbeide for at Samnanger skal verte ein vekstkommune.

## *Samarbeid politikk og administrasjon*

Kommunestyret er det øvste styrings- og beslutningsorganet i Samnanger kommune. Det er difor avgjerande at tillit innbyggjarane gjennom kommunevalet har gjeve sine fremste ombodspersonar vert handsama med djup respekt. Rådmannen si tilnærming er at når kommunestyret gjer sine vedtak, så er det likelydande med innbyggjarane sine ynskje og vilje. Rådmannen har difor som sine to viktigaste oppgåver å sørge for at kommunestyret vert spelte så godt som råd, samt å følge opp dei vedtaka som kommunestyret fattar.

Rådmannen si leiargruppe drøftar sakene som skal opp til kommunestyret jamnleg slik at me skal vere godt førebudde. Me har system for oppfølging av politiske vedtak slik at me i all hovudsak skal kunne levere på det nivået kommunestyret kan vente av oss.

Kommunestyret beslutta i 2022 å vedta *køyrereglar for god kommunikasjon i kommunestyre og politiske utval*. Desse byggjer på retningslinene som i løpet av året vart utarbeidd for dei tilsette i kommunen. Saman set dette fokus på grunnlag som syt for gode relasjonar i krevjande arbeid. Rådmannen opplever at kommunestyret er sær opptekne av å sikre gode føresetnadar for eit godt ordskifte, og kor rådmannen sine representantar vert godt ivaretekne når dei gjev informasjon i møta.

Rådmannen si leiargruppe har i løpet av året gjennomgått struktur og innhald som gjeld for politiske saksframlegg. Det skal sikre høgare kvalitet på det som vert presentert for politisk handsaming. I tillegg skal saksframlegga vere opplysende og informative for innbyggjarane.

## *Dei tilsette*

Det er ei glede å få løfte fram dei tilsette i kommunen. Året har bydd på eit breitt omfang av utfordringar, ikkje minst det å verte tappa og sliten etter ein pandemi. Ulike tilsette møter ulike utfordringar på ulike vis. Likevel er opplevinga at alle handterer dette etter beste evne, og at kvar og ein er ansvarleg for at me er mange som har hatt gode dagar på jobb. Samstundes forstår eg at det til tider også kan vere andre opplevingar.

Gjennom medarbeidersamtalar, vernerundar og arbeidsmiljøundersøking søker me å kartlegge korleis tilsette opplever arbeidsplassen sin. Dette gjev oss grunnlag for å peike på kvar me har bruk for å betre oss, kva innsatsen må rettast mot. Dette er eit kontinuerlig arbeid kor me aldri kjem i mål, men kor ambisjonane må vere å komme *best mogleg* ut.

Gjennom dei funna me gjer i undersøkingane søker me å sikre samanhengen mellom struktur (slik *vil* me ha det) og kultur (slik *har* me det). Det tyder at dersom me har gode system, retningslinjer, styringsdokument m.m, så betrar det føresetnader for korleis tilsette faktisk har det på jobb. I dette arbeidet har tillitsvalde og vernetenesta vore avgjerande støttespelarar. Eg vil difor trekke fram dei tillitsvalde og den innsatsen, verdien og klokskapen dei har tatt med seg inn i samarbeidet gjennom året.

Det vart gjort endringar i rådmannen si leiargruppe med verknad frå 1. juni. Inntil denne dagen hadde me 2 kommunalsjefar. Ved å vidareføre kommunalsjefnivået til å gjelde heile organisasjonen fekk rådmannen ei strategisk leiargruppe med sektoransvar. Det gjev ein organisatorisk modell som i større grad sikrar strategisk utvikling og heilskap i kommunen si framdrift. Økonomisjefen vart frå juni kommunalsjef for økonomi og organisasjon, og einingsleiar for samfunnsutvikling vart kommunalsjef for samfunnsutvikling. Leiargruppa har utarbeidd føremålsdokument med klare føringar og forventningar.

Kommunen har i tillegg eit *leiarforum* som omfattar alle einings- og avdelingsleiarar, samt somme rådgjevarar. Her har me i løpet av året også gjort eit kvalitetsarbeid knytt til struktur og innhald som skal løfte oss vidare i tida som kjem.

Det vart i løpet av året også satt i gong arbeid med strategisk kompetanseplan. Denne vert arbeidd vidare med i 2023 og skal gje oss kunnskap og retning om *kva* me treng i åra framover av ulike kompetanse og *korleis* me skal skaffe oss denne kompetansen. Slik vert me meir effektive og føremålstenlege fordi me spissar kompetansen vår i dei retningar behova vert i åra som kjem.

Kommunehuset har synt seg å by på ein del utfordringar med omsyn til arbeidsmiljøtilhøva for dei tilsette. Dette gjeld lydforhold, sikring av tilsette som har arbeid kor det er høgare risiko, møterom og tilstrekkeleg med kontor. Arbeidsmiljøutvalet satte i gong arbeidet med planlegging på våren. Det har vore innspelsprosess og arbeid med løysingar utover hausten. Vona er at det skal kunne presenterast nærare om løysingar i neste årsmelding.

### *Planarbeid*

I juni vedtok kommunestyret kommunal planstrategi for Samnanger kommune. Denne var på etterskot og skulle ha vore vedteken innan det første året i perioden for noverande kommunestyre.

Strategien er ein oversikt over kva planar kommunestyret vil prioritere i perioden sin. Her skal det også vedtakast om kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast. Kommunestyret valte ein ambisiøs retning som i sum skal løfte Samnanger kommune gode steg framover. Det er avgjerande at god planlegging skjer i kommunen. Det sikrar mellom anna retning, oppslutnad og prioritering. Utfallet av vedtaket i juni har ført til at fokus på planlegging i sektorane har blitt løfta. På det viset vert lokaldemokratiet styrka ved at det er kommunestyret som vedtek dei fleste planane som vert utarbeidd.

Rådmannen vil også trekke fram arbeidet som kommunestyret gjennomførte i juni kor premiss for budsjett og økonomiplan vart drøfta og vedteke. Premissa gav tydelege føringar som rådmannen kunne leggje til grunn inn i budsjettprosessen. Det vart gjennomført eit budsjettseminar kor kommunestyret og administrasjonen tok del 20. oktober. Her fekk me gode innspel og oppdateringar med omsyn til premiss inn i sluttarbeidet. Arbeidet gav mange gode erfaringar som me nyttar i forbetningsarbeidet vårt i 2023.

### *Anna*

På slutten av året overtok kommunen BKK-bygget på Frøland. Dette gav grunnlag for å styrke driftsavdelinga vår, samt å kunne etablere eit samla fagmiljø innanfor sektor for samfunnsutvikling. I tillegg fekk me frigjort plass på kommunehuset som gav oss løysingar der.

Kommunestyret vedtok *Eigarskapsmelding for Samnanger kommune*. Det er i korttekst eit styringsdokument som syner kva kommunen eig (inkl. *delvis* eigarskap), og korleis me skal forvalte denne eigarskapen vår. Dette er viktig for kommunestyret slik at dei kan sikre at me har ei berekraftig (miljø, sosial, økonomisk) tilnærming.

Rådmannen har hatt merksemd på næringsutvikling gjennom året. Det har vore ulike verksemdsbesøk, møte med Samnanger næringsforum, møter med næringsdrivande og deltaking i KS-nettverk *læring for næring*. Dette er ei oppfølging av kommunestyret sitt premissvedtak frå juni. I tillegg fekk me heilt på slutten av året tilsett næringsutviklar. Han tek til i stillinga i april 2023.

Det har i rådmannen si leiargruppe vore eit særleg merksemd på *omdøme*. Det er krevjande å byggje eit godt omdøme, og det tek tid. I tillegg spelar det inn kva ev. forhold som motverkar eit godt omdøme. Samnanger har somme utfordringar på området, og det er avgjerande for rådmannen å arbeide systematisk for å betre kommunen sitt omdøme. Det skjer gjennom medvitne ord og handlingar. Me skal møte alle på beste vis, vere ærlege, opne og inviterande. Me skal ville alle godt – og vise det i praktisk kvardag. Me skal søkje å forstå dei me har direkte kontakt med, samt dei som me har indirekte kontakt med. I dette arbeidet skal me både vere audmjuke, men også utøve klokskap.

Det har vore arbeidd med planlegging av kraftkabel som skal gå frå Børdalen og ut i Nordsjøen (NoaKrafla) for å elektrifisere delar av norsk sokkel. Søknad om konsesjon vart sendt Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Ut på hausten vidare sendte NVE si innstilling til Olje- og energidepartementet. Det er i skrivande stund ikkje fatta avgjersle i OED. Dersom det vert gjeve konsesjon kan prosjektet ha stor betydning for lokalt næringsliv over fleire år. Samstundes vil prosjektet også kunne ha sider ved seg som er mindre ynskjelege, jf. handsaming i kommunestyret 24. februar.

### *Koronapandemien*

Koronapandemien var i høg grad til stades dei første månadane av året. Rådmannen nytta kommunal kriseleiing (KKL) i arbeidet med å handtere og koordinere arbeidet. Pandemien hadde då vore blant oss sidan mars 2020, og mange hadde stått hardt på over 2 år. Tilsette var slitne og tappa. Likevel mobiliserte dei ein innsats som eg har djup respekt for. Kommunestyret valte å løyve kr. 300 000,- til påskjøningstiltak som skulle nyttast på alle tilsette.

Eit anna område som vart ytterlegare aktualisert etter pandemitida var korleis me framover skulle forholde oss til fenomenet heimekontor. Mange erfaringar vart hausta under pandemitida, samstundes kom nokre nye problemstillingar til. Administrasjonen utarbeidde på dette grunnlaget retningsliner for heimekontor for dei tilsette.

### *Busetting av flyktningar*

Kommunestyret vedtok i april å busetje 30 flyktningar i 2022. I løpet av sommaren vart dette talet auka med 5 til. Samla tal inkludert familiegjenforeningar vart at kommunen fekk ta i mot og stifte kjennskap med 40 nye innbyggjarar. Busetjingsarbeidet har utfordra det kommunale tenesteapparatet på fleire vis, men me har stor tru på at me har klart oppgåva med å ta i mot våre nye innbyggjarar på eit godt vis. Me gler oss over at me både får nye innbyggjarar til kommunen, men også at kvar og ein av våre nye medborgarar gjev oss grunnlag for nye kjennskap og erfaringar.

### *Økonomisk resultat 2022*

Samnanger kommune kom ut av 2021 med eit godt driftsresultat på 13 mnok. Dette var eit resultat av kommunen sine konsesjonskraftinntekter og straumprisane i marknaden. I tillegg har det vore gode konjunkturar i samfunnet deis ise åra. Året 2022 vidareførte denne utviklinga med eit driftsoverskot på kr. 23,7 mnok.

Dei to åra har på mange gjeve Samnanger kommune armslag til å kunne gjere ein del investeringar og tidsavgrensa prosjektsatsingar som kan utvikle kommunen. Det er viktig at desse midlane ikkje bind opp faste kostnader for åra som kjem. Konsesjonskraftinntekter er *variable* inntekter som me ikkje veit kor lenge eller i kva omfang me får nytte godt av. Før disponeringa av årsresultatet i rekneskapsaka, så er disposisjonsfondet på 42,5 mill.kr.

Den overordna vurderinga er at kommunen må ha ei effektiv drift grunna eit relativt svakt inntektsgrunnlag som vert dårlegare framover grunna pågåande demografiendringar. Dei variable konsesjonskraftinntektene må nyttast slik at kommunen i større grad kan bevege seg mot å verte ein vekstkommune.

### **Kommunen sine moglegheiter for 2022**

I årsmeldinga for 2021 vart det skissert moglegheitar for 2022. Under oppsummerer me kort korleis desse punkta vart ivaretekne gjennom året.

- Innføre nye kundevenlege system som gjev betre og meir digitale tenester.

Kommunen innførte Kommune-Kari på nettsida. Dette er ei chatrobot-teneste som skal gje brukarar støtte i å finne fram til svar og tenester. I tillegg vart det innført teneste på heimesida kor innbyggjarar kan melde om feil på veg, avløp, vatn m.m.

- Utnytte potensialet i nye og meir digitale arbeidsformer; til dømes meir digital møteverksemd.

Kommunen nyttar teamsmøter i langt større grad enn tidlegare. Dette gjeld både internt og eksternt. Dette fører til at reisetid vert redusert, hyppige og nødvendige møter i større grad kan gjennomførast – og me aukar samhandlinga vår.

- Bruke kompetanseutvikling og organisasjonslæring bevisst.

Me nytta 2022 til å førebu arbeid som vert vidareført inn i 2023. T.d. å setje i gong arbeid med strategisk kompetanseplan, ny struktur på leiarforum (alle leiarane i kommunen), internkursing med aktuelle tema for alle leiarane utført av interne kapasitetar. Organisasjonslæring handlar ofte om å dele idèar, erfaringar og refleksjonar. Dette skjer mellom anna i rådmannen si leiargruppa, og fører til auka organisatorisk læring.

- Rullere planverk for å arbeide meir samla og i same retning; t.d. kommunal planstrategi og samfunnsplan  
Kommunal planstrategi vart vedteken i juni. Denne syner kva øvrige planar kommunen skal arbeide med framover. Her finn ein mellom anna oppstart av kommuneplan (samfunnsdel og arealedel).
- Arbeide bevisst med klima og miljø gjennom å få på plass klimabudsjett

Dette kom på plass i budsjettsaka i desember.

- Investere bevisst i Samnanger- samfunnet for å skape vekst og ein meir effektiv kommune

Dette skjer gjennom aktiv planlegging, jf. punktet over. I tillegg er det skissert i premissak i juni og fram mot budsjettsak i desember korleis kommunen kan arbeide for vekst og utvikling. Det er i tillegg vedteke program for handlefridom kor rådmannen i perioden 2023 – 2026 skal gjennomgå sektorane med føremål om å skaffe meir handlingsrom for utvikling. Plan for bygging av fleirbrukshall har halde fram, og det er igongsatt prosjekt kor føremålet er å kartleggje korleis samningar 50 år + ynskjer å bu i framtida.

- Skape eit positivt engasjement rundt kommunen som gjev ringverknadar på alle område.

Rådmannen er oppteken av å leggje fram forslag i idèar som skal initiere utviklingsaktivitet. Dette er i tråd med dei signala kommunestyret har gjeve gjennom året. Det skal kunne resultere i ei oppleving av at Samnanger kommune er ei interessant kommune å busetje seg i, eller å etablere næring i. Me skal vere inviterande, transparente og oppriktig interessert i å ville innbyggjarane vèl.

Samnanger 31. mars 2023



Ove Sæbø  
rådmann



**Økonomi 2022**

**og**

**rekneskapsskjema**

**2022**

## FAKTA OM DRIFTSREKNESKAPEN

### Netto driftsresultat:

Kr 23 688 363 (overskot)

### Disposisjonsfond:

Kr 42 522 569

Mål i økonomiplanperioden:

- Saldo 30 mnok

### Netto resultat i % av brutto driftsinntekter:

7,6 %

(budsjettmål 2,5 %)

### Driftsinntekter:

312,89 mnok

### Driftsutgifter:

292,10 mnok

### Lånegjeld:

258,04 mnok

## Driftsrekneskapen 2022

Kommunen hadde i 2022 eit mindreforbruk på kr 23 688 363. Disposisjonsfondet var på kr 20 542 506 ved inngangen av året og pr. 31.12.2022 er det på kr 42 522 569. Det er ein auke på kr 21 980 063.

Årsresultat kan overordna delast i tre. To moment bidrog til det positive resultatet; høgare skatteinntekter og særskilte høge konsesjonskraftinntekter samanlikna med budsjett. Elles hadde einingane samla eit negativt budsjettavvik på om lag 7 mill. kr.

Etter at rekneskapen var avslutta, var det ikkje informasjon om moment med økonomisk verknad som skulle vore ført på 2022.

Samanlikna med revidert budsjett vart overskotet på 23,7 mill. kr. I tabellen under går det fram kva som er hovudmomenta som har gjeve dette positive resultatet.

Kommunane i Noreg har samla hatt ein stor oppgang i skatteinntektene i 2022; 12,3 % eller 29 mrd. kr opp, samanlikna med 2021. Dette var i kontrast til det som var prognosen for året som tilsa ein nedgang på 6 mrd. kr.

Kommunane hadde ein vekst på 12,7 %, medan Samnanger som kommune i 2021 hadde ein vekst på 4,8 %.

Samanlikna med landsgjennomsnittet er skatteinngangen, inkludert naturressursskatt, på 79 % (84 %) før inntektsutjamning og på 94,0 % (94,5 %) etter inntektsutjamninga (2021-tal i parentes.) Samnanger hadde med andre ord ei mykje svakare utvikling i skatteinngangen enn landsgjennomsnittet i 2022. Skatteinngangen på inntekt og formue er 5,0 mill. kr høgare enn opphavleg budsjett og 3,1 mill. kr høgare mot revidert budsjett. Auka inntektsutjamning har kompensert for lågare skatteinngong. Totalt fekk kommunen 9,3 mill. kr i inntektsutjamning; det var budsjetttert med 6,7 mill. kr. I 2021 enda skatteutjamninga på 9,3 mill. kr for Samnanger kommune sin del.

### Nøkkeltal i økonomiplanperioden

Kommunestyret har vedteke nøkkeltal for økonomiplanperioden:

- Disposisjonsfondet skal aukast til 30 mill. kr i løpet av økonomiplanperioden.
- Det skal budsjetterast med minimum 2,5 % i korrigert netto driftsresultat i perioden.
- Utover avsetjing til disposisjonsfondet skal det avsetjast eventuelle mindreforbruk til eit kommunalt innovasjon – og utviklingsfond.

Resultat 2022 gjev eit disposisjonsfond pr. 31.12.2022 på 42,5 mill. kr. Netto driftsresultat for 2022 enda på 7,6 %. Rådmann

## Årsmelding 2022 – Driftsrekneskapen


vil i framlegg til vedtak i rekneskapsaka leggje opp til at delar av budsjettoverskotet for 2022 vert avsett til det kommunale innovasjons- og utviklingsfondet.

Samnanger kommune har pr. 31.12.2022 med det ein rekneskap som er i tråd med dei vedtekte nøkkeltala. Det står meir informasjon under avsnitta lånegjeld og fond.

Under er tabell som syner utvalde hovudmoment i økonomien og budsjettavvik.

Budsjettområde/ Tal i 1000 kr	Rekn. 2022	Rev. budsj. 2022	Opph. budsj. 2022	Rekn. 2021	Budsj.avvik 2022/ mill. kr
Sektorane/ einingat, inkl. rådmann	220 468	213 317	194 152	192 656	-5,9
Skatt og ramme	-211 000	-200 492	-191 910	-193 848	10,5
Konsesjonskraft	-32 521	-11 800	-11 800	-11 750	20,7
Eigedomsskatt	-15 763	-15 714	-15 714	-15 333	0
Premieavvik og pensjonskostnad	-10 245	-15 337	-3 798	-10 166	-5,1
Renter og adrag, inkl. fordelte renter	10 280	12 857	12 857	11 878	2,6
Avskrivning	-2 558	-2 649	-2 649	-2 441	-0,1
Vatn og avløp, sjølvkost	1 280	18	18	566	-1,3
Netto avs. til disposisjonsfond	25 577	4 103	3 148	13 671	-21,5
				Sum budsj.avvik	0

### - Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntektene, mål minimum 2,5 %



Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i % av driftsinntektene på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal statsforvaltaren er oppteken av.

Samnanger har i 2022 eit netto driftsresultat på 7,6 % av brutto driftsinntekter.

Kommunen har bunde fond som er med å finansiere utgifter. Dette særskilt innan sjølvkost; sjølv om sjølvkostfonda har vorte redusert dei siste par åra. I tillegg vert det til dømes sett av til bunde fond dersom det vert gitt tilskot i løpet av året, men der utgifta først kjem året etter. Dersom me korrigerer for avsett og bruk av bunde fond vil me få eit meir rett bilete av rekneskapen. Korrigert netto driftsresultat i % av korrigert brutto driftsinntekter vert då litt svakare, og vert då 6,7 % for 2022. Dette var 0,84 % for 2019, 0,5 % i 2020 og 4,7 % i 2021. Det er i budsjettet til Samnanger kommune, i tråd med vedtekne nøkkeltal, vedteke eit mål for 2022 på minimum 2,5 %.

## Budsjettpremiss 2022

Kommunestyret sitt vedtak av budsjett 2022- 2025 er basert på ein del premissar. Premissaka for kommande budsjett- og økonomiplan vert årleg lagt fram i junimøte i kommunestyret. Vedtekne budsjettpremissar for 2022 er sett opp under. Det er påført vurdering av kvar premiss opp mot om det er vesentleg avvik frå det som vart vedteke.

- Fleirbrukshall/ idrettshall – skal utarbeidast prosjektplan etter val av plassering – Ikkje avvik. *Netto driftsresultat - minimum 1,75 % - Ikkje avvik.*
- *Budsjett for VA, kontrollutval, kyrkje og barnevernsutval: skal leggast fram som eigne politiske saker ved handsaming av budsjett og økonomiplan – Ikkje avvik.*
- *Resultat frå kommunebarometeret - presenterast som eiga sak – Ikkje avvik.*
- *Vurdering innkjøpsavtaler - innkjøpsavtaler og leggast fram eventuelle forslag til forbetrande tiltak – Avvik. Ikkje gjort enno, men skal gjerast i 2023.*
- *Flaggstang ved omsorgsbustader på Haga som vart fjerna vinteren 2021 skal setjast opp att – Ikkje avvik.*
- *Ny brannstasjon må prioriterast og arbeidet med planlegging må starta opp snarast – ikkje avvik.*
- *Samnanger kommunestyre ynskjer å få opp eiga sak om å redusera stengetid i SFO i ferieveker – Ikkje avvik.*
- *Det skal arbeidast aktivt med at heile, faste stillingar skal vera norma i kommunen – Ikkje avvik.*
- *Samnanger kommunestyre ynskjer å sjå på moglegheitene for etablering av eit kontorfellesskap for gründerar / felles heimekontor i økonomiplanperioden – Ikkje avvik.*

## Sektorar, einingar og ansvar

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap pr. ansvar summert pr. eining. Eit tal i pluss er eit mindreforbruk (overskot). Avvik er vist i kroner og prosent i forhold til revidert budsjett.

Sektor/ ansvar	Rekn2022	RBud 2022	OBud 2022	Rekn2021	Budavvik 2022
Rådmannen sitt kontor	2 043	1 641	1 458	3 683	-402
<b>Sum Rådmann</b>	<b>2 043</b>	<b>1 641</b>	<b>1 458</b>	<b>3 683</b>	<b>-402</b>
Økonomikontoret	3 057	2 923	2 583	2 637	-134
Løn og personal (HR)	4 611	4 844	7 916	4 319	233
Juridiske tenester	570	520	0	0	-50
Rådgjevar	1 582	1 740	2 014	1 865	158
Felles IKT	4 261	4 712	4 647	4 024	451
Politisk nivå og revisjon	2 474	2 553	2 308	3 265	78
Kontrollutval og revisjon	876	823	823	0	-53
Kulturkontor	5 009	4 893	4 693	4 671	-116
Bibliotek	804	856	785	792	52
Kulturskule	1 815	1 662	1 359	1 560	-153
Eining for innbyggarservice	99	199	190	277	100
Servicesenteret	3 648	3 840	3 515	2 955	192
<b>Sum Økonomi og organisasjon</b>	<b>28 806</b>	<b>29 564</b>	<b>30 833</b>	<b>26 366</b>	<b>758</b>
	7 802	7 730	7 145	7 471	-72

## Årsmelding 2022 – Driftsrekneskapen

Skule, barnehageadm. og VO					
Dråpeslottet barnehage	9 979	9 838	8 131	9 202	-141
Vassloppa barnehage	9 165	8 989	7 508	9 605	-176
Samnanger barneskule	23 841	22 948	21 384	21 108	-893
Samnanger ungdomsskule	12 644	12 486	11 930	11 480	-158
<b>Sum Oppvekst</b>	<b>63 431</b>	<b>61 991</b>	<b>56 098</b>	<b>58 865</b>	<b>-1 440</b>
Administrasjon	1 070	898	775	8	-172
Tenester for funksjonshemma	16 852	16 438	14 721	13 701	-414
Sjukeheim	28 474	26 174	22 166	22 304	-2 300
Heimeteneste	15 966	17 557	15 092	17 360	1 591
Helsestasjon	894	1 347	1 291	822	453
Jordmorteneste	134	143	133	144	9
Legeteneste	10 987	9 887	8 795	10 504	-1 100
Fysioterapi	1 238	1 608	1 528	1 087	370
Psykatri	0	0	0	0	0
Psykolog	1 184	1 214	1 081	1 084	30
Eining for livsmestring	253	256	224	0	3
Barnevern	9 827	7 530	7 273	5 978	-2 297
Sosialkontor	3 793	4 522	4 164	2 863	729
Flyktningkontor	2 960	2 935	0	544	-25
PPT	1 536	2 084	1 902	1 831	548
<b>Sum Helse og omsorg</b>	<b>95 167</b>	<b>92 592</b>	<b>79 146</b>	<b>78 230</b>	<b>-2 575</b>
Samfunn og utvikling, adm	650	651	600	0	1
Teknisk forvaltning	3 832	4 251	3 841	3 867	419
Eigedomsforvaltning	409	454	432	555	45
Beredskap	5 325	4 881	5 078	4 857	-443
Miljø og landbruk	342	612	573	1 051	270
VA sjølvkost	1 280	18	18	566	-1 262
Eigedom	8 852	7 761	7 936	6 338	-1 090
Veg, kai og parkering	4 492	2 835	2 739	2 312	-1 658
Reinhald	5 839	6 066	5 402	5 965	227
<b>Sum Samfunnsutvikling</b>	<b>31 020</b>	<b>27 529</b>	<b>26 619</b>	<b>25 512</b>	<b>-3 492</b>
Skatt og rammetilskot	-211 000	-200 492	-191 910	-193 848	10 508
Renter og avdrag	12 597	14 309	14 309	13 134	1 711
Interne finansieringstransaksjonar	25 577	4 103	3 148	13 671	-21 474
Avskrivning	-2 558	-2 649	-2 649	-2 441	-91
Fordelte renter	-2 318	-1 452	-1 452	-1 256	866
Premieavvik	-10 245	-15 337	-3 798	-10 166	-5 091
Konsesjonskraft og konsesjonsavgift	-32 521	-11 800	-11 800	-11 750	20 721
<b>Sum Felleskostnadar og fellesinntekter</b>	<b>-220 468</b>	<b>-213 317</b>	<b>-194 152</b>	<b>-192 656</b>	<b>7 150</b>
<b>Sum Samnanger kommune</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Totalt hadde dei fire sektorane og rådmannskontoret eit meirforbruk på 7,15 mill. kr i forhold til revidert budsjett. Dersom eit moment som er nemnt over, og som skulle vore sett av som skuldig, så ville resultatet for alle einingar vorte forverra med om lag 7,415 mill. kr. Då er næringsverksemd, inkludert konsesjonskraft haldt utanfor.

Nettoinntekt frå næringsverksemd/ konsesjonskraft var 20,72 mill. kr høgare enn revidert budsjett, og 8,75 mill. kr høgare enn opphavleg budsjett. Dette skuldast den store auken i kraftprisane.

## Korona-året 2022

Korona-pandemien har, som i 2021, hatt stor påverknad på rekneskapen for 2022. Rekneskapsmessig har ein del, men ikkje alt, av dei direkte meirkostnadane blitt dekkja av ekstra tilskot frå staten. Staten har gjeve kompensasjon for meirkostnadar til og med 1. halvår 2022. Det vart gjeve kr 3 338 000, i tillegg til eit vaksinasjonstilskot på kr 326 000. Det vart samla ført om lag 6,8 mill. kr i korona- og omikron-relaterte kostnadar. Det vil seia at 2,3 mill. kr av kostnadane ein hadde, ikkje vart dekkja av statlege inntekter.

Forutan det økonomiske prega korona-pandemien framleis kommunen i 2022, slik som i 2021. Pandemien har gitt auka utgifter for dei fleste einingane, men like viktig har det ført til meir arbeid. Mange tilsette har òg opplevd stor arbeidsbelastning i 2022 grunna pandemien. Dette gjeld særskilt første halvår av 2022, medan pandemien ebba ut gjennom 2. halvår. Pandemien har ikkje gjeve noko forverringa av kommunen sitt årsresultat. Meirarbeid for leiarar er ikkje registrert som ein kostnad i 2022.

## Ukraina

Kommunen gjorde vedtak om mottak av 35 ukrainske flyktningar i 2022. Status pr. 31.12.2022 var at kommunen hadde motteke dette talet flyktningar, og i tillegg nokre fleire grunna familiegjenforeining. Kostnadane som dei ulike sektorane i kommunen har hatt ved mottaket av flyktningane vart dekkja av det statlege integreringstilskotet. Vurderinga er at kommunen sine kostnadar vart dekkja gjennom det samla tilskotet i 2022 på kr 7 572 900.

## Oversikt utgifter og inntekter for einingane

Under ser ein eit oppsett med summar for alle einingar. Ein ser av tabellen at av det samla meirforbruket på 7,15 mill. kr, så ligg størstedelen av årsaka til dette på andre utgifter – eit negativt budsjettavvik mot revidert på 6,8 mill. kr. For lønsområdet er det negative avviket 2,0 mill. kr. For inntekter er det eit positivt budsjettavvik for einingane samla på 1,7 mill. kr. Oversikta under viser sum løn og refusjon, andre utgifter og inntekter for einingane samla. Tala er i heile tusen, konsesjonskraft er ikkje med. Eit tal i + er eit mindreforbruk og eit tal i – er eit meirforbruk eller mindre inntekt.

	Forbruk 2022	Rev bud 2022	Resultat pt	Budsjett
Løn og refusjon	176 648 555	174 624 420	- 2 024 135	157 437 259
Andre utgifter	90 564 169	83 740 103	- 6 824 066	80 632 666
Inntekter	- 46 744 903	- 45 047 323	1 697 580	- 43 917 489
<b>Sum</b>	<b>220 467 821</b>	<b>213 317 200</b>	<b>- 7 150 621</b>	<b>194 152 436</b>

Under er ein tabell som syner dei mest vesentlege avvik innunder på artskontonivå med negative budsjettavvik.

Konto		Forbruk 2022	Rev bud 2022	Bud avv 2022	Bud 2022
10100	Fastløn	76 446 104	73 010 761	-3 435 343	70 743 156
10200	Løn vikarar	6 811 421	4 034 020	-2 777 401	3 654 425
10400	Overtid	4 810 532	3 342 807	-1 467 725	1 345 016
17000	Refusjon frå staten	-6 738 814	-7 947 156	-1 208 343	-7 942 996
12708	Juridiske tenester	1 250 976	55 000	-1 195 976	55 000
11900	Husleige	2 274 127	1 405 700	-868 427	1 397 200
10204	Ulempetillegg vikar	1 467 080	608 831	-858 249	443 077
17500	Refusjon frå kommunar	-894 990	-1 729 300	-834 311	-1 729 300

## Årsmelding 2022 – Driftsrekneskapen

Konto		Forbruk 2022	Rev bud 2022	Bud avv 2022	Bud 2022
17100	Sjukelønsrefusjon	-6 268 137	-1 539 860	4 728 277	-1 501 500
12300	Vedlikehald, Bygg/Veg/VA	2 399 204	3 772 734	1 373 530	4 964 500
17006	Øyremerka tilskot	-6 000 318	-4 683 474	1 316 844	-3 984 000
10201	Løn fødselspermisjon	320 797	1 366 863	1 046 066	313 518
10102	Fastløn sjukepleiar	10 153 398	11 106 158	952 760	9 966 458

Ein ser at det på kontonivå er på lønsområdet at det er størst avvik mellom forbruket og revidert budsjett for 2022. For meir inngåande forklaring på avvik vert det vist til einingane sine årsmeldingar.

### Brutto driftsutgifter – Samnanger og samanlikning med andre

Tabellen under viser (kostra-tabell 12362) korleis Samnanger kommune har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanliknar 2022 med kostragruppe 4 (KG 4). I denne gruppa ligg kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, høge bundne kostnader og lave korrigererte inntekter. I tillegg har ein og hatt nytte av å samanlikne med kommunar kostragruppe 1; som er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, lave bundne kostnader og lave korrigererte inntekter.

«Pleie og omsorg» omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene.

Oversikta viser prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter.

	Samnanger					KG 1 2022	KG 4 2022
	2018	2019	2020	2021	2022		
Adm. og styring	8,7	8,8	9,1	9,1	8,2	7	7,8
Barnehage	11,2	11,3	11,2	12	10,5	10,6	8,8
Skule	19,9	19,4	19,1	18,3	17,6	19,5	17,2
Pleie og omsorg	33,8	32,9	34,4	34,7	35,1	36,4	38,4
Sosial	3,6	3	2,3	2,2	2,8	3,4	3
Barnevern	2,7	2,8	2,4	2,6	3,4	3,1	2,6
Kultur	2,7	3	2,8	2,9	3,1	2,9	3,1
Kyrkja	1,5	1,5	1,5	1,3	1,3	0,8	0,9
Næring	0,7	2	1,8	3,4	4,3	1,5	2,9
Samferdsle (veg)	2,1	1,7	1,7	1,5	2	1,7	1,9
Brann	2	2,1	2,1	2	1,9	1,5	1,6

Kommunane sine ulike prioriteringar kan vera som resultat av bevisste val av kva som skal prioriterast, men det kan òg vera som eit resultat av utfordringar eller effektivitet/mangel på effektivitet.

I 2020 vart Samnanger flytta frå kostragruppe 3 (KG 3) til kostragruppe 4 (KG 4). Begge gruppene er små kommunar (frå 2 000 til 9 999 innbyggjarar). KG 4 har høge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. KG 3 har låge bundne kostnader og høge korrigererte inntekter.

Me har ofte òg samanlikna kommunen med kostragruppe 1. Dette er fordi denne gruppa er små kommunar som har låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. Låge inntekter betyr at dei må prioritera godt mellom dei ulike tenesteområda og kan derfor vera ei betre samanlikningsgruppe enn kommunar som har høge inntekter. No er Samnanger flytta frå 15

gruppa med høge inntekter til gruppa med låge inntekter. I tillegg har kommunen høge bundne kostnader. Dette gjer at prioritering og bruk av tilgjengelege midlar må vurderast nøye. Det vil ikkje vera mogeleg å gjera alt kommunen ynskjer på alle område og det er viktig at midlane vert brukt så effektivt som mogeleg for å oppretthalda kvalitet.

Det er naturleg at KG 1 har høg prosentvis fordeling og prioritering på område som barnehage, skule og helse og omsorg. Dette er kjerneverksemda i ein kommune og med låge frie disponible inntekter vil dei i stor grad bli brukt på desse områda. Det som er verdt å merka seg er at Samnanger kommune bruker ein større del av driftsutgiftene på barnehage enn både i KG 4 og KG 1. Samanlikna med KG 4 har kommunen prioritert politisk styring og administrasjon, barnehage, skule, kyrkja og brann opp, medan for eksempel helse og omsorg er prioritert ned. Når det gjeld sosial har eininga vore med på eit prosjekt (år 2) som har gitt positive resultat. Utviklinga der mindre del av brutto utgifter går til sosial er både forventa og positivt.

Helse og omsorg har lågare del av brutto driftsutgifter enn i KG 4. Dette kan sjølvstykta bety at området er lågare prioritert enn for eksempel skule og barnehage, men når me veit at både sjukeheim og bufellesskap er nye bygg er det òg mykje som tyder på at dette har gitt meir effektiv drift.

Det er òg i 2022 brukt ekstra midlar på juridisk bistand knytt til barnevern.

Dersom me ser på korrigererte brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner (driftsutgifter ved eigenproduksjon inklusiv avskrivning), kan det Samnanger brukar samanliknast med det som er gjennomsnittet i KG 4 og KG 1 og kan gje ein indikasjon på potensiell innsparing. Både på skule og barnehage vert det indikert eit innsparingspotensiale, medan det for Helse og omsorg er eit forbruk som er lågare enn gjennomsnittet i kostragruppe 4 og høgare enn i kostragruppe 1.

### Korr bto driftsutgifter - samanlikning

	Samnanger	KG 4	KG 1	Avvik mot KG 4	Avvik mot KG 1
Barnehage	10 628	7 856	6 478	2 772	4 150
Skule	19 636	18 761	18 182	875	1 454
Helse og omsorg	34 312	40 243	31 643	-5 931	2 669

### Innbyggjartal

Tal innbyggjarar pr 31.12.2022 er 2 495. Dette er ein nedgang på 6 personar samanlikna med utgangen av 2021.

### Frie inntekter

Frie inntekter er inntekter som kommunane disponerer sjølv utan andre bindingar enn gjeldande lover og forskrifter. Inkludert her er skatt på inntekt og formue og rammetilskot. Eigedomsskatt er ikkje med.

Tabellen under viser utvikling i dei frie inntektene i kroner pr. innbyggjar dei siste 5 åra samanlikna med KG 1 og KG 3 t.o.m. 2019 og KG 4 i 2020, 2021 og 2022. Samnanger er frå 2020 plassert i KG 4, som i snitt i 2021 har kr 70 136 i inntekt pr. innbyggjar. Samnanger har i 2022 kr 74 191 pr. innbyggjar. Samanlikna med KG 4 har Samnanger kr 855 meir pr. innbyggjar i 2022.



	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Samnanger</b>	62 116	63 371	65 527	70 956	74 191
<b>KG 1</b>	56 733	61 876	60 403	64 828	67 213
<b>KG3 / KG 4</b>	64 240	69 082	65 744	70 136	73 336
<b>mot KG3/ KG 4</b>	-2 124	-5 711	-217	820	855


### Havbruksfondet

Kommunen har fått utbetaling frå Havbruksfondet frå og med 2017. Utbetalingane har variert mykje. Det skuldast at det er sal og auksjon annakvart år. Det er plan om å gjera inntekta litt meir forutsigbar for kommunane. Det vil framleis vera annakvart år med høgare inntekt, men med noko mindre variasjon enn det har vore fram til no. I 2022 fekk kommunen utbetalt 2,3 mill. kr. Det var opphaveleg budsjettert med 1,5 mill. kr som avsetjing til disposisjonsfond.

kr	2018	2019	2020	2021	2022
Havbruksfond	2 249 985	173 337	1 777 209	566 611	2 311 844

### Premieavvik og pensjonsfond

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed også rammevilkåra til kommunen. Premieavviket vert ført som pensjon, både som inntekt og utgift. Eit positivt premieavvik vert bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefond, vert årets premieavvik redusert med tilnærma same sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.



Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Premieinnbetalinga tek utgangspunkt i dagens situasjon med dagens medlemsbestand og dagens pensjonsgrunnlag. Den aktuarberekna netto pensjonskostnaden er ein rekneskapsstorleik som vert berekna ut frå økonomiske føresetnader om framtida (mellom anna lønsvekst og pensjonsregulering).

Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betala faktura med. I 2022 vart det brukt 9,6 mill. kr av fondet. Når me brukar av fondet påverkar det årets premieavvik. Det er ikkje premiefond i SPK (Statens pensjonskasse). For KLP

(Kommunal Landspensjonskasse) og SPK vart premieavviket positivt med 2,7 mill. kr inkl. arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eitt, har kommunen i 2022 ei «inntekt» på 10,3 mill. kr (6,1 mill. kr i 2020). Dette er lågare enn revidert budsjett på 15,3 mill. kr, og 6,4 mill. kr høgare enn i opphavleg budsjett. Pensjonskostnaden i 2022 vart ein del høgare enn prognosane som låg til grunn for budsjettet i 2021. Dette kjem særskilt av at lønsveksten vart ein del høgare enn det som låg til grunn i pensjonskostnaden.


Det vart gjort endring i reglane for avsetting av offentleg tenestepensjon som gjorde at det i 2021 vart frigjort om lag 13 mill. kr. Desse midlane vert brukt til å betala framtidig pensjonspremie frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse). Dette har resultat-effekt med 1/7-del frå og med 2022, og dette er fordi bruk av fond påverkar premieavviket.

### Finansplassering

Kommunen har pr 31.12.2022 kr 283 033 plassert i Pluss pengemarknadsfond. Verdien av fondet har auka med kr 4 457 i 2022, som er ein auke på 1,6 %.

Innskotsrenta i både SPV (Sparebanken Vest) og DNB ASA har auka med stadige rentehevingar. På særvilkårskontoen er renta 3,21 % pr. 31.12.2022. På driftskontoane var renta ved utgangen av året 1,25 % (SPV) / 1,0 (DNB).

### Lånegjeld og renter




Kommunen si lånegjeld har ikkje auka vesentleg dei siste åra frå og med 2019. Grafen viser utviklinga der lånegjelda har auka frå 152 mill. kr i 2013 til 258 mill. kr i 2022. Av lånegjelda på 258 mill. kr er 8,9 mill. kr startlån pr 31.12.2022 (9,5 mill. kr i 2021). Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr. 31.12.2022 var på 2,1 mill. kr (12,4 mill. kr i 2021). Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pr 31.12. ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og eventuelt avdrag på unytta midlar. Dei unytta lånemidlane er knytt til forseinking i prosjekt. Det er i 2022 tatt opp lån på til saman 13 mill. kr, som gjeld vatn, avløyp, bygg og veg.

Grafen under viser netto lånegjeld pr. innbyggjar. Det vert samanlikna med kostragruppe 4 (KG 4), der Samnanger frå og med 2020 er plassert og med kostragruppe 1 (KG 1). KG 4 er 39 små

kommunar med høge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. KG 1 er små kommunar med låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter.

I denne oppstillinga er det tatt omsyn til ubrukte lånemidlar og lån som er vidareformidla (startlån). Kommunen har investert mykje dei siste åra og netto lånegjeld per innbyggjar har auka frå kr 80 448 i 2018 til kr 99 114 i 2022.




Samnanger skifta frå gruppe KG 3 til KG 4 i 2020 og samanlikninga er då endra mot gruppe KG 4 i 2020, 2021 og 2022.

I ei slik oversikt, der den eine variabelen er tal innbyggjarar, vil for eksempel lånegjeld pr innbyggjar auka dersom tal innbyggjarar vert redusert og lånegjeld er uendra. Tal innbyggjarar var ved utgangen av 2022 på 2 495. Dette er reduksjon på 6 personar frå 2021 til 2022. Frå 2020 til 2021 vart folketalet redusert frå 2021 til 2020. Netto lånegjeld gjekk noko opp frå 2021 til 2022 med 2,9 mill. kr.

Samnanger kommune har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av renter og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek òg risiko ved tap. Det er sett av til tap på startlån som står på fond.

Kommunen tek òg opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera for eksempel drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte. For kommunen vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Den kalkulatoriske renta var på 3,54 % for 2022 (1,40 % i 2021), lånerenta var ved utgangen av 2022 mellom 1,38 % og 2,43 %. 55,5 % av lånegjelda har fast rente pr 31.12.22. Det vert òg driftskostnad dersom sjølvkostområda ikkje er sjølvfinansierande.

Grafen under viser renter og avdrag som er ført i driftsrekneskapen. Startlån og rente/avdrag i investering er ikkje med. Det grafen viser er at det er avdragsutgiftene som har auka mest. Renta på lån har dei siste åra vore låg, men gjennom 2022 har den auka ein del. Kommunen sine renteutgifter har auka med 1,5 mill. kr frå 2021 til 2022 til tross for at lånegjelda ikkje har auka mykje siste året.



Avdragsutgiftene har auka frå 4,9 mill. kr i 2014 til 9,6 mill. kr i 2022. I 2021 var avdragsutgiftene 9,2 mill. kr.

Kommunen har betalt 1 100 kr over kravet om minimumsavdrag. Kommunen betaler meir i avdrag enn det statsforvaltaren anbefaler om at avdragsutgifter på lån skal utgjera minimum 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2022 ligg Samnanger på 3,81 % (3,73 % i 2021), det vil seia 0,77 mill. kr over kravet (2021 var dette 0,58 mill. kr).

Kommunen sin stramme økonomiske situasjon er årsaka til at det tidlegare år vart vedteke å betala mindre i avdrag både i åra 2014 – 2016 og 2018 – 2021. I 2017 vart det betalt avdrag som planlagt.

55,5 % av låna er tatt opp med bunden rente. Lånegjeld knytt til sjølvkostområda og til startlån kan trekkast frå når me skal berekna storleiken på lånegjeld som er utsett for rentesvingingar. Korrigert for denne lånegjelda er det 103,78 mill. kr som er renteeksponert. Ei renteauke på 1 % vil gje auka rentekostnad på 1,04 mill. kr pr år.

Kommunen har to måtar å redusera risikoen på. Den eine er å binda renta på større del av lånemassen. Dette vil gje større forutsigbarheit, men den bundne renta vil over tid liggja over den løypande renta og vil medføre ein meirkostnad. Den andre måten er å ha ein buffer i form av eit disposisjonsfond som vert brukt til å betala renteauke med. Dersom disposisjonsfondet er stort og det er lite usikkerheit knytt til andre rekneskapspostar, er det mindre grunn til å binda større del av lånegjeld. Over tid er det svært sjeldan at det svarar seg å binda renta, men risikoen for og evne til å handtera ein eventuell renteauke vil ha stor betydning for kva kommunen bør velja. Finansreglementet seier at mellom 20 og 70 % av lånegjelda skal ha bunden rente.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon på fleire område. I 2022 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og til lån til soknerådet. Totalt har kommunen motteke kr 327 716.

## Inntekt frå kraftproduksjon

### Konsesjonskraft



For 2020 inngjekk Samnanger kommune ei prissikringsavtale med garantert minstepris med Kinect Energy Spot as om sal av konsesjonskraft. Prisane i 2020 var særst dårlege og utan prissikringsavtala ville kommunen hatt svært låg inntekt i 2020. I 2021 har kommunen hatt særst god nettoinntekt frå konsesjonskraft. Til saman enda inntekta på kr 11 750 152, medan opphoveleg budsjett berre var på 3 mill. kr. Denne auken bidrog sterkt til betra økonomiske resultatet til kommunen i 2021. I 2022 var prisane på eit nytt høgt historisk nivå, og bidrog til ei nettoinntekt på 32,5 mill. kr; 20,7 mill. kr over budsjettet nivå.

### Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven § 18-2. Han vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og han vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen. Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK (Landssamanslutninga av vasskraftkommunar) arbeider for å få satsen indeksjustert. Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinngang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. Denne samordninga fører til at naturressursskatten vert fordelt på alle kommunane i landet inklusive eigarkommunane. I 2022 fekk kommunen 4,55 mill. kr i naturressursskatt.

### Konsesjonsavgift

I ein kvar konsesjon for erverv av fallrettigheitar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld konsesjonsavgift. Konsesjonsavgift er delvis meint å gje kommunane ein del av verdien som vert skapt ved utbygging og/eller regulering, og delvis meint å vera ein kompensasjon for dei skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje vert erstatta på annan måte. Konsesjonsavgiftene kan på mange måtar samanliknast med miljøavgifter på andre samfunnsområde. Miljøulempene ved vasskraftutbygging er av lokal karakter og konsesjonsavgift vert betalt til kommunane som har miljøulempene.

Konsesjonsavgifta er basert på ei berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet, som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og vert indeksregulert kvart 5. år. I 2022 fekk Samnanger kommune kr 1 107 123, som er sett av på

næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av statsforvaltaren. Vedtektene må òg vera i samsvar med reglane om offentleg støtte jf. EØS-avtala. Konesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gjeve etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og produksjonsrelatert nettanlegg:  
(tal i heile tusen):

Inntektskjelde	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Konesjonskraft	2 375	3 228	5 512	5 575	5 418	11 750	32 521
Konesjonsavgift	979	979	979	1 107	1 107	1 107	1 107
Naturressursskatt*	4 382	4 426	5 429	5 490	4 396	4 396	4 545
E-skatt knytt til k-prod. og prod. Nettanl.	5 726	4 028	3 216	3 264	4 223	5 537	5 396
<b>Sum inntekter</b>	<b>13 463</b>	<b>12 661</b>	<b>15 136</b>	<b>15 436</b>	<b>15 145</b>	<b>22 790</b>	<b>43 569</b>

\*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane \*\* til og med 2018.

## Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det skrive ut eigedomsskatt på alle eigedomar i 2022. Den generelle satsen er på 7 promille og sats som gjeld bustadhus, fritidsbygg med meir er på 2,8 promille. Botnfrådrag pr bustadeining er på kr 30 000.

Kommunen fekk i 2022 inn 15,7 mill. kr (14,9 mill. kr) i eigedomsskatt, av dette kjem 10,3 mill. kr (10,0 mill. kr) frå kraftanlegg og næring og 5,4 mill. kr (5,4 mill. kr) frå eigedomsskatt på hus og hytter (2021- tal i parentes).

Eigedomsskatt er ei frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, det vil seia at inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar med meir vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldsarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har vorte kraftig redusert og vil halda seg lågt i fleire år framover.




I tillegg til at grunnlaget er vorte redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Dette snudde i 2018 og prisen var òg høg i 2019. Prisen i 2020 var unormalt låg. Gjennom 2021 og 2022 har prisane vore på ein stigande trend og særst gode. Dette ga kommunen ei inntekt på dette området som var langt over det ein hadde lagt til grunn i opphaveleg til grunn.

Prisane påverkar verdien av anlegget fordi det er dei siste 5 års rullerande spotmarknadsprisar som vert lagt til grunn. I 2017 fekk kommunen òg melding om at NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) hadde avdekket feil i fordelingsnøkklane for BKK produksjon as sine produksjonsanlegg i Samnanger. Dette er no korrigert, og Samnanger sitt inntektsgrunnlag på dette området er redusert.

Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sin kraftproduksjon i Samnanger halvert frå 2014 til 2022. Grunnlaget var då på 1 215 mill. kr, og no i 2022 er det lågare 863,1 mill. kr. Dette gjev ein reduksjon i eigedomsskattegrunnlaget på 351,9 mill. kr frå 2014.

Kommunen får òg inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi. For 2022 var summen kr 20 862 (kr 21 515 i 2021).



Grafen viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen inkludert produksjonsrelatert nettanlegg som vart taksert i 2016, men som frå 2019 inngår i verdien på kraftanlegga.

LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkomunar) arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket har vorte indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomsskattelova gjev eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er òg på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

LVK arbeidar òg med å få redusert kapitaliseringsrenta til bruk ved fastsetting av eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk. Renta har stått uendra til tross for det kraftige fallet i rentemarknaden dei siste åra og til tross for at andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Høg kapitaliseringsrente gjer at eigedomsskattegrunnlaget på kraftverk vert redusert og kommunen får lågare inntekter. Den påverkar ikkje kva skatt kraftverket betalar totalt sett, men høg rente gjer at kommunane får mindre del av skatteinntekta og staten får meir.

Samnanger hadde i 2022 ein skatteinngang som vart langt lågare enn landsgjennomsnittet; 79 % (84 %) og 94 % (94,5 %) etter inntektsutjamning (2021-tal i parentes). Inntekter frå eigedomsskatten er difor heilt avgjerande for å kunne gje gode tenester. Det har tidlegare kome politiske signal frå sentralt hald om å endra den lokale skatteretten. Mellom anna skal det ikkje lenger betalast eigedomsskatt på for eksempel sendaranlegg, breiband og produksjonsrelatert utstyr og liknande (eigedomsskatt frå særskilt grunnlag). Denne skatten skal trappast ned frå og med 2019 i ein periode på 7 år, og inntektstapet for kommunen er 0,1 mill. kr årleg.

### Fond

#### Disposisjonsfond


#### Kommunestyret har vedteke nøkkeltal for økonomiplanperioden:

- Disposisjonsfondet skal aukast til 30 mill. kr i løpet av økonomiplanperioden.
- Det skal budsjetterast med minimum 2,5 % i korrigert netto driftsresultat i perioden.
- Utover avsetjing til disposisjonsfondet skal det avsetjast eventuelle mindreforbruk til eit kommunalt innovasjon – og utviklingsfond.

Resultat 2022 gjev eit disposisjonsfond pr. 31.12.2022 på 42,5 mill. kr. Netto driftsresultat for 2022 enda på 7,6 %. Rådmannen vil i framlegg til vedtak i rekneskapsaka leggje opp til at delar av budsjettoverskotet for 2022 vert avsett til det kommunale innovasjons- og utviklingsfondet.

Samnanger kommune har pr. 31.12.2022 med det ein rekneskap som er i tråd med dei vedtekne nøkkeltala. Det står meir informasjon under avsnitta lånegjeld og fond.

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter og/ eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. For meir detaljert informasjon, sjå note nr 7 i rekneskapen.



Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter er på 14,4 %. I KG 4 (kostragruppe 4) er det i 2021 på 12,4 % og i KG 1 (kostragruppe 1) er det i 2021 på 12,0 %. Disposisjonsfondet i Samnanger må vera på om lag 36,6 mill. kr for å vere på same nivået som i KG 4 og 35,4 mill. kr for å vera på same nivå som i KG 1.

Når kommunen har overskot så vert dette avsett til disposisjonsfondet. Nokre år har forklaringa på delar av overskotet vore eit positivt premieavvik. Det vert eit positivt premieavvik (inntekt) dersom premieinnbetaling er større enn årets aktuarberekna netto pensjonskostnad. Dette er eit rekneskapsmessig begrep og det knyter seg ingen innbetaling eller utbetaling til premieavviket. Potensielt kan dette på sikt skapa eit likviditetsmessig problem når delar av disposisjonsfondet er netto premieavvik.

### Næringsfond

Av næringsfondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemder og verksemder under etablering. Tilskot som ikkje vert nytta i løpet av 2 år eller av andre grunnar står unytta går tilbake til fondet.

Kommunen brukar òg fondet aktivt til å finansiera eigne tiltak knytt til næringsverksemd. Eksempel på bruk er arbeid/kartlegging av Fossen bratte, arbeid med samfunnsplan og reguleringsplan. Marknadsføring og kontingent/medlemsavgift i næringsretta organisasjonar vert òg ført her. 40 % stilling som vert brukt mot næringslivet har vore finansiert med fondet.

Kommunen får utbetalt konsesjonsavgift kvart år, som vert sett av til næringsfondet. I 2022 vart det utbetalt kr 1 107 123 (same sum i fjor).



## Årsmelding 2022 – Driftsrekneskapen

Under er oversikt over utbetalinger til tiltak frå fondet i 2022;

Bruk av næringsfondet	2022	Vedtak
Masseoverskotsplan	200 000	KS 126/2022
Rolvsvåg industriområde	100 000	KS 126/2024
Stilling, næring	915 347	KS 126/2025
Renter lån Rolvsvåg	50 000	KS 126/2026
<b>Sum utbetalt frå fondet til tiltak</b>	<b>1 265 347</b>	

Saldo for næringsfondet var pr. 31.12.2022 på kr 2 126 284,38. Ved inngangen til året var saldo pr. 31.12.2021 på kr 1 841 232, og med det ein auke på 285 052,20.

### Investeringsfond

Under er oversikt over ubunde investeringsfond i 2022.

Ubunde investeringsfond, IB pr 01.01.22 konto 253.080.002		Kr 4 105 727
<b>Tilgang:</b>		
KS 72/22	Sal gbnr. 2/67	-124 563
KS 126/21	Dagsturhytte, tilskot nto	-352 238
<b>art 5400</b>	<b>Sum avsett fond</b>	<b>- 476 801</b>
<b>Avgang:</b>		
	KLP Eigenkapitaltilskot 2022	525 279
KS 126/21	IKTNH	118 802
KS 126/21	Kyrkja	390 000
KS 126/21	Dagsturhytte	56 754
KS 126/21	Universell utforming	200 000
KS 126/21	Nytt nøkkelsystem, kommunehus	300 000
KS 126/21	Led-lys	200 000
<b>art 9400</b>	<b>Sum bruk av fond</b>	<b>1 790 835</b>
<b>Saldo pr 31.12.2022 konto 256.080.002</b>		<b>Kr 2 791 693</b>

Samla er det 2,8 mill. kr på ubundne investeringsfond pr. 2022. Pr. 31.12.2021 var saldo 4,1 mill. kr.

## Bunde Investeringsfond


Under er oversikt over bevegelser og saldo bundne investeringsfond i 2022.

Bundne investeringsfond, IB pr 01.01.22					3 528 534
<b>Konto</b>					
255.080.003	Sansehage, oppstart 2021	Ks 104/20 Bruk av arv	2022	378 622	
255.080.003	Nye golv, oppstart 2021.	Ks 104/20 Bruk av arv	2022	46 078	
255.080.003	Utestove -prosjekt 2100-2	Ks 104/20 Bruk av arv	2022	276 000	
255.080.003	Utedesign, korr. momskom.	Ks 104/20 Bruk av arv	2022	-36 000	
					<b>664 699</b>
255.080.003	fond Samnangerheimen				-748 067
255.080.500	Fond tilskot idrettshall				-1 664 639
255.080.620	Fond nyanlegg vassverk				-151 129
255.080.621	Fond vatn/ avløp Hagamulen				-300 000
<b>Saldo pr 31.12.2022 bundne investeringsfond</b>					<b>2 863 835</b>

Samla er det 2,9 mill. kr på bundne investeringsfond pr. 2022. Pr. 31.12.2021 var saldo 3,5 mill. kr.

## Oversikt fondskapital

Under er figur som viser fondskapitalen til kommunen for 2022 og utvikling siste 15 år, i mill. kr.



Kommunen sin fondskapital ved utgangen av 2022 er på 56,5 mill. kr. Dette er ein auke på 18,7 mill. kr samanlikna med utgangen av 2021. Mottekne øyremerka tilskot er avsett til bunde fond når tiltaket ikkje er ferdig eller utsett. Unyttar midlar i 2022 er sett av til fond. For meir detaljert informasjon sjå andre oversikter og balansen.

## Investeringar

Oversikta under viser at det i 2022 vart gjennomført mange små og større investeringsprosjekt. Investeringsprosjekta går ofte over fleire år, og det er difor sett opp både 2021 og 2022. Fleire prosjekt står som ikkje ferdigstilt i 2022, og vil halda fram i 2023.

Det er fleire investeringsprosjekt som ikkje vart ferdigstilt i 2021 og som vil fortsetja i 2022; mellom anna utbetring Hagabakkane og Reservevassløyising.

Totalt er det brukt 26,3 mill. kr i 2022. Det vart med andre ord investert særskilt mykje meir i 2022 enn året før. I 2021 vart det brukt 13,2 mill. kr. Verknadane av pandemien vart med andre ord ikkje til stades på same måte som året før; då ein opplevde problem med levering av innsatsfaktorar. Revidert budsjett er justert noko ned i samsvar med den informasjonen som var tilgjengeleg pr. november 2022. Opphavelig budsjett var samla på 28,8 mill. kr (25,9 mill. kr eks. mva-kompensasjon), medan revidert budsjett enda på 23,4 mill. kr (20,4 mill. kr eks. mva kompensasjon).

Prosjektnamn	/ kr	Sum 2021	Sum 2022	Sum 2021 og 2022	Ferdigstilt
IKTNH Felles		118 302	118 802	237 104	Ja
Skule, inventar, PC og digitale tavler		1 297 273	270 300	1 567 573	Ja
Bruk av arv på Samnangerheimen		201 933	473 277	675 210	Nei
Bruk av arv- skifte gulv mm		544 163	57 597	601 760	Ja
Samnangerheimen - Kjøling og varme		369 932		369 932	Ja
Bruk av arv utestue / glass			300 000	300 000	Nei
Gjerdsvegen - trafikkisikring og VA			1 054 451	1 054 451	Nei
Felles innkøyring helsetunet			520 129	520 129	Nei
VA infrastruktur			344 141	344 141	Nei
Vassleidning Ådland			992 720	992 720	Ja
Brannhydranter			243 283	243 283	Nei
Hagabakkane: vannkum mm			180 102	180 102	Ja
Ventilhus Nordbygda			438 880	438 880	Ja
VA på Rødne, Hovudvassverk			98 918	98 918	Nei
Reservevassforsyning			17 500	17 500	Nei
Ytre Tysse VA			2 896 994	2 896 994	Ja
VA infrastruktur			79 241	79 241	Nei
VA på Rødne, Avløp			98 918	98 918	Nei

## Årsmelding 2022 – Investeringar

Ytre Tysse VA	4 450 479	3 109 972	7 560 451	Ja
VA Eikedalen	149 545		149 545	Nei
Vass Nordbygda	1 050 976		1 050 976	Ja
Kommunehus - nytt nøkkelsys. mm		448 671	448 671	Ja
Kommunehus - ombygging og vent.		131 600	131 600	Nei
Kommunehus - ombygging og vent.		54 241	54 241	Nei
Kommunehus - heis og rampe	443 458		443 458	Ja
Kommunehus - kjeller	20 047		20 047	Nei
Felles prosjekt investering	710 919	232 097	943 016	Nei
Barneskulen		1 515 896	1 515 896	Ja
Ungdomsskulen - nytt vent.anlegg	511 586		511 586	Ja
Ungdomsskulen - tak		409 050	409 050	Ja
Felles prosjekt investering		375 614	375 614	Ja
Samnangerheimen 95-bygget		217 500	217 500	Ja
Sjukaheimen - varmpumpe		780 147	780 147	Nei
Helsetun - varmpumpe	301 100		301 100	Ja
Eviny-bygget på Frøland		216 293	216 293	Nei
Brannvarsling Skjervo, Hamnahaugen		280 636	280 636	ja
Reistadliane	415 170	317 451	732 621	Nei
Felles - sal av eigedom		- 124 563	- 124 563	Nei
Ny brannstasjon		72 321	72 321	Nei
Planl. fleirbrukshall/ idrettshall	228 521	1 291 835	1 520 356	Nei
Carport Samnangerheimen		1 233 853	1 233 853	ja
Ladestasjon Skottabakken		641 214	641 214	ja
Felles innkøyring helsetunet		1 422 755	1 422 755	Nei
Veglys	258 721	256 072	514 793	ja
Gamlehusvegen - renovering		178 914	178 914	ja
Hagabakkane - utv. av veg TS tiltak		732 057	732 057	Nei
Jarland bru		1 162 885	1 162 885	ja

## Årsmelding 2022 – Investeringar

Raunekleivvegen		326 459	326 459	Nei
Steinslandsvegen, mur mm		488 201	488 201	ja
Veg Nyutøtræ		451 038	451 038	ja
Gjerdsvegen - trafikkisikring og VA		772 569	772 569	Nei
Fjellsikring ved Haga kyrkje		293 535	293 535	ja
Turveg til Hagabotnane	268 071	9 713	277 784	Nei
Kommunale vegar - utbetring	574 929		574 929	Nei
Parkering med ladestasjon	541 949		541 949	Ja
Badevik Bjørkheim	469 490		469 490	Ja
Lønnebakken bustadområde	23 750		23 750	Ja
Badevik Bjørkheim	270 756		270 756	Ja
Landgang Bjørkheim		125 650	125 650	Ja
Dagsturhytta		165 645	165 645	Ja
Felles prosjekt investering		390 000	390 000	Nei
Bibliotek		153 968	153 968	Ja
Totalt	13 221 070	26 318 541		

I tillegg til investeringstiltaka som er med i oversikta her, er det i investeringsrekneskapen òg ført postar knytt til for eksempel tilskot til soknerådet, KLP (Kommunal Landspensjonskasse) eigenkapitalfond, utgifter startlån, justeringsrett bibliotek, kjøp av aksjar, forskottering og tippemidlar. Sjå rekneskapsnote 11 og 12.

Dei aller fleste tiltaka ligg under samfunnsutvikling sitt ansvarsområde og det vert vist til sektoren si årsmelding for meir informasjon om prosjekta. Det vert laga byggjerekneskap på alle større investeringsprosjekt.



# Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2022

13.03.2023

	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>744.324.939,02</b>	<b>707.880.545,75</b>
I. Varige driftsmidler	432.783.602,86	422.579.897,48
1. Faste eiendommer og anlegg	417.045.310,59	406.587.337,25
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	15.738.292,27	15.992.560,23
II. Finansielle anleggsmidler	20.331.557,16	14.261.972,27
1. Aksjer og andeler	10.420.888,00	8.851.910,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	9.910.669,16	5.410.062,27
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	291.209.779,00	271.038.676,00
<b>B. Omløpsmidler</b>	<b>106.338.197,47</b>	<b>96.117.290,44</b>
I. Bankinnskudd og kontanter	62.443.962,83	61.957.660,59
II. Finansielle omløpsmidler	283.033,40	278.576,42
1. Aksjer og andeler	283.033,40	278.576,42
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	43.611.201,24	33.881.053,43
1. Kundefordringer	28.953.120,31	17.292.511,75
2. Andre kortsiktige fordringer	1.389.761,93	2.511.216,68
3. Premieavvik	13.268.319,00	14.077.325,00
<b>Sum eiendeler</b>	<b>850.663.136,49</b>	<b>803.997.836,19</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>C. Egenkapital</b>	<b>241.499.310,79</b>	<b>225.581.291,18</b>
I. Egenkapital drift	51.413.734,52	30.202.791,98
1. Disposisjonsfond	43.682.153,94	20.542.506,12
2. Bundne driftsfond	7.731.580,58	9.660.285,86
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	5.655.527,76	7.634.260,86
1. Ubundet investeringsfond	2.791.693,06	4.105.727,06
2. Bundne investeringsfond	2.863.834,70	3.528.533,80
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	184.430.048,51	187.744.238,34
1. Kapitalkonto	186.220.950,54	189.535.140,37
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-1.790.902,03	-1.790.902,03
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
<b>D. Langsiktig gjeld</b>	<b>560.229.644,00</b>	<b>530.786.925,11</b>
I. Lån	258.024.032,00	255.162.975,11
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	258.024.032,00	255.162.975,11
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	302.205.612,00	275.623.950,00
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>	<b>48.934.181,70</b>	<b>47.629.619,90</b>
I. Kortsiktig gjeld	48.934.181,70	47.629.619,90
1. Leverandørgjeld	12.702.278,07	13.799.881,69
2. Likviditetlån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	36.137.772,63	33.561.091,21
5. Premieavvik	94.131,00	268.647,00



## Oversikt - balanse

1 Samnanger kommune - 2022

13.03.2023

	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>850.663.136,49</b>	<b>803.997.836,19</b>
<b>F. Memoriakonti</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
I. Ubrukte lånemidler	823.939,00	5.860.591,00
II. Andre memoriakonti	4.854.630,32	8.864.432,80
III. Motkonto for memoriakontiene	-5.678.569,32	-14.725.023,80



	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)</b>				
1 Rammetilskudd	104.705.003,00	101.595.000,00	98.331.000,00	100.724.391,00
2 Inntekts- og formueskatt	75.856.012,69	71.813.000,00	70.513.000,00	72.118.826,06
3 Eiendomsskatt	15.762.696,18	15.713.570,00	15.713.570,00	15.332.564,79
4 Andre generelle driftsinntekter	15.990.399,00	12.565.186,00	8.548.056,00	6.864.521,25
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>212.314.110,87</b>	<b>201.686.756,00</b>	<b>193.105.626,00</b>	<b>195.040.303,10</b>
<b>6 Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>175.957.815,34</b>	<b>185.527.444,00</b>	<b>177.477.280,00</b>	<b>168.832.483,52</b>
7 Avskrivninger	15.570.867,76	15.617.861,00	15.359.461,00	15.151.251,00
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>191.528.683,10</b>	<b>201.145.305,00</b>	<b>192.836.741,00</b>	<b>183.983.734,52</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>20.785.427,77</b>	<b>541.451,00</b>	<b>268.885,00</b>	<b>11.056.568,58</b>
10 Renteinntekter	1.065.754,62	310.000,00	310.000,00	200.376,02
11 Utbytter	1.594.831,00	220.000,00	220.000,00	4.000,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	4.456,98	0,00	0,00	1.901,33
13 Renteutgifter	5.727.935,91	5.453.000,00	5.453.000,00	4.160.831,54
14 Avdrag på lån	9.605.039,00	9.467.584,00	9.467.584,00	9.256.550,40
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>-12.667.932,31</b>	<b>-14.390.584,00</b>	<b>-14.390.584,00</b>	<b>-13.211.104,59</b>
16 Motpost avskrivninger	15.570.867,76	15.617.861,00	15.359.461,00	15.151.251,00
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>23.688.363,22</b>	<b>1.768.728,00</b>	<b>1.237.762,00</b>	<b>12.996.714,99</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>				
18 Overføring til investering	2.477.420,68	1.408.066,00	0,00	818.309,00
19 Avsetninger til bundne driftsfond	1.830.851,45	1.619.467,00	1.619.467,00	3.566.086,37
20 Bruk av bundne driftsfond	-3.759.556,73	-3.243.667,00	-2.819.667,00	-3.281.599,20
21 Avsetninger til disposisjonsfond	23.199.357,82	2.647.962,00	2.647.962,00	12.970.665,82
22 Bruk av disposisjonsfond	-59.710,00	-663.100,00	-210.000,00	-1.076.747,00
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>23.688.363,22</b>	<b>1.768.728,00</b>	<b>1.237.762,00</b>	<b>12.996.714,99</b>
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00





	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)</b>				
1 Investeringer i varige driftsmidler	25.863.136,14	26.804.603,00	30.100.250,00	13.236.076,61
2 Tilskudd til andres investeringer	543.968,00	583.968,00	583.968,00	443.968,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1.594.694,00	530.000,00	530.000,00	1.194.589,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	10.486.000,00
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>28.001.798,14</b>	<b>27.918.571,00</b>	<b>31.214.218,00</b>	<b>25.360.633,61</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	3.013.869,15	3.013.871,00	2.750.218,00	1.517.861,90
8 Tilskudd fra andre	2.128.000,00	1.743.246,00	43.246,00	9.585.000,00
9 Salg av varige driftsmidler	124.563,00	124.600,00	0,00	970.607,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lån	18.279.212,21	19.308.400,00	26.250.000,00	9.220.563,25
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>23.545.644,36</b>	<b>24.190.117,00</b>	<b>29.043.464,00</b>	<b>21.294.032,15</b>
15 Videreutlån	5.036.652,00	0,00	0,00	1.660.000,00
16 Bruk av lån til videreutlån	5.036.652,00	0,00	0,00	1.660.000,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	533.904,11	263.000,00	263.000,00	320.871,66
18 Mottatte avdrag på videreutlån	533.904,11	263.000,00	263.000,00	319.946,91
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>924,75</b>
20 Overføring fra drift	-2.477.420,68	-1.682.300,00	0,00	-818.309,00
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	808.264,00
22 Bruk av bundne investeringsfond	-664.699,10	-375.000,00	-375.000,00	-2.765.983,33
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	476.801,00	124.600,00	0,00	718.143,00
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-1.790.835,00	-1.795.754,00	-1.795.754,00	-2.009.640,88
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>-4.456.153,78</b>	<b>-3.728.454,00</b>	<b>-2.170.754,00</b>	<b>-4.067.526,21</b>
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0,00	0,00	0,00	0,00



# Økonomisk oversikt - drift

1 Samnanger kommune - 2022

13.03.2023

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
1 Rammetilskudd	104.705.003,00	101.595.000,00	98.331.000,00	100.724.391,00
2 Inntekts- og formuesskatt	75.856.012,69	71.813.000,00	70.513.000,00	72.118.826,06
3 Eiendomsskatt	15.762.696,18	15.713.570,00	15.713.570,00	15.332.564,79
4 Andre skatteinntekter	5.652.939,00	6.597.123,00	6.597.123,00	5.726.254,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	10.337.460,00	5.968.063,00	1.950.933,00	1.138.267,25
6 Overføringer og tilskudd fra andre	31.531.044,97	25.188.756,00	20.480.636,00	32.166.774,84
7 Brukerbetalinger	9.060.818,64	8.717.481,00	8.717.481,00	8.353.787,93
8 Salgs- og leieinntekter	59.979.092,66	31.865.004,00	31.865.004,00	34.764.766,26
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>312.885.067,14</b>	<b>267.457.997,00</b>	<b>254.168.747,00</b>	<b>270.325.632,13</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
10 Lønnsutgifter	140.362.628,59	132.909.908,00	127.954.817,00	129.776.424,22
11 Sosiale utgifter	34.412.007,38	29.430.421,00	28.687.991,00	31.905.059,50
12 Kjøp av varer og tjenester	73.835.604,18	69.284.960,00	68.154.326,00	63.397.840,24
13 Overføringer og tilskudd til andre	27.918.531,46	19.673.396,00	13.743.267,00	19.038.488,59
14 Avskrivninger	15.570.867,76	15.617.861,00	15.359.461,00	15.151.251,00
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>292.099.639,37</b>	<b>266.916.546,00</b>	<b>253.899.862,00</b>	<b>259.269.063,55</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>20.785.427,77</b>	<b>541.451,00</b>	<b>268.885,00</b>	<b>11.056.568,58</b>
<b>Finansinntekter</b>				
17 Renteinntekter	1.065.754,62	310.000,00	310.000,00	200.376,02
18 Utbytter	1.594.831,00	220.000,00	220.000,00	4.000,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	4.456,98	0,00	0,00	1.901,33
20 Renteutgifter	5.727.935,91	5.453.000,00	5.453.000,00	4.160.831,54
21 Avdrag på lån	9.605.039,00	9.467.584,00	9.467.584,00	9.256.550,40
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>-12.667.932,31</b>	<b>-14.390.584,00</b>	<b>-14.390.584,00</b>	<b>-13.211.104,59</b>
23 Motpost avskrivninger	15.570.867,76	15.617.861,00	15.359.461,00	15.151.251,00
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>23.688.363,22</b>	<b>1.768.728,00</b>	<b>1.237.762,00</b>	<b>12.996.714,99</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>				
25 Overføring til investering	2.477.420,68	1.408.066,00	0,00	818.309,00
26 Avsetninger til bundne driftsfond	1.830.851,45	1.619.467,00	1.619.467,00	3.566.086,37
27 Bruk av bundne driftsfond	-3.759.556,73	-3.243.667,00	-2.819.667,00	-3.281.599,20
28 Avsetninger til disposisjonsfond	23.199.357,82	2.647.962,00	2.647.962,00	12.970.665,82
29 Bruk av disposisjonsfond	-59.710,00	-663.100,00	-210.000,00	-1.076.747,00
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:</b>	<b>23.688.363,22</b>	<b>1.768.728,00</b>	<b>1.237.762,00</b>	<b>12.996.714,99</b>
32 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00

Avstemming mellom bevilgningsoversikt og netto einingar 2022					
		Rekneskap 2022	Rev.budsjett 2022	Opphavleg budsjett 2022	Rekneskap 2021
Sum netto einingar		220 468	213 317	194 152	192 656
Sum bevilgninger drift, netto		175 958	185 527	177 477	168 832
		44 510	27 790	16 675	23 823
Avstemming mot sum bevilgninger netto		44 510	27 790	16 675	23 823
<b>1 A posteringer bokført på einingane:</b>					
Bruk av ubunde fond	194*	-60	-210	-210	-1 077
Bruk av bunde fond	195*	-3 710	-3 194	-2 770	-3 232
Avsett til ubunde fond	154*	100	0	0	0
Avsett til bunde fond	155*	724	12	12	2 459
Direkte / indirekte skatter	1877*	0	0	0	0
Statlege overføringer	181*	-125	0	0	0
Renteinntekter	190*	-56	-7	-7	-18
Renteutgifter	150*	27	24	24	29
Overført til investering	157*	0	0	0	118
<b>Sum 1 A bokført på einingane</b>		<b>-3 100</b>	<b>-3 375</b>	<b>-2 951</b>	<b>-1 721</b>
<b>1 B posteringar ikkje bokført på einingane</b>					
	ansvar 9* + 14*				
Lønn fordelt sjølvkost	10120	-345	-218	-218	-278
Pensjon og aga premieavvik	109*	-10 264	-15 337	-3 798	-10 177
Kontingent	11*	52	55	55	48
Konsulent	12*	67	58	58	419
Overføring til andre kommunar	145*	0	0	0	0
Overført statstøtte til private	14706	80	88	88	78
Tap på krav	14709	2	0	0	7
Konsesjonskraft	1471*	10 368	2 878	2 878	5 887
Inntekt konsesjonskraft	16*	-42 990	-14 791	-14 791	-18 093
Avskrivningar	159*	10 990	11 720	11 462	11 716
Motpost avskrivningar	199*	-15 571	-15 618	-15 360	-15 151
<b>Sum 1 B bokført på ansvar finans</b>		<b>-47 610</b>	<b>-31 164</b>	<b>-19 626</b>	<b>-25 544</b>
<b>Netto</b>		<b>44 510</b>	<b>27 789</b>	<b>16 675</b>	<b>23 823</b>
Diff.		0	0	0	0

# **Sektorar og tenester**

## **2022**

## INNHALD

### Kort om:

- Administrativ organisering

### Fellestenester:


- Rådjevarteneste

# Rådmannskontoret

## Organisasjonskart

Noverande rådmann vart tilsett frå 15. februar 2022. På det tidspunktet var det to kommunalsjefar i tillegg til fleire einingar og avdelingar på nivået under. Rådmannen gjennomførte organisasjonsendringar gjeldande frå 1. juni. Det førte med seg at me no fekk eit kommunalsjefledd som saman med rådmannen utgjer *rådmannen si leiargruppe*.

Ein kommune gjennomfører mange *operative* oppgåver, men må i tillegg arbeide strategisk, tverrsektorielt og heilskapleg over tid for å kunne komme i best mogleg retning og posisjon i åra som kjem. Kort sagt; òin fot i notida og òin fot i framtida.



## Rådjevartenesta ved kontoret

Etter omorganiseringa i juni er rådmannskontoret redusert til å vere rådmann og òin rådgevar. Rådgevar sine hovudoppgåver er sektorovergripande i samråd med rådmannen. I tillegg ansvarsoppgåver knytt til politiske/folkevalde organ i kommunen. Grunna kommunen sin noko avgrensa storleik vert det også ein del støtteoppgåver inn mot kommunalsjefane ved behov.

**FAKTA OM SEKTOREN:**

**Kommunalsjef:**

Karl Viken

**Netto driftsutgifter:**

Kr 28 805 476

**Avvik budsjett:**

Kr 758 626

(mindreforbruk 2,6 %)

**Tal tilsette:**

17

**Tal årsverk:**

16,1

## Sektor Økonomi og organisasjon

### Kort innleiande tekst om sektoren

Sektoren Økonomi og organisasjon vart oppretta i 2022. Sektoren rommar viktige fellesfunksjonar. Samla er det 17 tilsette fordelt på følgjande område: Kultureininga, Serviceavdelinga, HR- avdelinga og juridiske tenester. Det er ikkje gjort organisatoriske endringar utover at desse funksjonane er samla under ei ny kommunalsjefstilling for økonomi og organisasjon.

Økonomi- og organisasjonssektoren skal levere gode fellesfunksjonar som stettar dei andre kommunale tenestene og einingane. Slik at desse kan ha ei forsvarleg drift.

Innhaldet i mange av oppgåvene gjeld sentral service-, støtte- og gjennomgåande stabsfunksjonar i organisasjonen; i tillegg til å utarbeide informasjon og grunnlag for den administrative leiinga og politisk nivå. Økonomiforvaltning og økonomistyring er ei sentral oppgåve. Avdelingane HR og service sikrar at kommunen har høg kvalitet på oppgåver som er viktig for heile kommunen si drift. Kultur stettar og er eit bindeledd i kommunen for eit utal oppgåver som er viktig for kommunen si drift og elles for Samnanger-samfunnet.

### Økonomi

Sektoren Økonomi og organisasjon forvalta i 2022 totalt netto 28,5 mnok. Sektoren har hatt eit underforbruk på om lag 2,6 %. Mindreforbruket skuldast hovudsakleg eit budsjettmessig overskot i HR-avdelinga grunna vakansar og mindreforbruk på kursverksemd. I tillegg er det brukt mindre enn budsjettert på IKT-området. Under er ei oversikt som syner forbruk, budsjett og resultat for ei oppdeling i budsjettområde og sektoren samla sett.

Budsjettområde / kr	Forbruk 2022	Rev bud 2022	Resultat 2022
	28 805 476	29 564 102	758 626
Økonomi og HR	9 819 237	10 026 917	207 680
IKT	4 261 082	4 712 304	451 222
Politisk nivå	2 474 262	2 552 679	78 417
Kontroll og revisjon	876 221	822 939	-53 282
Eining for innbyggarservice	99 081	198 868	99 787
Service	3 648 072	3 839 796	191 724
Kultur	7 627 519	7 410 599	-216 920
Alle	28 805 474	29 564 102	758 628

### Sektoren sine hovudmål

Det overordna målet til sektoren er å bidra til ei effektiv kommunal drift. Dette skal stette tenestene, og medverke til ei vidare digitalisering av den kommunale drifta.

Det å bidra inn i prosjekt som kan løfte Samnanger kommune i høve til dagens og framtidige utfordringar er også ei viktig oppgåve. Kommunen har fleire utfordringar dei kommande åra. Tre av hovudutfordringane til kommunen er følgjande; bustadutvikling, næringsutvikling og demografi.

Eit prosjekt som sektoren er med på, er kartlegging av framtidig bustadbehov i Samnanger. Både når det gjeld type bustadar og kor store desse skal vere. Dette igjen vil kunne gjera at eldre innbyggjarar kan bu lenger heime. I tillegg vil kommunen kunne dimensjonere tenestene innan pleie og omsorg betre; dette i høve til kor dei pleietrengande bur, ha meir oppsøkkande tenester og med det meir tilgjengeleg økonomi og arbeidskraft. Sektoren ønskjer og å bidra til at næringslivet utviklar seg i kommunen. Til sist er det eit hovudmål å bidra til at befolkningsutviklinga, og samansettinga av denne, er positiv.

### Måloppnåing

I og med at sektoren var ny i 2022 er det først i 2023 at sektoren vil setja seg, og at ein vil kunne konkret vurdera måloppnåing. Det må difor komast attende til i neste årsmelding. Likevel kan ein seie at dei ulike avdelingane og einingane allereie no arbeider godt, er godt på veg og har god retning i høve til måla sine. Det er meir å lese om dette inn under dei einskilte avdelingane og einingane.

### Internkontroll

Etter kommunelova (§ 25-1) skal kommunen «... ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen .....er ansvarlig for internkontrollen». Vidare seier kommunelova (§ 25-2) at kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst èin gong i året. Rapporteringa skjer gjennom årsmeldinga.

Samnanger kommune har eit overordna kvalitetssystem og eige saks- og arkivsystem som skal sikre oppfølging av lovverk, politiske vedtak og interne rutinar. Nytt kvalitetssystem (Netpower) vart tatt i bruk hausten 2021. I kvalitetssystemet sikrar me m.a. dokumentasjon av retningslinjer, rutinar og regelverk. Revisjonsintervall er sett og ansvarshavande får melding frå systemet om t.d. tidspunkt for revisjonsbehov. I tillegg har systemet eigen avviks- og varslingsmodul som skal avdekke avvik og risiko for avvik (jfr. kommunelova § 25-1c).

Samhandling Office 365 er iverksett i Samnanger kommune som fellesprosjekt med deltakarkommunane i IKT Nordhordland. Målet er å gjere samhandling og kommunikasjon enklare, meir smidig og meir likt for alle. Dei ulike verktøya omhandlar mellom anna Teams (digital arbeidsflate for samarbeid), Sharepoint (intranett) og Yammer (kommunisere og engasjere på tvers av kommunen).

Gjennom økonomisystemet (Visma) har kommunen god internkontroll på økonomisida. Kvar einskild faktura må både attesterast og tilvisast, og systemet har ulike logiske kontrollar som reduserer risiko for feilføringar. Vidare gjer systemet det mogeleg å sjå kvar fakturaene er i prosessen og automatiske varsel blir sendt ut til kvar einskild tilsett som har fakturaer til handsaming. På denne måten blir risiko for *for* sein betaling redusert.

*Framsikt* er nytta som styringssystem knytt til planområdet. Føremålet er at verktøyet skal sikre samanheng mellom ulike planar og mellom dei langsiktige, overordna planane og økonomiplanen. *Framsikt* vert også nytta i den månadlege rapporteringa frå einingane til økonomikontoret. Me har ikkje kome langt nok i øvrig bruk i løpet av 2022, men ambisjonane er å kunne arbeide godt vidare inn i 2023.

### **Etisk standard**

Det går fram i § 14-7 (d) i kommunelova at «årsberetningene skal redegjøre for tiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard».

Samnanger kommune har i mange år hatt etiske prinsipp for tilsette. Dei noverande etiske prinsippa vart vedtekne av kommunestyret i mars 2020.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune òg retningslinjer og rutinar på diverse område for å sikre god kontroll og redusere risiko for regelbrot/korrupsjon. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut enten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising). Det same gjeld for godkjenning av timelister, reiserekningar m.m.
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande og tungvint å etterleva. Årsaka til dette er mellom anna at lovreglane i ein del høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. I nokre tilfelle kan reglane også føra til at det tek svært lang tid å få kjøpt inn varer og tenester.



Samnanger kommune ønskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskelege relasjonar. Dette gjeld både mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, mellom kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er også eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at høg etisk standard vert etterlevd.

Koronapandemien førte til at arbeidssituasjonen for ulike grupper av tilsette i kommunen var utfordrande også i 2022. Dei tilsette har på ein god måte klart å ivareta viktige etiske prinsipp også under koronapandemien - både overfor dei ein yter tenester til, kollegaer og arbeidsgjevar.

### **Juridiske saker 2022**

Kommunen har hatt gåande fleire rettssaker i 2022. Av desse er fleire avslutta i løpet av 2022, og i alle saker har motparten kome tapande ut av søksmålet sitt mot kommunen. Kommunen er med det tilkjent saksomkostningar i følgjande: sak om Nyutløtræ, sak om Krekavegen og sak om Rolvsvåg kai. For dei to fyrstnemnde sakene er tilkjente saksomkostningar allereie gjort opp for, medan i den siste har motparten enno ikkje innbetalt skuldig sum.

Kommunen har hatt eit søksmål mot kommunen gåande sidan 2020. Kommunen har vore representert av Elden advokatfirma. Våren 2023 vart det klart at dette søksmålet vart avslutta, og trekt av motparten, etter kort tid i Hordaland tingrett.

### **Korona**

Korona-pandemien har, som i 2021, hatt stor påverknad på rekneskapen for 2022. Rekneskapsmessig har ein del, men ikkje alt, av dei direkte meirkostnadane blitt dekkja av ekstra tilskot frå staten. Staten har gjeve kompensasjon for meirkostnadar til og med 1. halvår 2022. Det vart gjeve kr 3 338 000 kr, i tillegg til eit vaksinasjonstilskot på kr 326 000.

### **Ukraina**

Kommunen gjorde vedtak om mottak av 35 ukrainske flyktningar i 2022. Status pr. 31.12.2022 var at kommunen hadde motteke dette talet flyktningar, og i tillegg nokre fleire grunna familiegjenforeining. Kostnadane som dei ulike sektorane i kommunen har hatt ved mottaket av flyktningane vart dekkja av det statlege integreringstilskotet. Vurderinga er at kommunen sine kostnadar vart dekkja gjennom det samla tilskotet i 2022 på kr 7 572 900.

**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Avdelingsleiar:**

Karl Viken

**Netto driftsutgifter:**

Kr 3 056 660

**Avvik budsjett:**

Kr 133 824

(meirforbruk 4,6 %)

**Tal tilsette:**

3 stillingar inkl. økonomisjef

**Tal årsverk:**

2,4

## Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga har no 2,4 årsverk fordelt på 3 tilsette (økonomisjef 100 %, rådgjevar 100 %, konsulent 40 %). Kommunestyret gav løyving til ei styrking av bemanninga ved kontoret i 2020, men grunna avgangar og vakanse så har ein ikkje hatt fullt opp budsjettert bemanning før i 2022. Det gjer at ein i løpet av året har fått noko meir tid som kan nyttast til noko anna enn driftsoppgåver.

Ny økonomisjef vart tilsett i 2021, og var på plass 1. januar 2022. Både økonomioppfølging av einingane, kommunen sin totaløkonomi og finansieringsstrategi og oppdatering av planar og reglement er noko ein vil vere meir aktiv på.

*Framsikt* er nytta som verktøy i den månadlege rapporteringa i eit par år. Frå og med 2022 har *Framsikt* vore nytta til fleire område innanfor økonomi og verksemdstyring.

Budsjettprosessen for 2023 vart gjennomført i *Framsikt*, og det ga sluttproduktet eit løft. Arena, som tidlegare har vore budsjettssystem, er no avslutta. *Visma Enterprise* er framleis hovudøkonomisystemet, og vert brukt til rekneskap, økonomirapportar, fakturahandsaming, fakturering og fleire andre modular innan økonomi.

Eit mål er ei vidare digitalisering som medfører meir effektive tenester for brukarane av kommunen sine tenester. Innanfor IKTNH-kommunane (IKT Nordhordland) har det i 2022 vore gjennomført fleire prosjekt som har bidrege i denne retninga. Det er mellom anna fått på plass ei løysing som gjer at fakturamottakar sjølv kan vera med å bestemma kor ofte faktura skal sendast ut.

Sjukefråværet på avdelinga har gjennom 2022 vore lågt; under 0-2 % pr. månad.

### Ansvarsområde

Økonomikontoret handterer alle dei sentrale funksjonane innan økonomi. I tillegg bistår økonomisjef, økonomirådgjevar og økonomikonsulent heile organisasjonen i høve til spørsmål og saker som gjeld økonomi. I tillegg vert det bidrege inn i pågåande tverrfaglege prosjekt. Det å ha ein velfungerande økonomifunksjon i kommunen er kritisk i høve til å ha ei god balansert drift, og for å bruke moglegheitane i økonomien til å utvikle kommunen.

## Utviklingstrekk

Økonomifunksjonen har utvikla seg i positiv retning i løpet av 2022. Det er innført ein nyttig rutine på møta med rådmannen der økonomi og sjukefråvær vert gjennomgått for dei ulike sektorane og einingane. Desse periodevise møta er godt motteke, særskilt av einingane. Det å oppdatere planverk og reglement er ein godt i gang med. Finansreglementet er oppdatert, og revidert reglement har vore politisk handsama. Økonomireglement vert revidert i løpet av våren 2023.

Økonomifunksjonen byrjar å få ei god oppgåvedeling, men treng framleis å vera litt meir overlappande i høve til oppgåvene, slik at funksjonen vert mindre sårbar.

## Avdelinga sine hovudmål/satsingsområde 2022

Avdelinga hadde som nemnt ovanfor ei god utvikling gjennom 2022, men av område og tiltak som kan nemnast som positive er følgjande;

- Budsjettprosess i Framsikt.
- Innføring av delvis moglegheit for kunden til å dela opp kommunale avgifter i ønska rater.
- Oppstart av samarbeid med KK2 når det gjeld innkrevjing av kommunale krav.

## Måloppnåing 2022

Viser til moment over. Økonomisjef er nøgd med den utviklinga avdelinga hadde i 2022, og har ambisjon om minst like god utvikling i 2023. Det er fleire område der avdelinga ikkje er heilt i mål. Det gjeld mellom anna innkjøpsfunksjonen. Budsjettprosessen skal og verta betre i 2022 enn i 2023. Finansreglementet er oppdatert, og dette er eit arbeid der ein heller ikkje er heilt i mål i høve til korleis ein ønskjer å arbeide.

## Spesielle hendingar 2022

På økonomiområdet var det mange hendingar som kunne nemnast, men det som prega økonomien vesentleg i 2022 var konsesjonskraftinntektene til kommunen som var særskilt høge, og som i tillegg svinga mykje opp og ned.

**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Avdelingsleiar:**

Anette Følid

**Netto driftsutgifter:**

Kr 4 608 441

**Avvik budsjett:**

Kr 231 827

(mindreforbruk 5,0 %)

**Tal tilsette:**

3 stillingar inkl. HR-leiar

**Tal årsverk:**

3

## HR-avdelinga

HR-avdelinga ligg under kommunalsjef for økonomi og organisasjon, og har gjort det sidan 01.06.2022. Avdelinga består av tre tilsette; lønnskonsulent, HR- konsulent og HR-leiar.

Sjukefråværet på avdelinga i 2022 har vore på 3,13 %.

### Ansvarsområde

HR-avdelinga har mange ansvarsområde, mellom anna lønn, fråvær, refusjon, pensjon, tilsetting, personaloppfølging, utarbeiding av rutinar/reglement/retningslinjer og leiarstøtte.

HR-avdelinga har også ansvar for ulike fagsystem som Visma HRM, Visma Tid, NetPower (kvalitet- og avvikssystem), Visma EasyCruit (rekrutteringssystem) og Motivati (verktøy for medarbeidersamtale).

I tillegg til fagsystem har HR-avdeling ansvar for ulike appar knytt til fagsystem og appar knytt til Microsoft 365.

### Bedriftshelseteneste

I 2022 kjøpte Samnanger kommune bedriftshelsetenester frå Bedriftshelse 1, på same måte som dei føregåande åra. Den samla kostnaden i 2022 var på om lag 22 000 kroner. Det er ein ytterlegare nedgang frå året før.

Fleire av møta med bedriftshelsetenesta som ikkje krev fysisk oppmøte, har vore gjennomført via Teams. Det har resultert i mykje lågare reiseutgifter. Einingane har framleis tinga bistand og rådgjeving frå bedriftshelsetenesta i ulike saker.

Kjøp av bedriftshelsetenester omfattar mellom anna helsekontrollar for grupper av tilsette, målingar/kartleggingar, bistand i enkeltsaker og deltaking i arbeidsmiljøutvalet.

### Lokale lønnsforhandlingar

I 2022 vart det gjennomført lokale lønnsforhandlingar for tilsette som er lønna etter kapittel 3 og 5 i hovudtariffavtalen, med verknadstidspunkt 01.05.2022.

Det var ingen brot i forhandlingane for kapittel 3 og 5.

Det vart gjennomført lokale lønnsforhandlingane for medlemmar i dei tre streikande forbunda, med same verknadsdato som øvrige i kapittel 3 og 5.


## Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for Samnanger kommune i 2022 var på 9,36 %. Langtidsfråværet var på 6,31 % og korttidsfråværet på 3,05 %. Dette er ei auke på 0,65 % frå førre år.


Sjukefråværet er tema i alle samarbeidsmøte i einingane mellom leiar, verneombod og tillitsvalte. Det er også tema på personalmøte.

Alle leiarane rapporterer på status og tiltak for sjukefråvær i Framsikt, denne rapporten blir lagt fram i arbeidsmiljøutvalet, med tilhøyrande statistikk.

## Totalt sjukefråvær i 2022



## Sjukefråvær fordelt på sektor i 2022



## Likestilling

I tråd med rekneskapsforskrifta § 14-7 skal kommunen gjere greie for arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Nivå	Kvinner			Menn			Totalt Årsverk
	Årsverk	Årsverk %	Lønn %	Årsverk	Årsverk %	Lønn %	
Leiargruppa	3,0	50,00 %	76,79 %	3,0	50,00 %	23,21 %	6,0
Einingisleiar	7,3	78,49 %	71,65 %	2,0	21,51 %	28,35 %	9,3
Mellom-/avd.leiar	7,0	81,40 %	74,90 %	1,6	18,60 %	25,10 %	8,6
Høgare utdanning	73,6	84,79 %	75,78 %	13,2	15,21 %	24,22 %	86,8
Faglærte	51,7	82,46 %	73,47 %	11,0	17,54 %	26,53 %	62,7
Ufaglærte	30,3	99,67 %	94,91 %	0,1	0,33 %	5,09 %	30,4
Kommunen totalt	172,9	84,84 %	77,85 %	30,9	15,16 %	22,15 %	203,8

Samnanger kommune har ved fleire høve tilsett gravide og kvinner som er i fødselspermisjon, personar med ulik etnisitet, religion og livssyn og med ulik funksjonsnedsetting. Dette arbeidet vil kommunen halda fram med og me ønskjer at det skal vera eit stort mangfald blant tilsette hjå oss.

Det har lenge vore eit ønskje frå kommunen si side å få fleire menn inn i administrasjonen, og i 2022 vart det tilsett tre menn i sentraladministrasjonen – rådmann, økonomisjef og næringsutviklar. Næringsutviklar har oppstart i stilling i april 2023.

Det er framleis eit sterkt ønskje om å få fleire menn inn i helse og omsorg og i einingar der det er overvekt av kvinner, og fleire kvinner inn i til dømes teknisk drift.

Men som arbeidsgjevar i offentleg sektor er me bunden av kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjing og må tilsetje den som er best kvalifisert, uavhengig av kjønn.

Kjønnsfordelinga i kommunen er som følgjer;

Faste tilsette		
	Tilsette	Årsverk
Kvinner	191	152,62
Menn	52	30,01
<b>Totalt</b>	<b>243</b>	<b>182,63</b>

Vikarar/mellombels stilling		
	Tilsette	Årsverk
Kvinner	29	19,65
Menn	4	4
<b>Totalt</b>	<b>33</b>	<b>23,65</b>

Kommunen har ikkje arbeidd systematisk med å kartleggja eventuelle skilnader mellom kvinner og menn med omsyn til lønn eller andre arbeidsvilkår. Det er likevel klart at omfanget av deltidsarbeid er vesentleg større blant kvinner i kommunen. Utanom stillingar ved teknisk drift er det overvekt av kvinnlege søkarar til alle utlyste stillingar.

Deltidstilsette fordelt på kjønn		
	Tilsette	Årsverk
Kvinner	98	60,26
Menn	30	7,26

I alle kommunen sine utlysingstekstar oppfordrar me bevisst søkjarar som er kvalifisert for stillinga til å søkje uansett kjønn, funksjonsevne og minoritetsbakgrunn. Kommunen ønskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald der kommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og legg arbeidsforholda til rette for alle.

## Utviklingstrekk

Det er eit auka behov for digitalisering og forenkling, spesielt opp mot tilsette. Dei ønskjer å bli meir sjølvstendige og kunne finne, søkje og registrere meir via PC, nettbrett eller mobil. Dei fleste fagsystema er tilgjengelege via mobil, dette forenkler prosessar i alle ledd, men det krev også ressursar frå HR for å følgje opp tilsette og leiarar på ein anna måte.

Kravet til effektivisering aukar stadig og det er mange fellesprosjekt i regi av IKTNH (IKT Nordhordland) som me må vera med på. Som ein liten kommune kan me ikkje stå att på

perongen når digitaliseringstoget går. Å delta i prosjekt, både små og store, kan vera krevjande for ei avdeling med tre tilsette, men det er viktig arbeid i prosessen mot å forbetre og utvikle oss.

### Avdelinga sitt hovudmål/satsingsområde 2022

- Få fleire einingar og avdelingar til å rapportere avvik i avvikssystemet.  
Det nye kvalitets- og avvikssystemet er lett tilgjengeleg på framsida på kommunen sitt intranett og det er tilgjengeleg via nettbrett og mobil. Dette gjer at det er mindre tidkrevjande å registrere avvik i ein travel arbeidskvardag.
- Bruke Yammer som informasjonskanal.  
Informasjon, nyttige tips, gladsaker, nyttilsettingar og anna som fleire kan ha glede av å bli informert om, skal delast på Yammer.
- Få fleire til å bruke Teams som eit samhandlingsverktøy.  
Teams har mange funksjonar utover å vera eit verktøy for videomøte. Det å bruke Teams til samhandling internt i einingane, men også på tvers av einingar/sector, men også i ulike prosjekt, er ein kjempefordel.
- Ta i bruk VismaTid for kontortilsette.  
Med bakgrunn i IKT-samarbeidet med IKTNH gjekk me over til VismaTid i april 2022. Dette systemet erstattar tidBANK som fleire nytta før. VismaTid er eit tidsregistreringssystem som kontrortilsette skal nytte til inn- og utstempling, registrering av fråvær og ferie, og utbetaling av varibale timar.
- Digitalisera lønnsprosessen frå A til Å.  
Fordelen med å gå vekk frå papirlister, e-postar og gule lappar er både meir effektivitet, tryggare handtering av informasjon, betre arbeidsflyt og enklare å følgje opp i ettertid. Ønsket er at alle einingar skal nytte forsystem som er integrigert med Visma HRM.
- Legge ut informasjon om nyttilsette på Yammer.  
HR ønskjer å legge ut bilde og kort informasjon om alle faste nyttilsette i kommunen. Dette er ein kjekk måte for andre tilsette i kommunen å bli informert og litt «kjent» med den nye kollegaen sin.

### Måloppnåing 2022

Arbeidet med å få fleire (alle) einingar og avdelingar til å skrive avvik i det nye avvikssystemet har gitt resultat, men det er framleis for mange einingar som skriv for lite avvik. Forenklinga av avviksregistreringa har vist at dei einingane som frå før skreiv avvik, no skriv meir avvik.

Yammer har blitt brukt til informasjon om lovendingar, informasjon frå administrasjonen og IKT, driftsmeldingar, stillingsutlysingar og informasjon om nyttilsette. Fleire tilsette har også nytta seg av kanalen «Kvardagsglimt», der dei legg ut kjekke bilde og hendingar rundt om i einingane.

Barnevernet, eining for helse og skulane har fått på plass ulike forsystem som er integrert med Visma HRM. Ungdomsskulen kom i gang med sitt system mot slutten av 2022, mens barneskulen ikkje har teke det i bruk enno. Ved utgangen av 2022 er det kun barnehagane som ikkje har eit forsystem som kan ivareta ulike prosessar knytt til fråvær og variabel lønn.

VismaTid vart tatt i bruk av fleire einingar og avdelingar i april 2022. Utanom tilsette med tilknytting til kommunehuset har helsetunet, teknisk drift og andre merkantile funksjonar ved skulane og i pleie og omsorg teke systemet i bruk.

### **Særskilte hendingar 2022**

HR-avdelinga vart flytta frå å ligge som ein stabsfunksjon under rådmannen, til nytt kommunalsjefsområde, Økonomi og organisasjon, ved omorganisering 01.06.2022. I den nye sektoren ligg også økonomi, servicesenteret og eining for kultur. Organiseringa har ført til eit tettare samarbeid mellom avdelingane.





**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Leiar:**

Marianne Soleng

**Netto driftsutgifter:**

Kr 2 849 625

**Avvik budsjett:**

Kr 191 724

(mindreforbruk 6,7 %)

**Tal tilsette:**

4

**Tal årsverk:**

4

**Tal brukarar:**

2 504 innbyggjarar inkl.  
politikarar  
+ tilsette i kommunen



## Servicesenteret

Avdelinga er organisert under kommunalsjefsområde økonomi og organisasjon. I juni 2022 vart avdelinga sitt ansvarsområde utvida, og IKT vart flytta inn i servicesenteret.

### Ansvarsområde

Avdelinga har oppgåver som arkiv, ikt, sentralt postmottak, kontaktsenter (for Samnanger, Gulen og Osterøy kommune), ekspedisjon og kundemottak for kommunehuset, innsyn (etter offentleglova og forvaltningslova), politisk sekretariat, gjennomføring av stortings-, sametings-, kommunestyre- og fylkestingsval, handsaming av sal- og skjenkeløyve, serveringsløyve, tobakkssaker, val av meddommarar/ skjønnsmenn/ forliksråd, systemansvarleg for ei rekkje system og register, tett samarbeid med Digitalisering og innovasjon/IKT Nordhordland.

### Utviklingstrekk

Innbyggjarar treng generelt meir hjelp med og rettleiing om ulike digitale verktøy. For å ta i bruk offentlege digitale tenester (lokale, regionale og nasjonale) er det trong for digital kompetanse.

Utviklinga innan servicesenteret sine mange oppgåver går svært fort. Det er stort fokus på digitale verktøy og arbeidsoppgåvene og omfanget av oppgåvene aukar kvart år, også i 2022. Det er også mykje større krav til detaljkunnskap hos dei tilsette enn tidlegare. Behovet for kursing i lovverk og system har derfor auka betrakteleg dei siste åra.

Behovet for digital rettleiing og hjelp hos innbyggjarar, tilsette og politikarar aukar i takt med innføring av nye digitale verktøy. Dette gjeld ikkje berre interne system, men også system som staten og andre offentlege etatar tek i bruk.

Krav frå innbyggjarar om innsyn i saker og journalar er aukande. Det har dei siste åra vore stor auke særskilt i krevjande innsynssaker. Servicesenteret har dei siste åra hatt ei aktiv rolle med å rettleie og bistå leiarar og sakshandsamarar i innsynssaker. Å auke kunnskapen rundt dette temaet har difor vore eit av servicesenteret sine fokusområde.

Servicesenteret er involvert i mange ulike prosjekt innan IKT og digitalisering. Dette heng saman med at Samnanger kommune

vart med i IKT-samarbeidet i Nordhordland (IKTNH) i 2018. Stadig meir koordinering og det lokale, meir praktiske, IKT-arbeidet i kommunen vert gjort av tilsette i servicesenteret. Dette gjeld også arbeid med kommunen si heimeside og intranettside. Som eit resultat av dette fekk servicesenteret nyttilsett IKT-koordinator/ konsulent i august 2022, i 100 % stilling. Gjennom denne stillinga vil me på servicesenteret, og kommunen vår, på sikt skaffa oss ei betre oversikt over kva behov knytt til IKT og digitalisering organisasjonen vår har og treng framover.

### Hovudmål/satsingsområde i 2022

- Felles kontaktsenter - Samnanger og Gulen gjekk i pilot med felles kontaktsenter i september 2021. I mars 2022 utvida ein med Osterøy. Prosjektet vist seg å vera ein stor suksess så langt og har fått mykje omtale. I april 2023 vert også Aurland kommune teke inn i kontaktsenteret.
- Kunnskapsheving - dei tilsette i avdelinga skal til ei kvar tid vera oppdaterte og få tilbod om kunnskapsheving på område der dette er naudsynt. Dei tilsette skal gjennom kunnskap og god forståing for kommunen si drift, ha meistringsfølelse og vera godt rusta for dei ulike oppgåvene avdelinga til ei kvar tid står ovanfor.
- Digital utvikling - Like viktig som at organisasjonen heldt seg oppdatert i «den digitale verda» er å sikra digital kompetanse blant innbyggjarar i alle aldrar. Ein treng digital kompetanse for å kunne bruke offentlege tenester og fungere i dagens digitale samfunn.
- Arkivdanning - Servicesenteret skal sjå til at det er svært god kvalitet på all arkivdanning i kommunen; i alle avdelingar og einingar. Fagsystem, filformat og arkivkjernar vert difor kontrollert nøye, særskilt i fullelektroniske system der det ikkje finst tilgang på papirmateriale.
- Arkivplan - arbeidet med å få på plass ein arkivplan held fram. Planen vert å finna i Ardoc og Netpower i løpet av våren 2023. Arkivplanen skal vera ein del av kommunen sin internkontroll.
- Forvaltningsrevisjon arkiv og innsyn - BDO gjennomførte forvaltningsrevisjon av arkiv og innsyn på oppdrag frå kontrollutvalet i 2021. Servicesenteret har følgd opp vedtaket som vart gjort, og har ved to høve informert kontrollutvalet om arbeidet avdelinga har gjort seinast 03.10.2022. Kontrollutvalet gav gode tilbakemeldingar på oppfølgingsarbeidet avdelinga har gjort.

### Måloppnåing 2022

Ved å halde dei tilsette oppdaterte på lovverk og arbeide tett med andre kommunar, Interkommunalt arkiv Hordaland IKS, Digitalisering og innovasjon Norhordland og IKT

Norhordland om elektronisk arkivdanning, har servicesenteret bidratt til at kvaliteten på dei kommunale arkiva vert betydeleg betre enn tidlegare. Dei tilsette har også i 2022 delteke på ei rekkje kurs innan dette feltet.

Arbeidet med å rydde papirarkiv frå dei ulike einingane har fortsett også i 2022. Mykje godt arbeid er gjort her, og det vert lettare å finne tilbake til dokumentasjon etter at materiale er rydda på ein god og rett måte. Dette arbeidet er tidkrevjande og vil fortsetje i åra framover.

I kontaktsenterprosjektet har dei tilsette vore svært delaktige og vore med på å forme prosjektet slik at innbyggjarane våre også i framtida skal få ei god oppleving når dei tek kontakt med kommunen. Denne type kontaktsenter er heilt nytt i kommunesektoren i Noreg, og Samnanger kommune er ein av dei første kommunane i landet som er med på eit slikt samarbeid. Det er kjekt å vera vitne til at dette prosjektet har fanga interessa hos andre kommunar, også utanom IKT-samarbeidet i Norhordland.

I 2022 har servicesenteret avlevert papirbasert arkivmateriale til Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS. Samnanger hadde interkommunalt samarbeid med Kvam herad om skatteopkrevjarteneste fram til tenesta vart lagt inn under Skatteetaten for nokre år sidan. Dette arkivet er no rydda og sendt til depotet. Også fleire databasar frå fagsystem har vorte levert til arkivdepot for oppbevaring i 2022.

Barnevernstenesta vart i 2021 tilbakeført til kommunen etter å ha vore interkommunalt samarbeid med Bergen frå 2016. Servicesenteret arbeider aktivt for at det skal vera høg, fagleg kvalitet på barnevernet sitt digitale arkivmaterieell og datasikkerheit står høgt i fokus. Servicesenteret har i 2022 vore pådrivar og sørga for at den digitale databasen frå barnevernet si tid i Bergen er avlevert til Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS (IKAH) sitt arkivdepot for langtidsoppbevaring. Servicesenteret fekk også på plass at ein kopi av den historiske basen vart tilgjengeleg med lesetilgang for dagens saksbehandlarar i barnevernet i Samnanger.

Servicesenteret arbeider aktivt for at det vert etablert gode rutinar for sakshandsaming og for måling av svartid på innsynsførespurnader. Dette vil mellom anna vera med på å synleggjera ulike utfordringar einingane eventuelt har knytt til innsyn.

### Særskilte hendingar 2022

- Kontaktsenterprosjektet gjekk på lufta i september 2021 med stor suksess. I mars 2022 vart kontaktsenteret utvida til også å gjelde Osterøy kommune, i tillegg til Gulen og Samnanger som starta som pilotkommunar. 1-årsdagen til kontaktsenteret vart feira med ei lita markering på kommunehuset.
- Ombygging av kontorlokala til servicesenteret vart ferdigstilt i mars 2022. Dei tilsette har dermed fått ein betre arbeidskvardag. Tryggleik og lydisolering var to viktige faktorar i denne ombygginga.
- Nytilsett IKT-koordinator/ konsulent var på plass i august 2022, i 100% stilling.

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**

Karina Frøland

**Netto driftsutgifter:**

Kr 7 627 520

**Avvik budsjett:**

Kr 216 921

(meirforbruk 2,6 %)

**Tal tilsette:**

11 faste stillingar

**Tal årsverk:**

6,17



## Kultureininga

Kulturavdelinga har ansvar for kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebiblioteket, kulturskulen og friskliv- og frivilligsentralen.

### Utviklingstrekk

**Kulturkontoret** (einingsleiar og folkehelsekoordinator Meline Heimdal Haugland/ Karina Liøen Frøland og kulturkonsulent Daniel Borge Kristensen) 2022 har vore året der tilboda for barn og unge har vore mogleg å gjennomføra som normalt og utan restriksjonar. Ein merkar likevel at pandemien har sett sine spor ved at oppmøte og engasjement ikkje er på topp blant born og unge mellom anna på bygdekinoen, LAN party og ungdomsbading.

Sommarklubben som er eit gratis aktivitetstilbod for born som ikkje har planar i ferien, er blitt ein fast årleg tradisjon. 20 deltakarar reiste mellom anna til trampolinepark, køyrde gokart og hadde friidrettsdag m.m. Som i fjor hadde me òg ein ungdom som jobba for oss under heile sommarklubben. I tillegg var det med 4 ukrainske flyktningar og ein tolk. Kulturmidlar vart tildelt med 16 søkjarar i 2022. Ungdområdet fordelte 50 000 kr på 3 søkjarar til søknadsordningar «tilskot til ungdomstiltak». Hausten 2022 slutta det 4 stk på grunn av alder i rådet og 4 nye medlemmer byrja. Dei har mellom anna arrangert fest for ungdom og nokre av medlemmene har hatt ansvar for å arrangera ungdomsklubb ein gong i månaden.

**Biblioteket** (biblioteksjef Merethe Gauden og assistent Lisbeth Fanebust) Aktiviteten aukar, både boklån og all anna aktivitet. I 2022 kjende me stadig på at det var hektisk. Det var som fylgje av arrangement, både eigenproduserte og eksterne, men og fordi biblioteket jamt over vert meir og meir besøkt. Besøket i 2021 var på 6526, i 2022 var det auka til 8726. Dette gjeld for det meste besøk i opningstida. Utlån i 2021: 6809, i 2022 var lån og fornying på vel 8000.

Laurdagsope bibliotek ein dag i månaden er populært.

Med midlar frå Fylkeskommunen fullførte me prosjektet

Temakoffertar for barnehage. Koffertane er Biblioteket sitt svar på Black Week

**Svart veke**

Lån bøker gratis!!!

Faktisk gjeld tilbudet heile året!

mykje utlånt. Digital formidling er trappa ned ettersom pandemien er over. Utlån av e-bøker/-lydbøker aukar veldig.

### **Friskliv- og frivilligsentralen** (friskliv- og frivilligkoordinator Karina Liøen Frøland)

Aktiviteten i sentralen auka mykje i 2022, og me opplever at innbyggjarane ofte tar kontakt og nyttar tilboda me har. Tilboda i frisklivsentralen vart sett i gong for fullt og målgruppa og kontaktflaten mot innbyggjarane vart dermed større. Frå å vera mest i kontakt med innbyggjarar vedrørande frivillig arbeid, vart me også kjent med andre innbyggjarar som følgje av helseutfordringane deira. Det er tydeleg at tilboda i frisklivsentralen var etterlengta i bygda, og det har vore god deltaking på kursa. Det er også tydeleg at det er behov for enno fleire frisklivstilbod, og arbeidet med å utvikla sentralen vil difor fortsetja i 2023.

Spesielt etter pandemien ser me at friskliv- og frivilligsentralen har vore ein viktig aktør for å betra folkehelsa til innbyggjarane, både fysisk og psykisk. Å tilby gratis lavterskeltilbod legg til rette for at me når flest mogleg.

### **Kulturskulen** (kulturskulerektor Karianne Kayser, kulturskulelærarane Roar Kjeldahl Berntsen, Ole Rasmus Hjelle, Katarina Time, Frøydis Flotve, Per-Lorentz Miltotzki, Ole Kristian Bonden, Endre L. Jørgensen, Snorre S. Svenningsen)

Aktiviteten i kulturskulen er no kome godt i gong igjen etter koronaepidemien, men ein må framleis arbeide med å få born og ungdom til å ønskje å stå på scena for å vise fram kva dei driv med. I 2022 var det 72 elevplassar ved kulturskulen, som får undervisning i teater og ulike instrument.

Det har vore viktig å inkludera born og unge frå Ukraina i skule og fritidsaktivitetar, og Samnanger kulturskule hadde i 2022 tre ukrainske elevar som no får instrumentopplæring. To av desse går òg i skulemusikken. Lærarane og dirigentane i kulturskulen har bidratt til at dette har gått svært bra. Stillingane til lærar med ukrainske elevar er mellombels auke i forhold til kor mange elevar dei har fått.

Nytt i år er at elevar frå 2. trinn kan starta i staden for at dei må venta til 3. trinn. Elevar på andre instrument og fag kan starte frå dei går på 4. trinn. Ein må vurdere om elevane på andre instrument og fag skal få starte i 3. klasse i framtida.

Samnanger skulemusikklag kjøper dirigenttimar av kulturskulen. Dei utvida kjøpet av dirigenttimar med 7,58 % fordelt på dei tre dirigentane grunna auka aktivitet og satsing.

Våren 2022 fekk ein lærar litt ledig kapasitet, og kulturskulen valde å nytta timane hans til at elevar på 2.-4. trinn i SFO kunne få ein gratis gruppetime i veka for å forsøke å spela saxonette. Dette er eit instrument som kulturskulen har kjøpt inn og som er ei form for blokkfløyte med klarinett-/saksofonmunnstykke.

Gruppa i SFO og oppstart for korpsinstrument frå 2. trinn var viktige faktorar til at det starta så mange som 10 elevar i aspirantkorpset til skulemusikken hausten 2022.

## **Hovudmål/ satsingsområde for 2022**

### **Kulturkontoret**

- Oppgradera uteområdet til Dagsturhytta
- Ferdigstill prosjektet friluftslivets ferdselsårer.



- Laga eit tilbod til dei som ikkje driv med idrett eller kulturskule.
- Starta ungdomsbading på faste tidspunkt.

*Dagsturhytta*

### **Biblioteket**

- Fleire born inn i biblioteket
- Meir besøk av biblioteksjef ut i barnehagane
- Meirope bibliotek

### **Friskliv – og frivilligsentralen**

- Utvikla frisklivsentralen ytterlegare, og sikra økonomisk støtte til drifta. I tillegg starta opp med planlagte frisklivstilbod og utvida tilboda etterkvart.
- Bistå dei frivillige godt i LivOGLyst-prosjektet som kommunekontakt, og mobilisere til frivillig innsats, deriblant i arbeidet med den nye butikken på Tysse.
- Markera frivilligheitas år 2022, blant anna ved å dela ut frivilligpris.

### **Kulturskulen**

- Det overordna målet er «Kulturskule for alle». Kulturskulen har gode samarbeidspartnarar som gjer at vi kan gje tilbod til samningar i ulike aldrar. Ein kan gjerne sjå føre seg at ein kan knytta sterkare band til andre lokale kreftar innan ulike kunstuttrykk i framtida.
- Finne ut om det er interesse for å ha dans som tilbod i kulturskulen.
- Gjennomføra tidlegare start (2. trinn) for elevar på korpsinstrument slik at dei kan starte tidlegare i aspirantkorpset.
- Gjennomføra juleshowet som kulturskulen og Samnanger skulemusikklag måtte avlysa i 2021 grunna pandemien.
- Hausten 2020 starta kulturskulen opp arbeidet med rettleiingsprogrammet i kulturskuleutvikling til Norsk Kulturskoleråd. Det er eit framleis eit satsingsområde for kulturskulen å arbeide med målsettinga «Skape felles identitet for personalet i kulturskulen». Dette er hovudmålet som personalet i fellesskap satt i prosjektet.



*Personalet i kulturskulen*

### **Spesielle hendingar i 2022**

#### **Kulturkontoret**

- Digihjelpa starta opp hausten 2022
- Sommarklubben med 20 barn frå 4.-7. klasse.

- Arbeidet med fleirbrukshallen heldt fram, og Samnanger kommune kom med i prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg. Kulturkontoret bistod i arbeidet med brukarmedverknad.
- Einingsleiar Meline Heimdal Haugland gjekk ut i fødselspermisjon i oktober, og Karina Liøen Frøland gjekk inn som vikar for ho.

### **Biblioteket**


- Kvar dag i biblioteket er ei spesiell hending, kvar dag kjem einkvan innom , «Hei, det er berre meg», seier dei. Men ingen er «berre». Me opplever at publikum trivst i biblioteket og at dei ser på det som ein trygg og god stad å vera.
- Ukrainske flyktningar har teke lokala i bruk, me skaffar bøker på dei fleste språk, dette året var det ukrainsk/russisk som stod i høgsetet.
- Pepperkakebygda var eit populært prosjekt, det må me halda fram med.
- Borna elsker Harry Potter og Potterdagen toppa alt, med 65 born og store lass med snop og popkorn.
- Biblioteket feira 5-års dag, og me kunne sjå tilbake på fem aktive år.



Pepperkakebygd



«Sy, strikk og skravl»



Spel i ulike variantar

### **Friskliv- og frivilligsentralen**

- Sentralen arrangerte saman med andre frivillige; Sommarmarknad på Bjørkheim med Generasjonsleikane i Samningaveko. Frivilligprisen vart delt ut til Eva Hellevang.
- Språktreffet vart ein viktig møteplass for flyktningane. Oppstart av tilbodet familievenn.
- Det vart m.a arrangert Hip-hop kurs og juleverkstad for born, drive av frivillige.
- Matlagingskurs og spisesvennprosjekt i samarbeid med pensjonistlaget.
- Me søkte midlar og fekk tildelt kr 181 000 for å tilby sommarktivetar for alle mellom 13-20 år.
- På tampen av året fekk frivilligsentralen også innvilga kr 248 000 til aktivitetar i 2023. Samning i syssel heiter prosjektet, og målet er å tilby samningane kjekke aktivitetar og skapa gode møteplassar gjennom året.



Sommarmarknaden



Matlagingskurs med pensjonistlaget



Sommaraktivitetar for born og unge

## Kulturskulen

- UKM (Ung Kultur Møtes) blei gjennomført i mars 2022 for første ordinære gong etter koronaen.
- Kultursti til Dagsturhytta i Samningaveko der elevar spelte langs stien og i sjøve hytta. Dette blei ei annleis konsertoppleving for store og små.
- Elevkonsertar vår og haust for dei eldre på Samnangerheimen. Dette set dei eldre stor pris på, og det er mogeleg for elevane å trene seg på å stå på scena på ein god og uformell måte.
- Samlingar i hiphop og breakedance.
- Tutti Frutti spelte til dans i Eikelfjorden samfunnshus i mars for ungdom med funksjonsnedsetting, i regi av Lions Club.
- Tur for personalet til Kvam kulturskule i Norheimsund for å sjå korleis dei har innreia sine nye lokale.
- Samnanger skulemusikklag inviterte kulturskulen til å vera med på julespelet «Nissekaos» og kulturskulen ser fram til fleire fellesprosjekt med korpset framover.



Kulturstien i Samningaveko





*Juleshowet «Nissekaos»*



Pumpelhus Ytre-Tyene

#### FAKTA OM SEKTOREN:

##### Leiar:

Hilde-Lill Våge

##### Netto driftsutgifter:

Kr 31 020 386

##### Avvik budsjett:

Kr -3 391 687  
(meirforbruk 18,4 %)

##### Tal tilsette:

22 (+ 16 deltid  
brannkonstablar)

##### Sjukefråvær:

9,03 %

##### Tal årsverk:

21,15 % (+ 0,17 % brann)

##### Tal brukarar:

Ca 2 500 innbyggjarar



## Sektor for samfunnsutvikling

Samfunnsutvikling er eit tenesteområde med arbeidsoppgåver knytt til samfunnsutvikling, investeringsprosjekt, landbruksteneste, tekniske drifts- og forvaltningstenester.

Sektoren har vore gjennom fleire omorganiseringar frå sektor i 2019 og til eining i 2020, og tilbake som sektor i 2022. Frå hausten 2022 vart det igjen innført kommunalsjefnivå og ansvaret for tekniske tenesteområdet vart fordelt i eining for forvaltning og teknisk driftseining. Prosjekt og investering vart lagt til kommunalsjef.

### Økonomi

Samfunnsutvikling forvalta i 2022 totalt 31 millionar kroner eksklusiv sjølvkostnader. Teknisk drift hadde eit overforbruk på om lag 18 %. Overskridinga skuldast hovudsakleg reasfaltering av vegar der blant anna Kostra-reglar seier at dette skal verte ført i driftsrekneskapen og ikkje som investering. Kalkulatoriske renter på vatn og avløp på om lag kr 800 000 kroner vert og ført i driftsrekneskapen til teknisk drift. Høg prisvekst på ei rekke varer og tenester resulterte og i eit meirforbruk. Sjølvkostområde som utgifter til vatn, avløp, slam og feiing vert haldne utanom driftsutgiftene til teknisk drift og kjem i tillegg. Vakanse i stilling resulterte i underforbruk på om lag kr 300 000 i teknisk forvaltning.

Samfunn og Utvikling	2021-Rekneskap	2022-B revidert	2022-Rekneskap	Avvik
Teknisk FV	10 330	10 850	10 558	292
Teknisk Drift	15 181	16 679	20 463	-3 783
Totalt	25 511	27 529	31 021	-3 449

*Netto driftsutgifter i heile tusen kroner*

### Utfordringar for sektoren


I tidlegare årsmelding har sektoren peika på kapasitet og ressursar til å følgje opp miljø- og klimaoppgåvene og investeringsprosjekta. Hausten 2022 starta ny prosjektleiar for å følgje opp vedtekne prosjekt i økonomiplanperioden og anbudsprosessane knytt til desse. Vakanse i klima- og miljøstillinga har ført til noko restanse på desse sakene. Med dei stillingsheimlane vi no har, er sektoren betre rusta til å gjennomføre lovpålagde oppgåver.

### Organisering og tenester

I sektoren er det totalt 21,15 årsverk.

5 årsverk har ansvar for tenester innan teknisk forvaltning. Ei av primæroppgåvene til forvaltning er å forvalte og utarbeide lovpålagde planar som samfunnsplan, arealplanar, risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), reguleringsplanar og temaplanar innan vatn og avløp, trafikksikring, miljø og klima. Til noko av dette arbeidet er det krav om spesialkompetanse og analysearbeid som vi må hente inn frå eksterne.

I teknisk drift er det 7,80 årsverk med ansvar for å drifte og vedlikehalde kommunen sitt vatn- og avløpsanlegg (sjølvkostområde), kommunale eigedommar, park og uteområde, veg og kaiområde. 8,35 årsverk har ansvar for reinhald av kommunale bygg. I figuren viser organiseringa og oppgåvene i sektoren.



### Sjuefråver

Sjuefråveret var på 9,03 % for heile sektoren i 2022. Dette var eit unormalt år og sjuefråværet er ikkje arbeidsrelatert. Vanlegvis ligg sektoren lågt og innanfor det som er gjennomsnittet for kontorsektoren (3,5 %). Teknisk drift og reinhald har difor vanlegvis eit svært låg sjuefråver samanlikna med andre sektorar som det er naturleg å samanlikne seg med.

### Mål og fokusområde for sektoren

- ✓ FN sine berekraftmål og berekraft
- ✓ Samfunnsutvikling og samfunnsgevinst
- ✓ Vera eit levande og klimanøytralt lokalsamfunn
- ✓ Vera rusta for raske samfunnsendingar og jobbe smart
- ✓ Halda det me lova, god dialog og sørvis

### Måloppnåing i 2022 – Gjennomføringsevne og kontinuitet i planlegginga

#### Prosjekt og investeringar – forbetra gjennomføringsevne

Sektoren får sine bestillingar på oppdrag og prosjekt i økonomiplanen og gjennom verbalvedtak i kommunestyret. Med prosjektleiar tilsett frå september 2022 fekk sektoren sett ekstra trykk på å få gjennomført svært mange av vedtaka. Prosjektleiar er og kommunen sin byggeleiar. I 2022 fekk kommunen gode meirinntekter. Dette ga kommunen eit større handlingsrom og evne til å setje i gang ei rekkje tiltak som hadde stått på vent.

Nedfor er ei oversikt over tiltak som samfunnsutvikling har i arbeid og ferdigstilt.

Vedtak	Tekst	Budsjett Sum/kr	Rekneskap 2022 Sum/kr	Status
KS 49/22 – pro 3302CHS	Carport Samnangerheimen	1 246 770	1 233 853	Gjennomført
KS 49/22 – pro	TS-tiltak – skilting og kvit stripe Gjerdsvegen	3 545 000	Anbod Pågår	Pågår Ferdigstilling sep 2023
KS 49/22 – pro 3320-HB	Utbetring veg øvre del av Hagabakkane	4 200 000	Anbod 4 937 500 inkl mva. + opsjon 1*	Pågår Ferdigstilling juni 2023 *Opsjon1: laga ny mur i svingen med bekken kr. 426 250 inkl mva.
Bud 2022 Energitiltak	Varmepumpe - Samnangerheimen	1 028 890	780 147	Gjennomført, står att mindre tilrettelegging med støy.
Bud 2022	Ytre og Indre Tysse – vatn og avløp	5 827 000	5 900 800	Gjennomført Byggjerekneskap vert utarbeidd
Bud 2022	Reservevassforsyning pålegg	3 000 000	Ny løysing må prosjekterast	Opstart 2023

**Årsmelding 2022 – Sektor for samfunnsutvikling**  
*Tekniske tenester, miljø, klima, landbruk og investeringsprosjekt*

KS 126/21	Branngarasje oppgradering	1 500 000	0	Pågår Planlegging starta i 2023
Bud 2022	K-hus - sikttiltak og digitalt nøkkelsystem - HMS-tiltak pri 1	403 764	403 763	Gjennomført
KS 126/21	K-huset ventilasjon	300 000	Prosjektering	Planlegging 2023
Bud 2022	Universell utforming barneskulen	1 515 896	1 516 179	Gjennomført
	Ny omsorgsbustad Reistadliane 41	6 250 000	Anbod: 6 392 700	Pågår Bygg ferdig sept 2023 Tilskot Husbanken 1 679 000
Bud 2022 KS 49/22	Oppr. av kom. vegar, bruer og kaier	4 622 594	6 741 000	Jarland bru, Nyutløtræ, øvre del av Bygdavegen og Raunekleiva er gjennomført. Prosjektering VA-Bygdavegen og utbetring, oppstart våren 2023.
Bud 2022 KS 126721	LED-lys på kom. vegar og fylkesveg	250 000	256 072	Gjennomført
Bud 2022 KS 126/21	Tilkomst helsetun og merking	1 225 856	1 350 434	Gjennomført
Bud 2022	Omsorg+ på Sjukeheimen	217 000	2017 000	Avklare i Helse- og omsorgsplan vidare bruk
Bud 2022 KS 126/21	Ombygging kommunehus / BV Omb servicesenter	603 248	607 711	Pågår Ferdigstilling våren 2023
Bud 2022	VA infrastruktur	2 400 000	3 905 122	Gjennomført *
Bud 2022	Gangsti Hagabotnane	1 875 000	Anbod 2 475 000	Pågår Ferdigstilling april 2023
Bud 2022	Fleirbrukshall	1 291 543	1 257 984	Planlegging pågår og held fram i 2023.

Verbalvedtak – kommentar

- Tiltak for Hjartesone og trygg skuleveg rundt Samnanger barneskule og Dråpeslottet barnehage for totalt 3,545 millionar kroner. Tiltaket inkluderer kjeldesortering til kr 800 000, der dette vert delfinansiert med tilskot til blant anna miljøstasjon på kr 418 000 frå Enova sett av på bunde fond i 2013.
- Utbetring av veg øvre del til Hagabakkane pågår. Anbudet er på kr 4 937 500 inkl mva. Ny mur til kr 426 250 inkl mva. for å hindre overvatn og rasutfall er bestilt utført som tillegg i opsjon 1. Tillegget i opsjon 1 vert innanfor ramma i budsjetten i tertialrapport 2023. Kommunen har opsjon 2 på å utbetre nedre del av vegen. Opsjonen er ikkje finansiert og vil krevje politisk vedtak om den skal nyttast.

- Kommunestyret har gitt mandat til å starte med prosjektering av Bygdavegen med fortau og VA-leidningar frå fylkesvegen til krysset til Heiane / brua ovanfor. Arbeidet vert starta opp våren 2023.

#### Vatn og avløp infrastruktur (VA) - kommentar

- VA-infrastruktur har overforbruk på kr 992 720. Dette gjeld nytt avløp for kyrkja på Ådland og utbetring av vassledning. Tiltaket kom i stand på grunn av akutt behov for nytt avløp.
- Samstundes som TS-tiltak i Gjerdsvegen skulle utbetrast vart vassleidninga utbetra og utfordringar med overvatn løyst. Tiltaket hadde ein kostand på kr 1 054 451.
- Dei forslaga som har vore for ei reservevassløyssning har dessverre ikkje late seg gjennomføra. Våren 2023 vert det lagt fram endå ei ny vurdering og planlegging for dette.

#### Eigedom - kommentar

- Prosjektkostnaden for omsorg+ bustad i Reistadliane vert justert med tilskotet frå Husbanken.
- Ekstramidlar til generell vedlikehaldspott vert omtala i teknisk drift si årsmelding.

#### Veg – kommentar

- Jarland bru vart utbetra i tråd med brurapport – kr 1 162 885.
- Nyutlørtrævegen er utbetra med kr 451 038, Raunekleivsvegen med kr 326 459 og øvre del av Bygdavegen med kr 267 434. Vidare vedlikehald av Bygdavegen vert ein del av prosjektering som har planlagt oppstart i 2023.
- Eit ønska tiltak frå 2021 med Ladestasjon og utviding av parkeringsplassen på Skottabakken vart og etablert for kr 641 214.

#### **Samfunnsutvikling og plan – *kontinuitet i planlegginga***

Planstrategien til kommunen har vedteke planarbeidet som samfunnsutvikling skal prioritera og arbeida med. For 2022 har sektoren 4-5 månader forseinking i framdrifta på delar av planarbeidet, og reknar med å intensivera arbeidet i 2023.

Samfunnsplanen er «sjefen» over alle planar og eit særskilt viktig plandokument for både politiske og administrative slutningar. Første fase i dette arbeidet er å utarbeide eit planprogram til politisk handsaming i formannskapet. Arbeidet kjem våren 2023.

Trafikksikringsplanen sitt handlingsprogram vart arbeidd med gjennom 2022 og revidert i naturutvalet i januar 2023.

#### Kommunedelplan for akvakultur

ABO-Stord er innleigd spesialkompetanse for arbeidet med næringsutvikling i sjø og arbeidet med kommunedelplan for akvakultur. Naturutvalet handsama ulike problemstillingar i samband med planen og hadde planen til 1. gongs handsaming rett før

sommarferien, før den vart lagt ut til på høyring. Planen ligg no hos teknisk forvaltning for å gå igjennom høyringsuttalane.

### Reguleringsplan

Områdeplanen for Bjørkheim er under revisjon og er kopla opp mot prosjektet om fleirbrukshall på Lauskar. I 2022 har medverknad frå både næringsliv, barn og unge, grunneigar og andre vore ein stor del av prosessen. Grunnundersøkingar på Lauskar og deltaking i prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg har resultert i at planarbeidet tek noko lenger tid, og først kan verte ferdig ved utgangen av 2023.

### Fleirbrukshall

Plan- og prosjektarbeidet med fleirbrukshall kom til som verbalvedtak i 2022 og er kopla opp mot arbeidet med områdeplanen.

### **Spesielle hendingar i sektoren i 2022**

- Forhandlingar og kjøp av Eviny-bygget – Kommunen starta overtaking av bygget og fekk frå 1. januar 2023 samla heile samfunnsutvikling på Frøland.
- Sektoren nyttar gjenbruk og innreier med brukte kontormøblar.
- Fekk økonomisk ramme til å starte og gjennomføre ei rekkje ønska tiltak som carport på Samnangerheimen, ladestasjon på Skottabakken, TS-tiltak i Gjerdsvegen og Nesjavegen, utbetre øvre del av Hagabakkane, felles innkøyring til parkering på Helsetunet og Samnangerheimen.
- Starta opp prosessen med betre lokale til brannmannskapa.
- Vedtak om organisasjonsstrukturen for sektor og einingane i Samfunnsutvikling. Etter fleire år med stor usikkerheit omkring ansvar og oppgåver vart dette no avklart.
- Deltaking i «Læring for Næring» - nettverk for å auke forståing for næringsutvikling i kommunearbeidet.



Figur 1 Frøland - tidlegare BBK-bygget – huser no Samfunnsutvikling

## Eining for teknisk drift og reinhald

Teknisk drift heldt til i kontor og gasjeanlegg på Frøland, tidlegare BBK sine lokale.

### Ansvarsområde

Til teknisk drift ligg drift av vatn- og avløp (sjølvkostområde), drift og vedlikehald av kommunale eigedommar, park og uteområde, reinhald, drift av veg og kaiområde. I tillegg er ei rekkje større og mindre utbyggings- og vedlikehaldsprosjekt òg lagt til teknisk drift. Det er 8 årsverk knytt til drift av teknisk infrastruktur, medan 8,25 årsverk arbeider i reinhaldsavdelinga.

### Økonomi

Teknisk drift hadde i 2022 eit høgt aktivitetetsnivå. Noko av overforbruket skuldast reasfaltering av blant anna øvre Bygdavegen. Ifølgje Kostrareglar skal dette først i driftsrekneskapen og ikkje på investering. På vatn og avløp vert det ved årsslutt ført inn kalkulatoriske renter i driftsrekneskapen på om lag kr 800 000, noko eininga ikkje har påverknad på. Prisauke og høgare prisnivå enn budsjettetert på varer og tenester utgjør og ein del av overforbruket.

Teknisk drift	2021- Rekneskap	2022-B revidert	2022- Rekneskap	Avvik
TD	15 181	16 679	20 463	-3 783

*Netto driftsutgifter i heile tusen kroner*

### Utviklingstrekk i 2022

Teknisk drift har som mål å levera sine tenester med god kvalitet, vera utviklingsorientert og framsynt. Utfordringa er at ein del av arbeidsoppgåvene i stor grad avheng av kor mykje midlar som vert tildelt til vedlikehald og utbyggingsprosjekt. Teknisk drift opplever ofte at forventningane i einingane og ute blant innbyggjarane er høgare enn det drifta har fått av midlar til rådighet.

I 2022 vart det ein relativt stor prisauke og lang leveringstid på varer og tenester. Ei rekkje oppgåver tok lengre tid å få utført og resulterte i budsjettsprekke på fleire område som t.d. utbetring av elektriske anlegg og nødvendige HMS-utbetringar på barneskulen. Samla sett fekk eininga utført ei rekkje ønska tiltak med ekstraløyvinga på 3 millionar.

På forsomaren var eininga tilbake som eiga eining, med ny einingsleiar frå september. Tidlegare einingsleiar gjekk tilbake som sektorleiar.



*Ny carport for heimesjukepleiebilar*

### FAKTA OM EININGA:

#### Einingsleiar:

John-Einar Mjelstad

#### Netto driftsutgifter:

Kr 15 181 000

#### Avvik budsjett:

Kr -3 783 000  
(meirforbruk)

#### Tal tilsette:

20

#### Sjukefråvær:

10 %

#### Tal årsverk:

16,25

#### Tal brukarar:

2 504 innbyggjarar





Sjukefråværet i 2022 var 7,1 % på reinhald og 13 % på drift. Sjukefråveret er ikkje arbeidsrelatert.

## Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2022

Satsingsområda i eininga kjem i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt.

I 2022 fekk eininga ekstraløyving på 1 millionar til energiøkonomisering og 2 millionar til vedlikehaldsetterslep.

Midlane vart brukt:

- Energiøkonomisering;
  - ✓ ny større varmepumpe på Samnangerheimen
  - ✓ skifte av lysarmaturar til LED i kommunale bygg.
- Vedlikehaldsetterslep vart nytta til;
  - ✓ lovpålagte oppgåver i forhold til brann og elektro, nytt brannalarmanlegg i Hamnahaugen og «Skjervo»
  - ✓ mur, elbil-ladar, bosshus og venteskur Skottabakken
  - ✓ kork på kunstgrasbana
  - ✓ betre tryggleiken med elektriske skyveluker på helsetunet,

På heimesida til Samnanger kommune, er det implementert eit nytt innmeldingssystem, Adaptive dialog, for enklare å kunne motta feil og manglar digitalt frå både innbyggjarar og tilsette.

## Vatn og avløp

- Tidleg på året 2022 vart fleire gamle ventilar som styrer vasstilførselen på begge sider av Haukanestunnelen skifta ut, forbetra kontroll og spyle.
- Septiktanken ved bårhuset ved Ådland kyrkjegard var av for dåleg kapasitet og vart skifta ut med eit mini-reinseanlegg. Samstundes vart vassleidning på Prestavegen utbetra, frå Ådland kyrkje og ut på Neset.
- I samband med ny felles innkøyring Helsetunet vart det nødvendig å gjennomføre uteståande arbeid og oppgradere røyr, kummar og koplingar for Hagaområdet.
- Det er føretatt ei omfattande utskifting av gamle koplingar på vassleidningen gjennom året 2022.
- Utskifting og omlegging av vassleidning i Gjerdsvegen i samband med utbetring av vegen og diverse tiltak som skal hindre overvatn. 1 ny abonnent.
- Utbetringar på vassleidningar i 2022 hindrar lekksjar og kan gje fleire nye abonnentar 2023.




Figur 1 Kum på Steinsland

## Veg

- Nyutløtrævegen vart utvida fleire stader og det vart utført sikringsarbeid. Det vart lagt fresemasse som topplag.
- På Bygdavegen vart det utført sikring og grøfterensk frå Lønabrua og 200 meter opp. Det vart lagt nytt asfaltdekke på same vegstrekning.
- Sikringsarbeidet etter kontrollrapport på Jarland bru vart utført, med køyresterkt rekkverk og ny asfalt.
- Det vart laga ny varemur og asfaltert på delar av Raunekleivvegen.
- Arbeidet med utskifting av veglys til LED har pågått gjennom heile året.
- Prestavegen vart reasfaltert.
- I prosjektet etablering av ladepunkt for elbil på Skottabakken vart parkeringsplassen utvida, og det vart naturleg å kunne etablere eit venteskur for skuleelevar på nedsida.
- Steinslandsvegen vart oppgradert med ny asfalt.
- Gangvegen frå Lønnebakken og ned til Vikafjæra vart oppgradert med nytt rekkverk og asfalt.
- Fjellsikring Hagabakkane 1, nøkkelsystem kommunehus.
- Landgang til gjestebrygga på Bjørkheim.



Figur 2 Nyutløtrævegen



Figur 3 Langgang til gjestebrygge

## Bygg


- I skuleferien vart det gjort ombygging og tilrettelegging for universell utforming, både på uteområdet og på bygg på barneskulen. Det vart skifta fleire ytterdører, laga hus for elektrisk rullestol, asfaltering av uteområdet ved småtrinna og SFO.
- Slutføre prosjektet med å sette opp eit servicehus over pumpekummen på høgdebassenget i Reistadliane.
- Det vart etablert bosshus på Skottabakken.
- Det vart bygd carport over ladepunkt og elbilane til heimesjukepleien.
- I samband med etablering av sikkert kommunehus, vart det montert nytt nøkkelsystem. Brannstasjonen fekk og nytt nøkkelsystem.
- Det vart gjort eit godt arbeid med oppgradering på internkontroll på elektro på barneskulen.
- Det vart montert ny ytterdør inn på møterommet på biblioteket, samt etablert dør mellom møterommet og kjøken same plass.
- På ungdomsskulen vart taket på den tidlegare vaktmeisterbustaden skifta, nye takvindauge på arbeidsrommet til lærarane. Golvet i sløydsalen vart slipt og lakka.

### Spesielle hendingar i 2022

- Teknisk drift vart eiga eining og fekk tilsett einingsleiar.
- Ny, stor carport vart teken i bruk i desember, til glede for heimesjukepleien og eit flott blikkfang for heile bygda. Bilane står no på lading under tak.
- Samfunnsutvikling var i sluttforhandling for Eviny sitt tidlegare administrasjonsbygg på Frøland.



*Figur 4 Carport Samnangerheimen*



Eininga sin nye lokalitet ved Frølandsvatnet

### FAKTA OM EININGA:

**Einingsleiar:**

Ragnhild Lønningdal

**Netto driftsutgifter:**

Kr 10 558 000

**Avvik budsjett:**

Kr 292 000 (underforbruk)

**Tal tilsette:**

5 (+ 17 brannkonstablar)

**Sjukefråvær:**

10,28 %

**Tal årsverk:**

5 (+ 0,17 brann)

**Tal brukarar:**

2 504 innbyggjarar



## Eining for teknisk forvaltning

Teknisk forvaltning er ei eining som har stor grad av publikumskontakt, og me står for tenester til innbyggjarane innanfor planlegging, bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, klima, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen. Det er også ei av primæroppgåvene våre å utarbeide lovpålagde kommunale planar som samfunnsplan, arealplanar, reguleringsplanar og temaplanar om t.d. vatn og avløp, trafikksikring og klima.

### Økonomi

Teknisk forvaltning hadde vaksane i klima- og miljøstillinga hausten i 2022. Det resulterte i eit underforbruk på kr 292 000 i eininga

Teknisk forvaltning	2021- Rekneskap	2022-B revidert	2022- Rekneskap	Avvik
Teknisk TF	10 330	10 850	10 558	292

*Netto driftsutgifter i heile tusen kroner*

### Ansvarsområde

Teknisk forvaltning har eit svært vidt og tverrfagleg ansvarsområde. Det er 5 tilsette og eininga har høg kompetanse.

Til teknisk forvaltning ligg bygge- og delingssaker, kart og oppmåling, plan, miljø og naturforvaltning, feiing, brann og redningsvesen. I tillegg er eininga også involvert i ei rekkje prosjekt. Nytt av året er at sektor for samfunnsutvikling har fått tilsett ein eigen prosjektleiar for investeringsprosjekt, slik at desse ansvarsoppgåvene ikkje ligg til teknisk forvaltning.

### Utviklingstrekk i 2022

Eining for teknisk forvaltning vart på forsommaren skilt ut som eiga eining etter å ha vore i same eining som teknisk drift nokre år. Første halvår var prega av ei langtidssjukmelding, som resulterte i etterslep på ein del arbeidsoppgåver resten av året.

Ny einingsleiar var på plass frå september, sidan tidlegare einingsleiar var blitt sektorleiar. I september hadde me også ein nyttilsett på klima, miljø og naturforvaltning, men dette varte berre ein månad, og stillinga stod vakant resten av året. Frå april 2023 vil stillinga vera besett igjen.

Heilt på tampen av året vart eining for teknisk forvaltning flytta frå kommunehuset til Frøland, og vart såleis samlokalisert med teknisk drift.


## Eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2022

I tillegg til sakshandsaming innanfor eininga sitt ansvarsområde kjem rettleiing innanfor dei same ansvarsområda, og dette er noko me ofte får god tilbakemelding på frå brukarane. Eininga har mykje kontakt med innbyggjarar, hyttefolk, næringsdrivande og andre, for å svara på spørsmål og gje råd og rettleiing i søknadsaker og andre saker.

Satsingsområda i eininga kjem i tillegg til den daglege drifta og er oftast vedteke i budsjettet eller gjennom lokalt vedteke prosjekt.

Dette er både små og store prosjekt som ofte går over fleire år:

- Arbeidet med å få på plass ein fleirbrukshall i Samnanger hadde stort fokus i 2022. I februar valde kommunestyret å gå vidare med lokaliteten Lauskar, som ligg innanfor grensene til områdereguleringsplan for Bjørkheimsområdet. Desse to prosessane vart difor samkørde. Det vart henta inn tilbod på ekstern konsulent til å driva planprosessen, og frå sommaren av var Norconsult i gang med dette arbeidet. Prosessen vert følgd opp tett av eining for teknisk forvaltning, og me set av mykje ressursar til dette arbeidet. Det vart halde folkemøte på Bjørkheim om planarbeidet i forkant av ei fornya oppstartsmelding som vart kunngjort i november.



Figur 1 Medverknad frå barn og unge - Nyskapande aktivitetsanlegg

- Kommunal planstrategi vart endeleg vedteken av kommunestyret 16. juni.
- Kommunedelplan for akvakultur låg ute til offentlig ettersyn i sommarmånadane, inkludert ein rapport om miljøtilstanden i Samnangerfjorden. Statsforvaltaren varsla motsegn mot planframlegget, og endeleg planvedtak er ikkje gjort.
- 2022 var det tredje året eininga i samarbeid med ekstern konsulent fekk utført klimarekneskap for kommunen si verksemd året før. Økonomikontoret utarbeidde i samarbeid med sektor for samfunnsutvikling Samnanger sitt første klimabudsjett.
- Utarbeiding av strategi for tilsyn og ulovlegheitsoppfølging i medhald av plan- og bygningslova vart gjort i 2022, og handsama av naturutvalet i første møte i 2023.
- Det vart planlagt og prosjektert turveg mellom Bjørkhaugen og Hagabotnane idrettsanlegg. Konkurransen for val av entreprenør vart halde, og arbeidet vil verta utført første halvdel av 2023.

- Prosjektet med etablering av kommunalt VA på Ytre-Tysse vart ferdigstilt.
- Utarbeiding og vedtak av lokal forskrift om gebyr for feie- og tilsynstenester.
- Arbeid med revisjon av handlingsprogrammet til trafikksikringsplanen.
- Deltaking i regionalt nettverk om kommuneplanens samfunnsdel.
- Det vart gjennomført anbuds konkurranse om rammeavtalar for plan- og analysearbeid. Å inngå ein slik rammeavtale er svært arbeidskrevjande når tilboda skal evaluerast, men den ferdige avtalen sparar oss for veldig mykje arbeid i kontraktperioden. Ved årsskiftet var me akkurat ferdige med evalueringsarbeidet, og tre parallelle kontraktar kunne signerast i januar.
- Hjartesone rundt barneskulen og skiltplan for Gjerdsvegen og Nesjavegen.
- Planlegging av ny omsorgsbustad i Reistadliane.

### Måloppnåing i 2022

Eininga har i 2022 handsama 20 byggjesaker, 10 dispensasjonssøknader, 3 delingssøknader, 13 oppmålingsforretningar (3 av desse nye eigedomar) og 1 eigarseksjonering. Vidare er det handsama 3 mottekne planinitiativ om privat detaljreguleringsplan, eitt av desse vart avvist av naturutvalet, medan 2 vart halde oppstartsmøte på. 1 områdereguleringsplan vart meldt om ny oppstart på. 1 kommunedelplan for areal vart lagt ut til offentleg ettersyn. Det vart gjort endeleg vedtak av kommunal planstrategi.

Innanfor miljøområdet vart det handsama 4 søknader om utsleppsløyve og 4 søknader om motorferdsle i utmark.

Saker me har gjeve uttale til:

- Søknad om konsesjon til landstraumanlegg til NOA og Krafla
- Regional transportplan - økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram 2022-2033
- Oppstart av verneprosess for Øystesefjella – kommunestyret i Samnanger gav si tilslutning til oppstart av prosess

### Spesielle hendingar i 2022

- Etablering av flytesauna i Teigavika på Bjørkheim. Kommunen inngjekk leigeavtale med privat aktør for oppankring av flytesauna utanfor den offentlege badeplassen på Bjørkheim.
- Etablering av leikeplass på kommunal eigedom på Haga, i regi av Haga vel.
- Oppgradering til fleirbruksflate på leikeplass på Lønnebakken. Driftsavtale med velforeininga, som har fått inn midlar til tiltaket.
- Bygging av gapahuk på leikeplass i Bjørkhaugen, i regi av Bjørkhaugen vel.
- Overgang til Norkart sin produktportal for leveranse av atomatiserte eigedomsopplysningar til t.d. eigedomsmeklarar. Dette har spart oss for mykje arbeid.

- IKTNH har gjennomført ein felles anbudsprosess for leverandør av planregister til alle kommunane i samarbeidet. Kontrakt vart tildelt same leverandør som Samnanger har i dag, men eit produkt med meir funksjonalitet, og større moglegheiter for digital sakshandsaming av plansaker.



Figur 2 Badesauna

**FAKTA OM SEKTOREN:**

**Kommunalsjef :**  
Edith Oma

**Netto driftsutgifter i 2022:**  
Kr 95 166 008

**Avvik budsjett i 2022:**  
Kr 2 573 805  
(meirforbruk 2,7 %)

**Tal tilsette i 2022:**  
Adm. 1  
Helse 14  
Funksjonshemma 13  
Pleie og omsorg 92  
Funksjonshemma  
Livsmeistring 10

**Tal årsverk i 2022:**  
Adm: 1  
Helse: 9  
Pleie og omsorg: 57,19  
Funksjonshemma: 13  
Livsmeistring: 10

**Sjukefråvær:**  
Adm: 0 %  
Helse: 4,13 %  
Pleie og omsorg: 17,59 %  
Funksjonshemma: 9,2 %  
Livsmeistring: 21,39 %



## Sektor helse og omsorg

### Utviklingstrekk innanfor sektor sine tenester i 2022

Tenesteområdet Helse- og velferd leverer helse-, omsorgs- og sosialtenester til innbyggjarane i Samnanger kommune. Dette spenner vidt og omfattar å førebyggja, greia ut, diagnostisera, behandla og leggja til rette for meistring av sjukdom, skade, lidning og nedsett funksjonsevne. Kommunen skal framme sosial tryggleik og betre levevilkåra for vanskelegstilte. Ansvar til kommunen omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Tenestene skal vera av god kvalitet og drivast på ein effektiv og god måte. Tenestetilbodet skal vera tilpassa behovet til den enkelte, og må utviklast i takt med at behova endrar seg. Dette gjer at ressursbehova i helse og velferd kan endrast i løpet av året.

Tenesteområdet består av ein overordna administrasjon med kommunalsjef, og 3 einingar: helse, pleie og omsorg og livsmeistring.

### Utfordringsbilde i sektoren

Sektoren er ny i mars 2022 og det har ikkje vore mål for sektoren men for kvar eining. Sektoren har likevel hatt ynskje om fokusera på:

- Levera gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane i kommunen.
- Vera nytenkande og kreative i dei tenestene me har
- Ha eit førebyggjande fokus
- Økonomisk balanse
- Behalda dei dyktige tilsette me har i kommunen.

Pleie og omsorg:

Pleie og omsorg leverer gode tenester, det er ikkje venteliste på sjukeheimplass og mange får god hjelp i heimen. Samnangerheimen er fleksible og tar ved behov inn pasientar på overbelegg, dei nyttar då plassar på 95-bygget. Samnangerheimen ser også at det er fleire eldre med hjelpebehov. Samhandlingsreforma som starta i 2012 gjer at kommunen tar heim sine innbyggjarar tidligare, dette medfører at Samnangerheimen får dårlegare pasientar, Samnangerheimen utfører stadig meir avsnerte behandlingar som tidligare vart utført i spesialisthelsetenesta.



Dette krev kompetanse hos tilsette, kommunen får tilbakemeldingar frå spesialisthelsetjenesta at dei er ein god samarbeidspartnar og det er ikkje mange døgn som kommunen må betala for at dei blir liggjande i spesialisthelsetenesta og ikkje kan ta imot sine innbyggjarar i tenestene. Pleie og omsorg har ikkje hatt venteliste på sjukeheimplassar i 2022, dei har vore fleksible og tatt inn på overbelegg på 95-bygget.

Kommunen har ventelister på støttekontakt, det har vore utfordrande å få tak i støttekontaktar.

Livsmeistringseininga:

- Nav har tatt i mot flyktningar og mykje av deira tid har gått til oppfølging av flyktningar og herunder ei stor auke i sosiale vedtak, NAV har nok hatt for mange vedtak til at dei har klart å følge dei godt nok opp, dette viser også tilsynsrapporten på sosialhjelp til barnefamiljar frå Statsforvaltaren.
- PPT har mangla logoped i store delar av 2022. Det har vore leigd inn logoped, men i redusert stilling, dette gjer at ikkje alle har fått den logopedhjelpa som avdelinga ynskjer å gje.
- Barnevern har levert alle hjelpetiltak som det har vore behov for, men dei har ikkje fått fokusert så mykje på førebyggjande arbeid og samarbeid med andre som jobbar med barn og unge som ynskjeleg. Siste halvdel av 2022 har vore prega av sjukefråvær og vakansar, stadig nye konsulentar har vore uheldig for familiane og barna som har kontakt med barneverntenesta.

Helseeininga:

Eininga har i 2022 hatt ein del vakansar, det har vore utfordrande å få tak i legar og helsesjukepleiar. I utgangen av 2022 var alle stillingar besatt, dette var gledeleg for eininga og innbyggjarane i kommunen. Helsesjukepleiar er på plass i full stilling frå våren 2023.

## Økonomi

Ansvar	Funksjon	Regnskap	Budsjett	Avvik
3000	Administrasjon	1 070 493	898 104	-172 389
3100	Tjenester for hujksjonshemma	16 851 883	16 437 559	-414 324
3110	Sjukeheim	28 474 078	26 173 669	-2 300 409
3120	Heimeteneste	15 966 209	17 566 969	+1 590 760
3300	Helsestasjon	894 155	1 346 904	+452 749
3301	Jordmor	133 863	142 820	+8 957
3302	Legetenester	10 986 538	9 886 889	-1 099 639
3303	Fysioterapi	1 237 580	1 607 858	+370 278
3305	Psykolog	1 184 351	1 214 230	+29 879
7000	Eining livsmeistring	252 579	255 989	+3 392
7100	Barnevern	9 87 400	7 530 215	-2 297 185
7200	Sosialkontor	3 791 545	4 522 158	+730 613
7201	Flyktningekontor	2 959 637	2 935 100	-24 573
7300	PPT	1 535 643	2 083 729	+ 548 086
<b>ALLE</b>	<b>Totalt</b>	<b>95 166 008</b>	<b>92 592 203</b>	<b>-2 573 805</b>

Einingane rapporterar for seg, under kjem ein kort tekst til kvar eining:

Fellesområde: det som er over budsjett er lønnskostnadar og datautstyr.

Pleie og omsorg:

Underskotet skuldast i stor grad at det ikkje har vore salg av sjukeheimsplassar til andre kommunar, noko det var budsjettert med i 2022.

Helse:

Det har vore vakanse på lege i stort sett heile 2022, dette har ført til meir utgifter med å leiga inn legar og her har ein også måtta dekkja hus og reise.

Livsmeistring:

Overgang til nye private fosterheimar og bruk av vikarbyrå for å dekkja inn konsulentvakanse og sjukemeldingar, har ført til eit stort meirforbruk

### Sjukefråvær

Sektoren har to einingar høgt sjukefråvær. I pleie og omsorg blir det jobba med tiltak som dei beskriv i sin del. I livsmeistringseininga skuldast mykje av sjukefråværet sjukemelding i oppseiingstid og høgt press på NAV-tilsette i mottak av flyktningar. Må gjer tiltak for å organisera nye mottak av flyktningar betre i 2023.

### Mål for 2023

- Laga ny helse- og omsorgsplan
- Ferdigstilla plan for helseberedskap
- Levera gode og kostnadseffektive tenester til innbyggerane i kommunen.
- Vera nytenkande og kreative i dei tenestene me har
- Ha eit førebyggjande fokus
- Økonomisk balanse
- Behalda dei dyktige tilsette me har i kommunen
- Utjamna sosiale forskjellar – inkludering, likeverd, aktivitet og arbeid
- Meistring i kvardagen i eigen bustad

## FAKTA OM EININGA:

### Einingsleiar:

Janne Drevsjø

### Netto driftsutgifter:

Kr 44 440 287

### Avvik budsjett

Kr 709 649

(Meirforbruk 1,6 %)

### Årsverk :

57,19

### Tal fast tilsette:

92

### Sjukefråvær:

### Samnangerheimen:

9,68 %

### Heimetenesta:

17,59 %



Arbeidsgruppe: Oddveig Haugen, Heidi T Arnesen, Linn Katla Gjerde, Kjersti H Lien

**Innroduksjon:**  
Samnanger Kommune har om lag 2500 innbyggere. I følge PLOMS sin data har me høge kontakt med alle dei. Me ynskjer derfor å få ut informasjon slik at det er lettare å få kontakt med HUK team for innbyggjarane.

**Mål:**  
Lett tilgjengelig informasjon, og meir synleggjering av tjenester for innbyggjarane.  
**Hensikt:**  
Kommunen bør sørge for at person med mistanke om demens får informasjon og hjelp, slik at dei får rett teneste til rett tid.

**Tittel/Resultat:**  
Ferdigstilt brosjyre: Hukommelsesteam, Januar 2023  
Distribuert brosjyre i kommunen, og sendt mail til legekontoret, nabo kommuner, Helsestasjon Diakonale sjukehus med brosjyre som vedlegg.  
**Artikkel i lokalavis, November 2022**  
Informasjon på kommunetorget i lokalvisa om demenssjukepleiar januar 2023.

Auka stillingsprosent til demenssjukepleiar fra 30-50 %, januar 2022-02-22

**-Viktig å vera meir åpne rundt demens**

**Hukommelsesteam**  
Samnanger kommune

**I følge statistikken til helsestada har det vort 12 svinger på sida om demensomsorg sidan 10.11.2022. Helse sosial og omsorg har 448 videringar i løpse periode.**

**I kommune Karl har det vort 114 spørsmål om helse og omsorg (10%) av dei var det 5 spørsmål om demens (div. 1%) i samme periode**

**I kommune Karl har det vort 205 spørsmål til helse og omsorg sidan 01.01.2022 - 09.11.2022. Av dei er det 2% som er om demens (div. 5 spørsmål)**

## Eining for pleie og omsorg

### Ansvarsområde

Til eininga ligg drift av Samnangerheimen, heimebaserte tenester, kreftkoordinator, koordinerande eining, psykisk helse og dagtilbod. Tenesta har ansvar for å sørge for naudsynte og forsvarlege tenester som møter den enkelte sine behov, og det blir difor lagt vekt på at alle skal få individuelt tilpassa pleie- og omsorgstenester i samsvar med lov og forskrift. Det vert levert gode tenester innan pleie og omsorg, og me ivaretek døgndrift samstundes som me jobbar med utvikling og tilpassing innan tenesteområdet.

### Våre verdier er tryggleik, respekt og omsorg.

### Utviklingstrekk

Pleie og omsorg skal sørge for tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i alle fasar av livet. Me opplever at stadig fleire brukarar/pasientar har fleire og meir samansette behov. Nærleik til sjukehus, i tillegg til samhandlingsreforma, gjer at fleire alvorleg sjuke får behandling og hjelp i eigen kommune. Spesielt opplever

me at pasientar vert tidleg ferdigmelde frå sjukehus. Mange har behov for vidare behandling i eigen kommune, der behandlinga ofte skjer i eigen heim.

Det er ein auke av fleire eldre og det er difor viktig å førebyggje og sette inn hjelpetiltak tidlegast råd allereie i heimen. Langtidsopphald i sjukeheimen er for pasientar med stort behov for medisinsk oppfølging, samt med omfattande helse- og omsorgstenester, og vil gjelde når hjelpetiltak i heimen er vurdert å ikkje kunne utførast på ein forsvarleg måte. Det er difor viktig å skape trygge rammer ved å auka heimerehabilitering og styrke brukarane si eigenmeistring.

Det er ein klar auke av komplekse oppgåver, og fleire av pasientane som kjem på korttidsopphald er relativt dårlege og krev mykje ressursar. Me ser her heilt klart eit stort gode i å vera integrerte tenester og at fagpersonar kan gå på kryss av tenestene alt etter behov og pasientsikkerheten er godt ivaretatt. Det er viktig at tilsette kjenner seg trygge i oppgåver dei skal utføra for å kunna gje god og forsvarleg omsorg.

I tråd med dette har eininga hatt fokus på kompetanseheving, men Covid-19 har sett oss litt tilbake.

Det er ein auke i heimebuande som treng tenester frå heimetenesta. Mange pasientar har mottatt nødvendig hjelp i eigen heim og den enkelte pasient får ivaretatt sine grunnleggjande behov med respekt for eigenverd. Målet er størst mogleg eigenomsorg og utvikling i eit trygt miljø med vekt på behandling og omsorg, vedlikehald av funksjonar, gjenopptrening av tapte funksjonar, samtidig aksept av tilbakegang og tilrettelegging for en verdig og fredfull død.

Tildeling av tenester blir behovsvurdert og hjelp, tiltak og tenester blir sett inn etter dette. Nokon får tilsyn opp til ni gongar i døgnet, mens andre har mindre og færre behov for tenester.

Det er gitt naudsynte avlastnings-, korttids- og rehabiliteringsopphald i 2022.

Tildeling av sjukeheimplass skjer etter helse- og omsorgstenestelova og egne kriterier som er nedfelt og vedtatt i forskrifta om rett til langtids plass på sjukeheimen. Dette gjeld dei med mellom anna alvorleg sjukdom, dei som går inn i livets siste dagar, demente som ikkje kan bu heime aleine, og brukarar som bur heime der det kan vera fare for liv og helse. Andre som kan bu heime, får forsvarleg helsehjelp i eigen heim. Me ser at etterspurnad etter omsorgsbustader aukar, og då er det ofte sterkt ynskje om å få bustad i nærleiken av sjukeheimen.

Pleie og omsorg har frivillige samarbeidspartnarar som er viktige. Frivilligsentralen, eldrerådet og Røde Kors besøksteneste er nokre av dei viktige samarbeidspartnarane me nyt godt av blant anna på dagsenter.

TENESTER	VEDTAK 2021	VEDTAK 2022
Korttidsopphald med rehabilitering	92	51
Korttidsopphald	37	40
Korttidsopphald med utgreiing	9	7
Langtidsopphald	9 nye, til saman 24	13 nye, til saman 24
Avlastning på Samnangerheimen	12	5
Fast rullerande opphald	3	4
Heimesjukepleie	95	120
Praktisk bistand	38	52
Matombringning	32	49

Dagsenter	31	30
Tryggleiksalarmar	16	10 nye – tilsaman 43
Omsorgsløn	5	1
Kreftkoordinator	10	5
Psykiatrisk sjukepleie	34	48
MORS	20	33

## Måloppnåing i 2022

- **Ha tilstrekkeleg med tilsette med rett kompetanse**

Me held fram med integrerte tenester og arbeid kvar sjette helg, og ser fordelar med dette i omsorga til brukarar og pasientar. Tilsette dei kjenner både frå egen heim og på sjukeheimen. Tilbakemelding frå tilsette er og framleis god. Dei får variasjon i arbeidet både fysisk og psykisk med å rullera inne og ute, samstundes som ein kjenner pasientane og kan følge dei godt opp.

Me har klart å rekruttere og har ingen vakante sjukepleiarstillingar.

- **Gje gode og forsvarlege tenester**

Pasientar og brukarar får omsorg og pleie etter den enkelte sine behov. Me følger nasjonale føringar og planer og reforma «Leva heile Livet» er ein del av dette. Men sjølvsagt med individuelle behov for den enkelte pasient/brukar. Å utvikla og byggja gode og vedvarande helse- og velferdstenester er eit kontinuerleg arbeid der me må tenkja nytt om korleis me kan møte eit auka tenestebehov i framtida - med dei same eller færre ressursar.

Eininga er med i to pasientforløp i regi av KS og aldring og helse.

### Det gode pasientforløp:

Arbeidet bygger på Heilhetlig pasientforløp i [heimen \(HPH\)](#), eit rammeverk med strukturert oppfølging ved hjelp av sjekklister. Arbeidet skal resultera i at brukeren opplever å være likeverdig i utarbeidelse av sitt pasientforløp.

Derfor er «kva er viktig for deg?»-spørsmålet så viktig.

### Måla for Gode pasientforløp:

- Flytte oppmerksomheten fra «hva er i veien med deg» til «hva er viktig for deg» for å styrke brukerrollen og bidra til likeverd og egenmestring hos pasient/bruker
- Styrke oppmerksomheten på det som fremmer bedre helse
- Kommuner og helseforetak arbeider systematisk sammen
- Oppfølging av pasientforløpene ved hjelp av standardiserte målepunkter

Pleie og omsorg er i gang med det sjette pasientforløp, alle med god suksess.

### **Demensforløpet:**

Innsatsområda i demensforløpet er å involvere brukarar og pårørande i prosessen med å utvikla og iverksetja tiltak innan eit eller flere av innsatsområda i eigen kommune

1. At kommunen har eit system som fangar opp personar med mistanke om demens og sørger for at dei får ein diagnose
2. At kommunen har eit system for personar som har fått ein demensdiagnose, slik at brukarar og pårørande får informasjon, støtte og hjelp så snart som mogleg etter at diagnosen er sett
3. At kommunen kan tilby systematisk oppfølging med tilbud om "rett" tiltak eller tjeneste til "rett" tid

### **Psykisk helse:**

Me er i stadig utvikling av tenesta. Tenesta er eit lavterskeltilbod og me opplever at personar som treng hjelp og støtte tar kontakt. Fleire har fått tilbod om hjelp i korte og lengre forløp.

Me tilbyr miljøarbeid, samtalar, gruppetiltak, pårørandesamtalar, oppfølging frå spesialisthelsetenesta, hjelp og bistand med daglege utfordringar, har fast dagsenter og bading i basseng.

Det er og blitt eit betre samarbeid med fastlegar og psykolog.

Me er i eit samarbeid med andre kommunar, med Fact-team og pakkeforløp rus og psykiatri.

### **Kreft:**

Å ha kreftkoordinator i kommunen har gjeve eit stort løft til pasientgruppa og pårørande.

Dette er eit lavterskeltilbod der fleire tar kontakt og/eller blir henvist frå spesialisthelsetenesta og fastlegar. Tenesta bistår m.a. med samhandling knytt til spesialisthelsetenesta, lege, samtalar, pårørandemøte, behandling og rettleiing.

Me er i eit samarbeid med spesialisthelsetenesta og andre kommunar med pakkeforløp kreft.

- **Kompetanseheving og gje god opplæring til tilsette**

Det kjem fortløpande til nye oppgåver rundt pasientgruppa. Kompetanseheving er difor ein føresetnad for å kunne ivareta den enkelte pasient og brukar. Det stiller større krav og kompleksiteten er stor. Det er viktig at den enkelte tilsette blir trygg og får nok kunnskap til å utøva oppgåvene.

- Demens-ABC er gjennomført
- Velferdsteknologiens ABC
- Internundervisning kreft med andrelinjetenesta x 2 /mnd
- Intern undervisning og tavleprosjekta fortset me å utvikla
- Kompetanseheving og opplæring ut ifrå ulike pasientgrupper
- Fokus på nytilsette, der alle får ein dag saman med fagsjukepleiar, opplæring minimum 6 vakter der ein går saman med annan tilsett, behovsbasert opplæring, fadder, informasjon, oppfølgingsamtale, sjekkliste opplæring, samt fokus på første møte og bli tatt godt imot.

- **Sjukefråvær under 9 %:**

Dette har me ikkje klart å oppnå. Har fleire langtidssjukmeldte, og grunna Covid-19 som fortsatte i 2022 har det vore ein del fråvær.

Me har starta opp eit samarbeid med Arbeidslivtenesta med prosjektet Helse i arbeid.

Helse i arbeid er ei tenestesamhandling mellom pleie og omsorg og NAV, og er ei satsing på førebygging og helsefremmande tiltak knytt til psykisk helse, muskel- og skjelettplager og meistring. Ein jobbar med å auka tryggleik og meistring av helseplager og flytte fokus frå begrensingar til moglegheiter. Prosjektet har og fokus på økt kunnskap, rett fokus og tidleg innsats.

Me har hatt den eine modulen, psykisk helse og skal ha nr. 2 og 3 i mars og september. Har to tilsette på ekspertbistand.

- **Implementering av nytt journalsystem**

01.01.2023 gjekk eininga over til nytt journalsystem (Visma Profil). Det har blitt systemastisk jobba med kartlegging saman med IKT og opplæring med Visma gjennom heile hausten.

Prosjektet har vore krevjande og teke mykje tid og ressursar.

Alle tilsette var opplært til start og me fortset med individuell opplæring til dei som ønskjer meir opplæring.

- **Carport og nye bilar**

Heimetenesta har skifta ut og fått nye leasingbilar. Avtalen går over 3 år.

Carport til bilane i heimetenesta er kome på plass, noko som er til stor glede for tilsette. Det er og forbetring i forhold til pasientsikkerheit, då ein kjem seg raskt ut på tenester og alarmer, når det er snø og frost.

- **Fokusområde**

Utvikle og sette inn velferdsteknologi. Er i samarbeid med andre kommunar

To pasientforløp

Rett teneste til rett tid

Pasientsikkerhet

- **Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær**

- Personalmøte kvar månad
- Kvar tysdag samarbeidsmøte med einingsleiar, fagsjukepleiar og assisterande avdelingssjukepleiar
- Tysdags- og torsdagsmøte der me tar opp utfordringar, rutinar osv.
- Felles lunsj kvar fredag
- Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annankvar månad
- Digitalt avvikssystem
- Årsturnus

- Kompetanseheving
- Tett dialog med den sjukemelde
- Tilrettelegging ved behov
- Medarbeidarsamtalar
- Gratis influensavaksine til alle tilsette
- Halde fram med å utvikle eininga og ta del i prosjekt
- Finne tid og ressursar til å utvikle eininga og ta del i prosjekt

### Mål 2023

- Fortsette med å utvikla tenesta
- Fortsette med å gje gode tenester
- Sjukefråvær under 9 %
- Førebyggjande heimebesøk
- Medarbeidarsamtalar
- Ferdigstille helse- og omsorgplan
- Behalde og rekruttere etter behov





**FAKTA OM AVDELINGA:**

**Einingsleiar:**

Janne Drevsjø

**Netto driftsutgifter:**

Kr 16 851 883

**Avvik budsjett :**

414 324

(Meirforbruk 2,5 %)

**Tal tilsette:**

20

15 oppdragstakarar

**Sjukefråvær:**

9,20 %

**Tal årsverk:**

13

**Tal brukarar:**

28



## Avdeling for funksjonshemma

Avdeling for funksjonshemma er ein del av eining for pleie og omsorg. Til avdelinga ligg drift av bufellesskapet, dagtilbod, arbeid og aktivisering, avlasting, besøksheim og støttekontakt m.m. Bufellesskapet har 10 bebuarar og rundt 15 andre heimebuande med tenester og oppfølging. Brukargruppa er frå barnehageborn til eldre/vaksne med ulike sosiale, fysiske og psykiske funksjonshemmingar. Tenestene dekkjer frå omfattande til mindre omfattande tiltak.

For å drifte avdeling for funksjonshemma har ein landa på ei fordeling av oppgåvene. Einingsleiar har blant anna personalansvaret for tilsette som er tilknytt avdelinga. Fagansvarleg har fagansvar for funksjonshemma, samt oppgåver og kontakt med brukarar som bur heime, inkludert deira pårørande.

### Utviklingstrekk

Brukarar kan ha rett til koordinator, individuell plan og oppfølging i ansvarsgrupper. Dette aukar moglegheitene for å ivareta tverrfagleg samarbeid på ein god måte. Det har i aukande grad, nasjonalt og internasjonalt, vorte sett større fokus på psykiske lidingar blant utviklingshemma dei siste åra. Dette er noko ein også ser lokalt og det medfører at hjelp og tilrettelegging i større grad vert eit tverrfagleg tema. Avdelinga samarbeider tett med andre faginstansar, både lokalt og med spesialisthelsetenesta, for å kunne gje hjelp tilpassa den enkelte.

Me ser ei utvikling i ressurskrevjande brukarar innan eininga. Til enkelte av brukarane blir det kjøpt tenester, mens andre blir ivaretatt av tilsette på Skottabakken.

Brukarane på Skottabakken blir eldre og det kjem fleire og nye behov til. Ein ser behov for fleire ressursar, skal ein drifta forsvarleg og innafør regelverk. Det kjem fortløpande til nye oppgåver rundt brukargruppa. Kompetanseheving er difor ein føresetnad for å kunne ivareta den enkelte brukar. Det stiller større krav og kompleksiteten er stor. Det er viktig at den enkelte tilsette blir trygg og får nok kunnskap til å utøva oppgåvene.

- Mitt livs ABC er gjennomført
- Velferdsteknologiens ABC
- Kompetanseheving og opplæring ut frå ulike pasientgrupper.

- Fokus på nytilsette, der alle får ein dag saman med fagsjukepleiar, opplæring minimum seks vakter der ein går saman med anna tilsett, behovsbasert opplæring, fadder, informasjon, oppfølgingsamtale, sjekklister opplæring, samt fokus på første møte og bli tatt godt imot.

Tenester	Vedtak
Heildøgnteneste	12, 1 nye i 2022
Habilitering utanfor institusjon	0
Psykiatrisk heimesjukepleie	4
Avlastning utanfor institusjon	2
VTA	5 plassar i annan kommune
Heimesjukepleie	13
Støttekontakt	19

### Måloppnåing 2022

- **Halde sjukefråværet nede:**

Har vore ei utfordring grunna fortsett Covid-19 i store deler av 2022. Har og hatt enkelte langtidssjukemelde. Jobbar jamleg med dette, har dialog og tilrettelegging.

- **Auka fagkompetansen**

Prosjekt:

Tenketanken E-helse Vestland - velferdsteknologi for utviklingshemma

CRPD

Inspirasjonsdag velferdsteknologi for utviklingshemma. Organisert av USHT

- Har hatt fleire samarbeidsmøte tilknytt brukarar som bur i bufellesskap. Fleire med tilsette og pårørande/verge.

- **Støttekontakt:**

Er framleis vanskeleg å rekrutera. Er få som ønskjer å vera støttekontakt. Jobbar vidare med dette gjennom 2023.

- **Lage gode prosedyrar for det nye senteret**

Me har jobba mykje med å få på plass nye prosedyrar for avdelinga. Tilsette har vore veldig engasjerte og me har fått på plass fleire nye og gode prosedyrar. Me har fokus på pasienttryggleik, utvikling innan organisasjonen, kompetanseheving og at alle er samkøyrd til beste for kvar enkelt bebuar. Fortset arbeidet.

### Fokus på fagkompetansen

- Tilsette har gjennomført *Mitt livs ABC*
- Tilsette har gjennomført *Velferdsteknologiens ABC*
- Det er tilsett to sjukepleiarar i avdelinga. Då brukarane er eldre, og fleire følgesjukdommar er komne til, ser me at denne kompetansen er viktig.
- Digital IP er innført og tatt i bruk
- Prosjekt og utvikling

## Dagsenter

Tilsett aktivtør i 70 % stilling. Har kome godt i gang og ser ein stor glede og utvikling for brukarane. Er i planlegging med produksjon av varer.

## Arbeidsmiljø, medarbeidarar og fokus på sjukefråvær

- Personalmøte kvar måned
- Samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod annankvar måned
- Digitalt avvikssystem
- Årsturnus med langvakter
- Kompetanseheving
- Tett dialog med den sjukemelde
- Tilrettelegging ved behov
- Medarbeidarsamtalar
- Gratis influensavaksine til alle tilsette
- Det er eit mål for avdelinga med flest mogleg tilsette i heile stillingar, og det er fokus på å ha god kompetanse tilgjengeleg til ei kvar tid.
- Gode måltid med brukarar og tilsette med moglegheit til å invitere pårørande
- Det er låg andel menn tilsett i avdelinga. Dette er det fokus på i rekrutteringa ut frå eit likestillingsperspektiv, men og med bakgrunn i brukarane sine behov. Det er likevel til ei kvar tid den best kvalifiserte som vert tilsett.

## Spesielle hendingar i 2022

- Halde fram med med årsturnus og langvakter. Tilsette ynskjer denne ordninga.
- Brukar- og pårørandedemøte
- Tett samarbeid med psykiatritenesta
- Starta opp dagsenter
- Jobba med utfordringar rundt uteareal
- Nytt journalsystem er implementert

## Avdelinga sine hovudmål og satsingsområde i 2023

- Halde sjukefråværet nede
- Fokus på å heve fagkompetansen
- Rekruttere støttekontaktar til dei som søker  
Fortsetje med å laga gode prosedyrar for det nye senteret
- Behalde og rekruttere fagpersonell
- Innføre Digi-Helse i avdelinga
- Starte prosessen med å tenke nytt i form av tilrettelagde arbeidsoppgåver





#### FAKTA OM EININGA:

**Einingsleiar:**

Åse Waage Tveit

**Netto driftsutgifter:**

Kr 14 436 487

**Avvik budsjett:**

Kr 237 776

(meirforbruk 1,65 %)

**Tal tilsette:**

14

**Sjukefråvær:**

4,13 %

**Tal årsverk:**

9,0

**Tal brukarar:**

2504 innbyggjarar

## Eining for helse

Helseeininga består av tenestene som er lokalisert på Samnager helsetun i tillegg til psykolog som også har kontor på kommunehuset.

### Ansvarsområde

Helseeinga har eit stort ansvarsområde og omfattar heile befolkninga i kommunen. Eininga består av legekontor, helsestasjon, jordmor, psykolog, og ergo- og fysioterapiteneste. I tillegg ligg kommunale ØHD-senger og legevaktsarbeidet til eininga.

### Utviklingstrekk

Me er 14 tilsette med høg fagleg kompetanse. Det er stadig nye faglege nasjonale retningslinjer som utfordrar oss i vårt virke. Dei siste åra har det særleg vore knytt til handtering av koronapandemien. Starten av 2022 var utfordrande i så måte både med smitte og vaksinerings. Mykje tid og ressursar blei nytta i eininga vår til å handtere pandemien på best mogleg vis. Eigen ressurs knytt til korona vart avvikla frå 01.05.22

2022 var prega av ein del utskifting blant dei tilsette med fastestillingar og vikariat som er ledige. Innan for legefeltet ser ein ein dreining mot at vikarane ikkje ønskjer å driva privat, men ønskjer avtale om fastløn. Det har også vist seg vanskeleg å rekrutere til Helsesjukepleiar stilling, noko som har ført til redusert tilbod i gjennom året.

Med stadig fleire tilsette i einga byrjar Helsetunet å verta for lite til å husa alle, kontorsituasjonen er ikkje optimal, og ein manglar tilfredsstillande kontorfasilitetar til alle. Dette vert det jobba med.

Samhandling mellom dei ulike kommunale einingane samt mellom 1. og 2. linetenesta er ein av kvalitetane som arbeidet i eining for helse er bygd på. God intern samhandling i vår eiga eining og godt felles fokus på *kven* og *korleis* me tener målgruppa vår er også ein del av vårt fundament.

### Hovudmål og satsningsområde

- Kompetanseheving for å sikra den enkelte pasient/brukar eit godt tilbod
- Lågt sjukefråvær
- Godt arbeidsmiljø

- God handtering av koronapandemien. Følgje nasjonale føringar for handtering av koronapandemien
- Lågterskeltilbod frå psykolog
- Få godkjent planen: Førebygging av sjølvskading og sjølvskading
- Fokus på rehabilitering og tilrettelegging for innbyggjarane i kommunen, tilsett ergoterapeut i 2022
- Gje ei god og stabil svangerskapsomsorg
- Tverrfagleg samarbeid
- Kvalifisert personale i alle stillingane, auka ressurs for Helsesjukepleiar
- Stabil legedekning

### Måloppnåing 2022

- Året 2022 har også vore krevjande med tanke på kompetanseheving. Me har delteke på aktuelle webinar og samlingar og nokon kurssamlingar andre stader. Psykolog har starta på vidareutdanning i emosjonsfokuserd terapi, ein av fastlegane har hatt permisjon for å gjennomføra praksis i 2. linjetenesta for å verta spesialist i allmenmedisin og ein anna vart godkjent like over nyttår i 2023 som spesialist.
- Sjukemelde: Det er låge tal sjukemelde i eininga. Det er viktig å ha fokus på dette og ha tett oppfølging av dei det gjeld.
- Arbeidsmiljø: Me gjennomfører personalmøte for alle i eininga. Vidare har personalet på legekantoret eigne personalmøte. Me har hatt faste sosiale treff sommar og jul, i tillegg til samlingar sporadisk i lunsjen.
- Det har vore ein del utskifting i personalgruppa i 2022. Året har vore prega av stillingsutlysingar og tilsetingar. Det har vore lagt ned mykje arbeid med å skaffe vikar, særleg på legekantoret, vikarsituasjonen har ført til reduserte tenester hausten 2022 og ekstra belastning på dei som var igjen.
- Auka fokus på barn og unge. Helsesjukepleiarressursen vart auka til totalt 200 % i starten av 2022, men det har vist seg vanskeleg å rekruttera til stillinga som vart ledig
- God svangerskapsomsorg: Ei god svangerskapsomsorg er viktig, både for å utføre undersøkingar, avdekkje vald og unormalitetar og tryggje foreldre fram mot fødsel.
- Tverrfagleg samarbeid: Me samarbeider godt internt i eininga vår. Vidare har me samarbeidspartnarar både i kommunen og utanfor. Leiande helsesjukepleiar sit i regionalt samarbeidsfora med andre leiande helsesjukepleiarar, og kommuneoverlegen har faste møte med andre kommuneoverlegar og Statsforvaltaren. Ulike tilsette i eininga sit i krise- og omsorgsteam og palliasjonsteam i kommunen, i tverrfagleg samarbeidsteam for barn og unge i kommunen og faste samarbeidsmøte med BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk). Leiande helsesjukepleiar er kontaktperson for barn som pårørande for kommunen. Ulike tilsette samarbeider tett med skule og barnehage. Ein har starta å nytta digital IP som eit verktøy for samhandling rundt dei brukarane det er aktuelt.

### Spesielle hendingar i 2022

- Det vart tilsett ny kommuneoverlege i 80% stilling 01.05.2022, der 20 % er knytt til avdelingsleiar for legekantoret
- Ny einingsleiar i 30 % stilling frå 01.08.2022 (vikar 20% før det)
- Ergoterapeut; kommunen fekk i september tilsett ergoterapeut i 80 % stilling (50 % + 30 % på grunn av overføring frå fysioterapi). Dette er ein viktig ressurs i forhold til rehabilitering og tilrettelegging for innbyggjarane.
- To fastlegar er ute i permisjon ved årsslutt 2022. For dei er det inne vikar i fastlønstilling.
- Ny leiande helsesjukepleiar i 100 % stilling frå 01.04.2022 og ny sjukepleiar under utdanning til helsesjukepleiar i 20 % stilling frå 28.10.2022
- Ny jordmor frå 01.12.2022, i 20 % stilling
- Helsestasjonen førebur skifte av journalsystem i 2023
- Oppstart av arbeidet med ombygging av parkeringsplassen ved Helsetunet

**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**

Carolina Falck Mercadal

**Netto driftsutgifter:**

Kr 18 116 862

**Avvik budsjett:**

Kr 1 044 541  
(meirforbruk 6,1 %)

**Administrasjon  
livsmeistring eining:**

0,2 stilling  
(einingsleiar)

**Tal tilsette:**

**Barneverntenesta**  
2,8 stillingar  
(0,8 barnevernleiar)

**NAV Samnanger**

4 stillingar  
2,7 kommunalt  
1,3 statleg

Flyktningetenesta:  
1 kordinator (100 %)

**PPT**

2 stillingar (200 %)

**Tal årsverk:**

10

**Sjukefråvær:**

Totalt 21,39 %  
Korttid: 2,5 %  
Langtid: 18,88 %



## Eining for livsmeistring

Eining for livsmeistring består av NAV, barnevernstenesta og PPT (pedagogisk-psykologisk teneste).

Budsjettet for administrasjon av eininga for 2022 er på kr 255 989 og det vart brukt kr 252 597, eit mindreforbruk på kr 3 392.

I 2022 kom det ny barnevernsreform, denne blir også kalla oppvekstreform, og har fokus på det førebyggjande arbeidet. Alle tre avdelingane i livsmeistringseininga har og skal ha stort fokus på å samhandla og førebygga for innbyggjarane i Samnanger kommune.

### NAV

NAV-leiar: May-Eva Sandvik

Økonomi 2022:

Flyktningetenesta:

- Kr 2 935 100 i budsjett
- Kr 2 959 673 i rekneskap
- Kr 24 573 i meirforbruk

NAV/sosialkontor:

- Kr 4 522 158 i budsjett
- Kr 3 791 545 i rekneskap
- Kr 730 613 i mindreforbruk

NAV har hatt mindreutgifter på ytingar til livsopphald og ein større refusjon frå staten enn det var budsjettert med.

### Ansvarsområde:

Til den kommunale NAV-avdelinga ligg økonomisk sosialhjelp, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, kvalifiseringsprogram, bustader til vanskelegstilte, Husbanken sine ordningar (startlån, bustøtte og utbetringstilskot), søknad om parkeringsløyve for funksjonshemma. I tillegg har NAV-kontoret prosjektet «Vegen vidare». Frå 01.01.2022 er prosjektet gått inn i normal drift og har namnet «Finn veggen vidare».

Då krigen i Ukraina braut ut, vart det fatta vedtak om å ta i mot flyktningar og flyktningetenesta vart lagt under NAV.



### Utviklingstrekk:

NAV Samnanger har lagt bak seg eit krevjande år, det har komme 40 flyktningar og talet på sosiale vedtak har auka betrakteleg. Før flyktningane kom låg gjennomsnittet på 5-7 sosiale vedtak i veka, dette har dobla seg og i periodar har det vore tredobling. Flyktningkonsulent var først på plass i august, så mykje av jobban har blitt utført av dei fast tilsette på NAV. Den auka arbeidsmengda har ført til mindre arbeid med prosjekt «vegen vidare»

NAV har i 2022 hatt tilsyn av

- a. Arbeidstilsynet, Arbeids og velferdsetaten  
Her fekk me avvik på nokre kartleggingar, ROS-analysar og oppfølging med tiltak og plan, eksempelvis vald og truslar og psykososiale og organisatoriske faktorar.
- b. Statsforvaltaren på sosiale vedtak til barnefamiljar  
Me får her avvik på at det er for lite dokumentasjon på oppfølging før og etter at det blir fatta vedtak. NAV er i arbeid med oppretta plan for å betra dette og lukka avvika. Avvika kan sjåast i samanheng med at det har vore stort antall auke i sosiale vedtak.

NAV-kontoret ser også auke i søknader på sosialstønad grunna stigande utgifter til eksempelvis straum og matvarer og auka renter.

### NAV sine hovedmål og satsningsområde i 2023:

- Gje brukarar effektiv og heilskapleg individuell og arbeidsretta oppfølging
- Redusere utgifter på sosialbudsjettet
- Utvikle arbeids- og marknadstiltak
- Tileigne seg meir digital kompetanse
- Kompetanse og god service til brukarar og samarbeidspartnarar
- Etablere og utvikle LEAN
- Auke opp ramma for startlån
- Prosjekt «Forenkling fornying og forbetring»

### NAV si måloppnåing i 2022:

Mottak av flyktningar har i stor grad prega drifta på NAV-kontoret, det har derfor vore liten tid til å jobba med utviklingsarbeid og kompetanseheving.

«Finn vegen vidare», startlånsramma og reduisering av utgifter til sosialbudsjett har vore jobba mindre med, då tilsette har jobba med flyktningemottak og sosiale vedtak rundt dette. NAV tar derfor med seg sine mål og strategiområde til 2023, og vil jobba vidare med desse.

### Mål for 2023:

- Gje brukarar effektiv og heilskapleg individuell og arbeidsretta oppfølging
- Redusere utgifter på sosialbudsjettet
- Utvikle arbeids- og marknadstiltak
- Tileigne seg meir digital kompetanse

- Kompetanse og god service til brukarar og samarbeidspartnarar
- Etablere og utvikle LEAN
- Auke opp ramma for startlån
- Prosjekt «Forenkling fornying og forbetring»
- Rette opp avvika frå dei to tilsyna i 2022

### Barnevernstenesta

Barnevernsleiar: Carolina Falck Mercadal

Økonomi 2022:

- Kr 7 530 215 i budsjett
- Kr 9 827 400- i reknskap
- Kr 2 297 185 i meirforbruk

Barnevernstenesta har to stillingsheimlar i tillegg til barnevernsleiar. Barnevernsleiar er i tillegg einingsleiar i eining for livsmeistring.

Barnevernstenesta har hatt utfordringar med å rekrutera til stillingane som barnevernskonsulent. I store delar av 2022 har det vore vakanse, og dette har ført til bruk av innleigde konsulentar frå vikarbyå.

Det er mangel på fosterheimar i Noreg, og statlege fosterheimar eksisterar ikkje etter ny barnevernsreform. Ved overgang til nye forsterheimar og eller behov for ny fosterheim må ein i stor grad nytta private fosterheimar gjennom byrå som eksempelvis STENDI og Team Olivia. Ein statleg fosterheim kostar kr 37 100 i månaden og ein privat fosterheim kostar kr 85 000i månaden.

Barnevern har tre postar dei har større meirforbruk:

- Juridiske tenester
- Fosterheimar
- konsulentbruk

Kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid med Bergen barnevernsvakt, som ivaretek akuttberedskap utanom kontortid. Barnevernvakta blir brukt, men Bergen kommune melder om at det ikkje er i stor skala.

Blant styringsdokumenta for barnevernstenesta i Samnanger er "Mål og retningslinjer for barneverntenesta i Samnanger kommune", som vart vedteke av kommunestyret 25.02.2021. Kommunestyret har oppretta eit barnevernsutval med fire medlemmar. I løpet av 2022 har det gått ein medlem ut og kome ein ny inn. Det var liten aktivitet i utvalet første halvår. Frå 2022 vart det sett opp faste møte der ein drøfta saker. Utvalet gjev barnevernet råd i saker

som kan førebyggja at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Barneverneleiar tar kontakt ved behov for drøfting utanom faste møte, dette vart gjort éin gong i 2022.

For å kunna hjelpa barn og ungdom som ikkje har det bra der dei bur, jobbar barnevernstenesta både ut frå førespurnader om bekymring og eigne initiativ. Ofte startar det med ei bekymring frå nokon som kjenner barnet og vil bidra til at det får hjelp. Arbeidet til barnevernstenesta handlar om både støtte og kontroll. Barnevernstenesta skal først og fremst gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølve skal kunna meistra omsorgsansvaret sitt. Slik hjelp og støtte kan gjevast i form av ulike typar hjelpetiltak i heimen, som til dømes råd og rettleiing til familien, avlastningstiltak, støttekontakt og barnehageplass.

### **Utviklingstrekk:**

Rapporteringar til SSB viser at 0,9 % av innbyggjarane i ein kommune har undersøkings- eller behov for hjelpetiltak frå kommunalt barnevern til ei kvar tid. Med Samnanger kommune sitt innbyggjartal vil dette innebere ein stad mellom 22 og 23 barn.

Fagorganisasjonen FO har ei anbefaling om at ein konsulent ikkje bør ha meir enn 15 barn/saker. Samnanger kommune ligg ved utgangen av 2022 på 19 barn/saker. Desse skal fordelast på dei tilsette.

Barnevernet har ny reform frå 2022 og får ny lov frå 2023. Barnevernsreforma tilseier at barnevernet no får meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrka arbeidet med førebygging og tidleg innsats. Den nye barnevernslova skal bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats, medverke til betre barnevernsfagleg arbeid og styrkje rettstryggleiken for barn og foreldre som får hjelp frå barnevernet. Lova set behova til barna i sentrum, og legg til rette for å byggje på ressursane rundt barnet. Den nye lova stiller tydelege krav til dokumentasjon av faglege vurderingar og plan for arbeidet. og innsikta i behovet til barna og foreldra. Målet er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt.

Barnevernstenesta fekk inn 27 meldingar i 2022, 10 av desse meldingane var allereie barnevernet inne med undersøking eller tiltak, 3 meldingar vart henlagt, 8 meldingar gjekk til undersøking og vart henlagt, og 6 meldingar gjekk til undersøking og vidare til hjelpetiltak.

### **Måloppnåing 2022:**

Barnevernet kom tilbake til Samnanger i september 2021, dei hadde ikkje sett opp mål for 2022, dei skulle bygga opp avdelinga. Me ser at det ligg fleire rutinar som ramma for avdelinga, samtidig har ein ikkje klart å følga opp fokuset på førebygging og samarbeid med eksempelvis oppvekst.

Dei borna som er under tiltak i barnevernet, har fått sine førebyggjande tiltak. Tenesta har ikkje fått ferdigstillt plan for førebyggjande arbeid.

## Hovedmål og satsningsområde 2023

- ferdigstilla plan for førebyggjande arbeid
- tettare samarbeid med instansane i kommunen som jobbar med barn og unge
- jobba med å implementera dei nye krava i ny barnevernlov
- finna forbetringar og jobba med desse i veiledningsteam
- gi gode og treffsikre tenester til familiar som har behov for hjelp frå barnevernet

## PPT

PPT-leiar: Kari Kallevik Hjartnes

PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) er sakkunnig instans i spørsmål om barn sine behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning på skulen.

I tillegg til arbeid med sakkunnige vurderingar på individnivå skal PPT arbeide på systemnivå ved å samarbeide tett med barnehagane og skulane om gode og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø.

PPT Samnanger har 2 stillingar; Ein PPT-leiar, i tillegg til ei stilling som sakshandsamar og logoped.

PPT Samnanger har faste dagar ute i einingane kvar veke og arbeider i nettverk m.a. gjennom ressursteam i alle barnehagane og skulane éin gong i månaden.

PP-tenesta samarbeider også tverrfagleg på lokalt nivå, t.d. med helsestasjon og kommunepsykolog, og på statleg nivå med t.d. Statped og BUP.

Økonomi 2022:

- Kr 2 083 729 i budsjett
- Kr 1 535 643 i reknskap
- Kr 548 086 i mindreforbruk

Hovedgrunnen til mindreforbruket er at det har vore sjukemelding i eine stillinga store delar av året, dette har kommunen fått refusjon for. Det har også vore mindre utgifter, då det ikkje har vore tiltak når ein har hatt vakanse grunna sjukdom.

## Utviklingstrekk:

I Stortingsmeldinga «Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO» (vedteke i Stortinget i 2020) står det m.a. at regjeringa forventar at kommunane skal arbeide med kultur for inkludering med mål om at alle barn og elevar skal få gode, tilpassa tilbod. Kommunane må arbeide målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene, for å gje barn og unge som treng det eit heilskapleg tilbod. Ein ynskjer barnehagar og skular som gjev gode mogelegheiter for alle barn og unge, uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske skilnader. Det krev at ein

samarbeider for inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Det vert formidla at det viktigaste ein kan gjera for å styrka ein inkluderande praksis i barnehage og skule, er å betra kvaliteten på det ordinære tilbodet. Då vert lærarane betre i stand til å fanga opp barn og elevar tidleg og setje i gang nødvendige tiltak tidleg. Ein ynskjer å bryta ned barrierar mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske. Det vil føra til mindre behov for særskilte ordningar for enkelte barn.

### **Eininga sin hovudmål/ satsingsområde 2022**

Barn og elevar skal oppleve å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule, og PPT skal samarbeide med barnehagane og skulane for å skape slike inkluderande fellesskap.

Kvalitetskriterium for PP-tenesta er m.a. at PPT skal vere fagleg kompetent, vere tilgjengeleg, medverka til heilskap og samanheng, samt arbeide førebyggjande og bidra til tidleg innsats.

PPT Samnanger ynskjer å legge til rette for at god kompetanse kjem tett på barna og elevane. Ein ønsker kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet og å styrka det tverrfaglege samarbeidet.

Dette arbeidet må PPT Samnanger og einingane samarbeide tett om i tida som kjem.

PPT Samnanger utarbeidde i 2020 «*Rutinar for tilpassa opplæring og spesialundervisning*» i grunnskule og vaksenopplæringa, og *Rutinar spesialpedagogisk hjelp*» for barnehage, og hadde mål om å revidere/redigere desse sommaren 2022.

### **Måloppnåing 2022**

PPT klarte i det store og heile å samarbeide tverrfagleg, samt tett med barnehagane og skulane trass stort sjukefråvær, men sakshandsaming med tanke på lovpålagte oppgåver som t.d. å gjere sakkunnige vurderingar har ein brukt noko lengre tid på enn ynskjeleg. Ein har forsøkt å vere i dialog med partane om dette og ein har funne høvelege mellombelse løysingar.

Ein har også i store delar av året hatt utfordringar med å oppretthalde utøvande logopedverksemd, og ein har ikkje hatt kapasitet til å revidere/redigere rutineplanane som planlagt sommaren 2022.

### **Spesielle hendingar 2022**

Det har vore langtidssjukefråvær i ei av to stillingar det meste av året, og ein har hatt vanskar med å finne logopedvikar. Dette medførte vakanse i m.a. utøvande logopedverksemd. Ein jobbar kontinuerleg for å sikra kontinuitet i PP-tenesta, og ein har tru på at ein skal få betre stabilitet med tanke på dette i 2023.

**FAKTA OM SEKTOREN:**

**Kommunalsjef oppvekst:**

Bodil H. Øpstebø

**Netto driftsutgifter i 2022:**

Kr 63 430 506

**Avvik budsjett i 2022:**

Kr -1 439 627

(meirforbruk)

**Tal tilsette i 2022:**

Adm. 2

Barnehage v34/h29

Skule 57

**Tal årsverk i 2022:**

Adm. 1,5

Bhg vår 29/ haust 24,2

Skule vår 45,4/ haust 46,3

**Sjukefråvær 2022:**

Adm: 4,3 %

Barnehage: 13 %

Skule: 6,4 %

**Tal barn i barnehage 2022:**

Kommunal bhg 78

Private bhg 26

Skule 310

(tal frå BASIL/GSI)



## Sektor oppvekst

### Innleiing

Sektor oppvekst består av 4 einingar (2 skular og 2 barnehagar), pluss fellesområdet som også inkluderer vaksenopplæringa og rådgjevar barnehage, som vart fast stilling frå 01.01.2022. Sektoren har delt ansvar som barnehageeigar og barnehagemynde slik lova krev. Rådgjevar har barnehageansvaret som m.a. inneber å følgja opp rapporteringar, gjera vedtak, revidera rutinar og planar i tråd med nye lovverk, politiske vedtak og andre endringar, internkontroll og kompetanseutvikling.

Vassloppa barnehage vart redusert med ei avdeling frå hausten 2022, på grunn av låge barnetal i kommunen.

Sektoren har vore med på ein stor sosial dugnad i kommunen og på landsplan, med mottak og integrering av flykningar frå Ukraina, der 38 stk har kome til Samnanger i 2022. 5 barnehagebarn, 7 elevar grunnskule, 1 elev vg. skule og 25 vaksne.


### Økonomi 2022

Ansvar	Funksjon	Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
	ALLE	63 430 506	61 990 879	-1 439 627
2000	Skule, barnehage og VO	7 801 629	7 730 069	-71 560
2040	Dråpeslottet barnehage	9 978 985	9 837 656	-141 329
2042	Vassloppa barnehage	9 165 101	8 989 325	-175 776
2210	Samnanger barneskule	23 840 950	22 947 901	-893 049
2230	Samnanger ungdomsskule	12 643 842	12 485 928	-157 914

Ut frå KOSTRA-tal brukar kommunen litt mykje pengar på barnehage. Kanskje ein må sjå på organisering når barnetalet minkar kvart år etter SSB sine prognosar? Truleg bør ein samanlikna fleire år, då ulike behov kan variera nokså mykje. Det er viktig med tidleg innsats i barnehage for å leggja til rette for ei god utvikling hos det einskilde barn.

Grunnskule ligg innanfor normalområdet KOSTRA-messig, etter hardt arbeid med omorganisering for å gje ein best mogleg skule der alle elevar er inkludert på trinnet sitt. Erfaring syner at fleire barn og unge har utfordringar i høve psykisk helse, og her vert det viktig med heile laget rundt barnet/eleven. Oppvekstreforma, som kommunen no jobbar med, vil ta med dei ulike tilbakemeldingane frå elevundersøkingar og Ungdata-undersøkinga, samstundes som ein må trekkja elevane meir aktivt inn i det vidare arbeidet med organisering og utvikling.

Frå Framsikt 10.03.2023



## Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)

Her vert det ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den einskilde skule. Dette er utgifter/inntekter til:

- Gjesteelevar og barn i private barnehagar i andre kommunar
- Vaksenopplæring med språkopplæring, men også spesialpedagogiske timar ligg her
- Statlege kompetansemidlar gjennom Utdanningsdirektoratet til grunnskulen vår/haust 2022.
  - 2 lærarar tok vidareutdanning 2022-2023, med vikarordning/stipend frå staten
  - 1 barnehagelærar tok vidareutdanning i spesialpedagogikk
  - 2 tilsette tok rektorutdanninga (1 ferdig jan. 2023 den andre ferdig jan. 2024).
- Medlemsavgift i Midthordland kompetanseregion. Kursmidlar til planleggingsdagar ol.

## Sektoren sine hovudmål og satsingsområde

- Å syta for at barn og unge opplever tryggleik, aksept, motivasjon, mestring, fagleg og sosial læring. Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap for alle.
- Eit hovudmål er at kvart barn skal få lov til å vera den beste utgåva av seg sjølv - heile livet i ulike læringsprosessar.
- Å ligge over snittet i Vestland over tid på eksamen og grunnskulepoeng, og tydeleg framgang på utvikling frå trinn til trinn.
- Å ha eit godt samarbeid med foreldre og tilsette.
- Å behalda trygge, dyktige tilsette som gjer ein viktig jobb i ulike roller i skule og barnehage.
- Kompetanseheving gjennom lokale og regionale tilbod og opplæring i språkverktøyet ASK.
- Å samarbeida tverrfagleg også med overgangar mellom barnehage og skule, og barneskulen og ungdomsskulen.
- At barn/elevar sin medverknad til å bli høyrd i eige liv i barnehage og skule har fokus.
- Årleg kommunalt tilsyn i ein av barnehagane

### Måloppnåing

- Alle barnehagane har fått opplæring og teke i bruk ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon), noko som så langt har vore ein suksess. Ein har sett at dette har ført til meir inkludering og barnemedverknad, då barna kan gjera seg forstått.
- Vassloppa deltek i utviklingsprogram i partnerskap med Høgskulen i Vestland/Bergen, Hausten 2022 starta barneskulen med ASK for å få glidande overgang mellom barnehage og skule og der språkutvikling er sentralt.
- Tilsyn: Det har vore kommunalt tilsyn i Aadland Gards- og friluftsbarnehage i 2022. Tema var nye paragrafar i barnehagelova, for å sjå om dei var implementert og følgt,- noko dei var. Tilsynet skjedde i samarbeid med Midthordland kompetanseregion.
- Skule og barnehage har saman revidert plan for overgang mellom barnehage og skule og barneskule og ungdomsskule.
- Melding om gode arbeidsøkte frå begge skulane med fagfornyninga og fokus på den generelle delen, men også meir på dei ulike faga. Begge skulane jobba med auka elevmedverknad.
- Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap har det vore jobba mykje med. Trivsel og psykisk helse står sentralt og ein har jobba mykje med dette gjennom tverrfagleg samarbeid, tilrettelegging og ulike undervisningsformer.
  - Ved ungdomsskulen har dei mellom anna bruka MOT, som er eit anerkjent program som hjelper elevane til å ta gode val.
  - Ved barneskulen har dei jobba med kjerneverdiane, og dei har gjennomført mange ulike aktivitetar som har sett meir fokus inkludering og fysisk aktivitet.
  - Psykologisk førstehjelpsskrin med raude og grønne tankar vert nytta i barnehagen og i skulen.
- Grunnskulepoeng syner at Samnanger ligg høgt gjennom fleire år, noko som syner godt læringstrykk og gode resultat frå elevane.
- Elevundersøkingar syner at mange opplever å ha trygge og gode oppvekstmiljø for alle barn og unge, med fokus på inkludering av det einskilde barn. Dette skjer i samarbeid med andre einingar og i det tverrfaglege samarbeidet som kommunen har.
- Nasjonale prøver har vore gjennomført over tid. Ein ser at dei som ikkje har scora best på prøven i 5. klasse kan liggja over fylkessnittet og landssnittet når dei tek prøven 3 år etter, i 8. klasse. Dette kan skuldast ulike faktorar, men samstundes er det så flott å sjå utviklinga og korleis elevane avkodar og utviklar seg om enn litt i ulikt tempo. Det skal vera rom for at elevane får oppleve meistring undervegs i eiga utvikling.
- Brukarundersøkingane syner nøgde foreldre med høg trivsel hos barna.
- For å behalda dyktige tilsette vert det satsa på etterutdanning.

### Lærlingar

Organisering av lærlingar ligg til oppvekst, men mesteparten av rettleiing og dagleg oppfølging ligg ute på arbeidsstaden. Kommunen har hatt 2 TAF-elevar og 2 lærlingar innan helsefagarbeid. I 2022 har ein ikkje hatt lærling innan barne- og ungdomsarbeidarfaget.

### HMT - Tiltak for å betre arbeidsmiljø og auke nærvær

Det har vore gjennomført brukarundersøking hausten 2022 i barnehage. Undersøkinga og medarbeidarsamtalane viser høg trivnad og fornøgde brukarar. Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i fellesskap, også på tvers av einingane. Ein jobbar med vidareutvikling av informasjon ut til heimane. Dråpeslottet begynte hausten 2022 med Helsearbeid via NAV for å auke nærværet.



Gjennom 2022 ser ein at langtidsjukefråværet har gått ned i sektoren frå 2021. I barnehagane har langtidsjukefråværet ned med 4 prosentpoeng. Ein har prøvd å leggje til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø. Einingsleiarar opplever eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta, helsetenesta i kommunen og andre instansar når det er naudsynt.

Sjukefråværet har vore høgt og det har til tider vore vanskeleg å få tak i vikarar. Ein har sett på dette med vikarpool, men ser det kan verta ei dyr ordning då kommunen har små avdelingar og fråvær ofte går i periodar der ein treng mange vikarar samstundes.

### Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne etter Opplæringslova og for vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring etter Introduksjonslova, i samarbeid med NAV som busette flykningane. Gjennom 2022 kom det 25 vaksne flykningar frå Ukraina. 23 av desse har fått norskopplæring ved Nygård skole (no Bergen Læringsssenter).

**Norskopplæring og samfunnsfag for innvandrarar.** Også i 2022 vart denne tenesta kjøpt frå Bergen kommune. Nygård skole endra namn til Bergen Læringsssenter. Her har flykningane gått, men også nokon andre elevar frå ulike land.

Norskopplæring		Grunnskuleopplæring	Andre: sped. ped hjelp
Våren 2022	Hausten 2022	Våren 2022	Etter vedtak, noko korte periodar
5 vaksne	25 vaksne	1 vaksen	1-2 vaksne

Årsverk VO	2022
Leiar, som er kommunalsjef oppvekst	0,20

Andre oppgåver som tek ein del tid er rettleiing til utdanning for vaksne, kontakt med Nygård skole/Bergen Læringsssenter og oppfølging av elevane. Det er også kvart år fleire som treng stadfesting og vedtak på sin norskkunnskap for å kunne søkje om permanent opphald. Ulike møte/teams og kurs for å følgja opp kontakten med IMDi (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet).



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**

Vibeke L. Utskot

**Netto driftsutgifter:**

kr 9 978 985  
inklusive styrka 1,8 mill.

**Avvik budsjett:**

Kr 141 329  
(meirforbruk; ikkje  
refundert koronautgift)

**Tal tilsette:**

16

**Tal årsverk pr. 15.12.22:**

Styrrar/einingsleiar 1  
Grunnbemanning 11,60  
Styrka § 37, § 31 1,20  
Totalt 12,80

**Sjukefråvær:**

11,66 %

**Tal barn vår 2022:**

Store 32  
Små 18  
Totalt 50

**Tal barn haust 2022:**

Store 27  
Små 18  
Totalt 45



## Eining Dråpeslottet barnehage



**Innleiing**

Barnehagen starta opp i november 2008 og ligg ved sida av Samnanger barneskule på Gjerde. Barnehagen har 4 avdelingar med plass til totalt 70 barn med flotte uteområde til turar både i fjell og ved fjorden. Ved å vera tett på gjennom tidleg innsats og inkluderande fellesskap, ynskjer ein å skapa trygge og gode arenaer i oppvekstmiljøet til det einskilde barnet. Barnehagen har motiverte tilsette som jobbar for barnas beste.

**Ansvarsområde**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... (bhg. lova § 1)*

Dråpeslottet barnehage gjev eit godt heilskapleg pedagogisk tilbod til barn i alderen 1-6 år i tråd med lovverk og rammeplan. Barn som fyller eit år innan 30. november har rett på barnehageplass ved hovudopptaket som er 01. mars kvart år.

**Tilsette, frå BASIL-rapporteringa 15.12.2022**

Bemanningsnorm: 6 store barn/ 3 småbarn pr. tilsett vert

63 barn/11 vaksne = 5,7 barn per vaksen

I tillegg ekstra tilsette 40 %, når pedagogane hadde plan. Tid, språkstøtte 60 % Ukrainske barn

Pedagognorm: 14 store barn/7 småbarn pr. pedagog.

63/14 = 4,5 barn per pedagog noko som krev 5 pedagogar.

Har 1 på dispensasjon p.g.a. permisjon

Dråpeslottet har 27 store + 18 små x 2 (småbarn reknast som to)

Totalt 63 plasser

**Utviklingstrekk**

Barnehagen hadde tilsette med god utdanning og god erfaringskompetanse – også nokon med spesialpedagogikk. Dråpeslottet hadde frå hausten 2022 tre fulle barnegrupper og ei gruppe med 5 ledige barnehageplassar. Tal på barn som har fulltids plass har auka mykje. Ingen tilsette har vorte sagt opp, då barnehagen på grunn av barn med særskilde behov § 31 eller vedtak på § 37 tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, har hatt bruk for alle tilsette.

Barnehagen tok imot fem ukrainske barn etter at krigen starta i Ukraina. Det var veldig viktig for barnehagen å ha fokus på inkludering og fellesskap. Barnehagen fekk språkstøtte som gjorde det enklare å kommunisera med familiene til barna. Barnehagen har nytta ASK som støtte i språkarbeid med desse barna.

Barnehagen hadde i februar og mars mykje koronasmitte, og stort fråvær i denne perioden.

## Økonomi

Ansvar		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
2040	Dråpeslottet barnehage	9 978 985	9 837 656	-141 329

Grunna fleire langtidssjukemeldingar har sjukefråværet vore uvanleg høgt i 2022. Sjukefråværet utover året 2022 har blitt redusert frå 18,89 % til 11,66 %. Vikarar fekk fast tilsetning på grunn av høgt sjukefråvær og hyppig vikarbruk. Dette hadde ein positiv effekt for barnehagen og barna, då det blei tilsett stabile og kjente kollegaer.

Høg vikarbruk, lønnsauke, sommaropen barnehage og ferievikarar, redusert foreldrebetaling, stadfortredarutgifter, høgare klesgodtgjersle og koronautgifter har resultert i eit meirforbruk dette året. Barnehagen hadde eit meirforbruk på kr 141 329 og dette var koronautgifter som ikkje vart refundert av staten. Eksakt sum på ikkje refunderte koronautgifter var på kr. 165 532. Barnehagen hadde hatt eit mindreforbruk om alle koronautgiftene var blitt refundert frå staten. Driftsbudsjettet/andre utgifter har vore i balanse, noko mindreforbruk.

## Eininga sine hovudmål /satsingsområde

*Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage jfr. Temaplan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025*

- Eit av satsingsområda har vore språk. Me har nytta språkprogrammet ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon), eit godt hjelpemiddel for å styrka barna si språklege utvikling. Ein har også jobba mykje med å inkludera gjennom tema vennskap og barn sin medverknad, også med søkelys på inkludering ved nyankomne barn. Arbeid med eit godt psykososialt leikemiljø har vore eit fokus på i 2022, og det skal jobbast vidare med i kommande år.
- Mål for barnehagen var å vera framsynt med høg kvalitet. Barnehagen var ein lærande organisasjon med kontinuerleg refleksjon over eigen praksis, og det blei laga ein handlingsplan for godt psykososialt barnehagemiljø.
- Barnehagen utarbeida eit kunstprosjekt med ein lokal kunstnar, der barna var medverkande. Me hadde kunstutstilling på biblioteket.



- Barnehagen starta hausten 2022 prosjekt «HelselArbeid» via Nav, der målet var å få ned sjukefråværet og setje fokus på eit godt arbeidsmiljø. Prosjektet skal avsluttast sommaren 2023.
- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule er oppdatert og det er meir fokus på tverrfagleg samarbeid i heile organisasjonen.



### Måloppnåing

- Barnehagen har jobba med tema om språkopplæring, der me har nytta pedagogiske verktøy som til dømes Språksprell, Ask, Snakkepakken og Babblarna.
- Barnesamtaler og fokus på barna sine interesser og medverknad har vore aktivt i bruk for å stimulera og utvikla barna.
- Barnehagen har starta å samarbeida på tvers av avdelingane igjen etter to år med korona. Me brukar dei ressursane me har på tvers av avdelingane.
- Redusert sjukefråvær
- Foreldreundersøkinga 2022. Svarprosent: 46,7 %

Spørsmål Oversikt	Snittsvar
Ute- og innemiljø	3,8
Barnets trivsel	4,7
Informasjon	3,9
Barnets utvikling	4,5
Tilfredshet	4,3



Ein god stad å vera  
Ein god stad å leike og læra

### Investering /nye tiltak

To store nye digitale skjermar er på plass og vert nytta i ulike samanhengar for vaksne og barn.

### HMS

Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass. Tiltak for å utvikla arbeidsmiljø og auka nærværprosenten.

- Kompetanseheving, trivsel og arbeidsglede
- Kommunikasjon og tilbakemeldingskultur
- Ergonomi/fysisk miljø
- I desember 2022 søkte barnehagen Rekomp, kompetanseheving m/rettleiing frå HVL
- Barnehagen har fått korona-påskjønningssmidlar på kr 22 000. Skal brukast i 2023.
- Julemiddag laga av dei tilsette ved Samnangerheimen vart ein suksess. Dette vart svært godt motteke og alle sette pris på oppmuntringa etter eit spesielt arbeidskrevjande år med pandemi. Takk til kommunen for det.

## Kompetanseheving

- Ein pedagog gjennomførte vidareutdanning i spesialpedagogikk (30 stp) gjennom Utdanningsdirektoratet.
- Dei tilsette har fått kurs i språkprogrammet ASK ved Aina Ask og Kirsti Loftesnes og kurs/foredrag om det fleirkulturelle og flyktingar i barnehage.

## Spesielle hendingar 2022

- 6. februar: Samefolket sin dag. Markert med eventyrsamling – felles for alle avdelingane
- Februar: Karneval
- Mars: Kunstprosjekt med utstilling i biblioteket
- Samarbeid med ungdomsskulen gjennom faget «innsats for andre»
- Aktivitetsdag i Hagabotnane med grilling og leik, og besøk i Sætervika med grilling, båttur og besøk i Tarzanløypa.
- Ulike heildagsturar med lunsj ute i det fri i skog og mark og til sjøen
- Gjennomførte foreldremøte og samarbeidsutvalsmøte
- Sommarfest for alle barn med foreldre
- Avslutningsfest for førskulebarn
- Førskulebarna var på besøk på skulen
- Hesten Wilma var på besøk, me køyrde hest og vogn
- September: Brannvernveke og haustfest
- Markering av FN-dagen med fredsduer
- Samarbeid med Samnanger folkebibliotek der bibliotekaren kom og las for barna.
- Luciafeiringa føregjekk utandørs der foreldra var til stades. Alle fekk nybakte og lunkne «Lussekattar».
- Desember-juleverkstad som vanleg. Presten kom og hadde julestund med dei store og små.
- Nissefest avdelingsvis med graut. Nissen med noko i sekken var utanfor og vinka inn.



«Kunstprosjekt - de største barna malte sjølvportrett», «mat ved bålpanna», «turmogelegheit»



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**

Aud Lygre Solvang

**Netto driftsutgifter:**

kr 9 165 101

**Avvik mot rev.**

**budsjett:** kr 175 776  
(meirforbruk 1,9 %)

**Tal tilsette:**

Vår 18 / Haust 13

**Tal årsverk, vår 16,20**

Styrar / einingsleiar 1  
Grunnbemanning  
12 (5 pedagogar)  
2,80 styrka, 0,4 vikarpol  
(Vikar plantid 0,50)

**Tal årsverk, haust 11,40**

Styrar / einingsleiar 1  
Grunnbemanning  
9 (4 pedagogar)  
1 styrka,  
(Vikar plantid 0,40)

**Sjukefråvær**

14,53 %

**Tal barn vår 2022**

35 store  
18 små  
53 barn

**Tal barn haust 2022**

14 store  
19 små  
33 barn

## Eining Vassloppa barnehage

### Innleiing

Vassloppa barnehage har for tida tre avdelingar som er i bruk. Barnehagen ligg sentralt, med gangavstand til Bjørkheim. Me har flotte turområde med skog, mark og sjø i nærleiken. Barnehagen vart totalrenovert og bygd om frå skule til barnehage i 2012. Me har romslege, lyse og moderne lokale, med stort felleskjøkken, gymsal og scene. Barnehagen har erfarne og motiverte tilsette som jobbar for borna sitt beste.

### Ansvarsområde

Barnehagen har ansvar for å driva ein god barnehage i tråd med barnehagelova, rammeplan for barnehage, lokale planar og vedtekter. Det er utarbeida ein lokal årsplan for barnehagen.

Tilsette og barn, frå BASIL-rapportering 15.12.2022
Pedagognorm: 14 store barn/7 småbarn pr. pedagog 14 store + 19 små x 2 (småbarn reknast som to) = 52 52/14 = 3,7 og dette utløyser 4 pedagogar 13 barn pr pedagog (norm 14)

### Økonomi

Det var eit meirforbruk på kr 175 000 kr i Vassloppa i 2022. Kr 112 000 er direkte knytt til koronapandemien. Kr 282 600 var tilvist på prosjekt korona og omikron. Refundert kr 169 900. Sjukelønsrefusjonar dekker inn delar av vikarbruken. Det vart gjort innsparingar på til saman kr 70 900 på ulike utgiftskontoar for å gjere meirforbruket minst mogeleg.

Meirforbruket på ulike postar i tillegg til korona:

- Lønsauke / ny tarifføløn.
- Utgifter til vikar og ferievikar. Dyrare med ferieopen barnehage.
- Høgare utgifter i klesgodtgjering, (ny avtale frå mars 2022).
- Lønstillegg for stadfortredar for styrar kr 12 000.
- Kr 42 000 i tapte i inntekter grunna nedsett foreldrebetaling frå januar 2022. Prisen gjekk ned med kr 265 i mnd. pr. barn med full plass.
- Det var påmeldt fem barn i romjula, men berre to møtte opp.

Ansvar		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
2042	Vassloppa barnehage	9 165 101	8 989 325	-175 776

## Utviklingstrekk

Frå august 2022 var det det færre barn i barnehagealder i Samnanger kommune. 17 seksåringar slutta i Vassloppa i 2022. Difor la me ned avdeling Springfoten. Denne nedskaleringa, frå fire til tre avdelingar, var teken med i budsjettet for 2022. Vårhalvåret 2022 hadde me tre barn med nedsett funksjonsevne med vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbod etter § 37 og spesialpedagogisk hjelp § 31. Dette utløyste ekstra lønnskostnader. Frå august 2022 og var det eit barn som fekk slik tilrettelegging.

2022 var det mykje koronasmitte i Samnanger, særleg i februar, mars og mai. Difor var det eit uvanleg høgt sjukefråvær i denne perioden. Sjølv med høgt koronarelatert fråvær, gjekk sjukefråværet ned med ca 1 % samanlikna med 2021.

## Eininga sine hovudmål / satsingsområde 2022

*Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage*  
*jfr. Temaplan for pedagogisk utviklingi sektor oppvekst 2022-2025*



Ein god stad å vera  
 Ein god stad å leike og læra

- Tema i tråd med årsplanen t.d, tal og mengd. Fokus på språkstimulering ved bruk av bilete og symbol i tråd med kompetanseheving og implementering av ASK.
- På nyåret fekk me dei nye, store digitale tavlene med heis. Me tok i bruk «Salaby barnehage». Digitalt læreverk med lesetekstar, bilete, spel, animasjonar og interaktive oppgåver
- Gode rutinar og plan for overgang barnehage-skule og fokus på tverrfagleg samarbeid, med PPT, helsesjukepleiar og barneskulen.
- Barnehagemiljøet har jobba med gode inkluderande aktivitetar som hjelper å førebyggja krenking og ein lyttar til barnet sin stemme for å ha gode leikar og trivsel.

Det vart gjennomført foreldremøte i barnehagen i oktober, og eit møte i samarbeidsutvalet i september. Samarbeidsordning med foreldre ved etablering av byttemarknad i Vassloppa.



Kunst til Forut kaféen



Byttemarked



Tiårsjubileum

## Barnehagane skal vera ein attraktiv arbeidsplass

- Ein pedagog, som har vore tilsett i vikariat, vart i haust tilsett i fast stilling som barnehagelærer.
- Me tilbyr kompetanseheving og erfaringslæring på arbeidsplassen.  
Hausten 2021 starta me eit to-årig kompetansehevingsprosjekt for alle tilsette i Vassloppa. «Rekomp» er kompetanseheving i partsamarbeid med HVL (Høgskulen på Vestlandet). Me har fått kr. 165 000 i prosjektmidlar. Satsingsområde er innføring av ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon) som er eit godt supplement i språkutvikling for alle barn i det ordinære barnehagetilbodet.
- Det har vore ein stabil bemanningssituasjon i 2022 med tilstrekkeleg tal pedagogar i eininga. Sjølv om me la ned ei avdeling i Vassloppa, har alle tilsette med fast stilling framleis jobb i barnehageeininga. Me har i periodar hatt utfordringar med å skaffe nok vikarar. Me har i 2022 hatt mykje fråvær knytt til sjukt barn dagar og ulike velferdspermisjonar.

## Måloppnåing 2022

- Sjølv om første halvår var prega av pandemien, har me litt nedgang i sjukefråvær.
- Trass i meirutgifter til korona og auka lønsutgifter, er me godt i hamn i budsjettåret 2022.
- Me har passa på å føre opp reelle koronautgifter og har difor fått tilført refusjonar knytt til pandemien.
- Me har stort sett gjennomført årsplanen på trass av pandemien. Det har vore veldig kjekt å kunne invitere foreldra til ulike arrangement igjen.
- ASK – supplerande kommunikasjon med teikn og biletstøtte er i ferd med å verta implementert som ein arbeidsmetodebrukt i barnehagekvardagen.
- Foreldreundersøkelsen 2022. Svarprosent: 84,8 %. Skala: 1-5. Me gledar oss over at me har ei engasjert foreldregruppe som i stor grad er nøygde med barnehagetilbodet.

[SpørsmålOversikt]	Snittsvar
Ute- og innemiljø	4,1
Barnets trivsel	4,7
Informasjon	4,4
Barnets utvikling	4,5
Tilfredshet	4,4

## Kompetanseheving i 2022

- 9. august. Kurs for barnehagane. ASK med Aina Ask og Foredrag om det fleirkulturelle og flyktningar i barnehage av Kirsti Loftesnes.
- 6. og 7. september var nokre tilsette på livredningskurs i bassenget.
- Ein barne- og ungdomsarbeider fullførte etterutdanning i «Arbeid med livsmestring og helse i barnehagen» (30 stp).



## Spesielle hendingar 2022

- Hausten 2022 runda Vassloppa barnehage 10 år. Dette vart feira med ein flott utefest saman med barn, foreldre, og inviterte gjester.
- 26. oktober var det Forut kafé. Barna hadde laga mykje fint, som foreldre kunne «kjøpa» tinga ved å donere eit frivillig beløp til Forut. Pengane i år gjekk til barn i Nepal. Me fekk inn ca kr. 3 500.
- **23. februar** - Karneval
- **25. mars** - Påskelunsj. Føresette var ikkje invitert pga pandemi
- **Juni**: Ekstremsportveke, mangfaldsveke, avslutningsfest for seksåringane
- **19-24 september** – Brannvernveke
- **05. oktober** - Foreldrådsmøte og foreldremøte. Tema: Robuste barn, kosthald
- **22. oktober** - Haustfest
- **06. desember**- Nisseshow: latterleg julemeny med innslag som spenner frå nissetryll og juletull, til instrumentale innslag
- **07 desember** - Julebord for tilsette med nydeleg mat frå Samnangerheimen
- **13. desember** - Luciafrukost med foreldre – gjekk til Skottebakken med bollar
- **16. desember** - Opning av Vassloppa bytemarknad på avdeling Springfot



ASK -bilder ute



Ekstremsportveko



Tur i nærmiljøet



Tur til sjøen



Gymsalaktivitetar



Storbarnsavdeling



Kjøkkenet



**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar:**

Eli Kristin Berge

**Netto driftsutgifter:**

Kr 23 840 950

**Avvik budsjett:**

Kr 893 049  
(meirforbruk 3,9%)

**Tal tilsette:**

39

**Sjuefråvær:**

8,55%

**Tal årsverk:**

30,14

**Tal elevar i 2022:**

217

**Tal elevar SFO i 2022:**

58



## Eining Samnanger barneskule

Samnanger barneskule er ein barneskule med 217 elevar i dag. Leiinga på skulen er rektor, 50 % avdelingsleiar for 5.-7. trinn, 50 % avdelingsleiar for 1.-4. trinn og leiar for SFO. I tillegg har me ein konsulent som tar seg av mange av dei administrative oppgåvene. Skulen har, i ulike stillingsprosentar, 21 dyktige lærarar og 10 dyktige assistentar/fagarbeidarar.

### Ansvarsområde

Samnanger barneskule driftar etter gjeldande nasjonale planar, lover, forskrifter og kommunale planer og vedtak. Me leve i ei verd som er i stadig endring. Skulen skal vera ein tradisjonsberar, men må òg forhalda seg til nye krav frå samfunn og arbeidsliv.

Fagfornyninga er namnet på prosessen med å utvikla og innføra nye læreplanar i Kunnskapsløftet. Nye læreplanar blei tatt i bruk frå 2020. I LK20 er det eit fokus på opplæringa sitt verdigrunnlag. Skulen si opplæring, oppseding og danning, er tufta på kristne og humanistiske verdiar, som likeverd, tilgjeving, nestekjærleik og solidaritet. Dette gjev skulen og med dei tilsette eit viktig, komplekst og omfattande mandat – korleis skal me læra opp, oppdra og danna elevane til gode menneske? Det inneber ein praksis med fokus både på faglege og sosiale mål gjennom tidleg innsats og kjerneverdiane våre. Ved Samnanger barneskule har me valt å retta fokus på våre eigne verdiar – med felles forståing. Utvalte 5 kjerneverdiar er: Vi-skule, leksebevist skule, samarbeid, inkludering, livsmeistring.

Skulen skal vera ein god stad å vera, og ein god stad å læra. Korleis skal ein på skulen kunna etterleva verdiane i praksis? Me har tru på at det er gjennom god, variert og tilpassa undervisning at me kan etterleva skulen sitt samfunnsmandat. Difor ynskje skulen eit fokus på korleis den kan utvikla undervisninga på skulen, i tillegg til den daglege drifta og undervisninga. I dette arbeidet krev det at ein set av tid til å «heva blikket» frå drift, ved å øva, reflektera, samarbeida, og læra om kva og korleis me kan verta gode vaksne pedagogar for elevane og på kva undervisning som fungerer best, i tråd med krav frå samfunnet.

Alle arbeider målretta for å kunna nå Samnanger kommune sine mål om både å ha høg kvalitet på dei kommunale tenestene, og ha tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin. (Jfr. Kommuneplan Samfunnsdel s. 35)

## Økonomi:

Ansvar		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
2210	Samnanger barneskule	23 840 950	22 947 901	-893 049

Skulen fekk dekka kr 72 600 av forbruk på kr 124 595 frå koronamidlar.

## Utviklingstrekk i 2022

Året 2022 har vore eit år med færre utskiftingar i personalet. Skulen tilsette tre nye pedagogar. Ein tilsett gjekk av med pensjon. Ein fagarbeidar og tilsett konsulent fekk permisjon. Lite endring har gitt oss god kontinuitet i arbeidet vårt. Hausten 2022 har likevel vore prega av ein høg sjukefråværsprosent utan at fråværa har vore relaterte til arbeidsplassen.

Me ser at utprøvinga av den digitale læringsplattforma Skolestudio, har nok teke lengre tid enn det me først rekna med.

Endringa av dagsrytmen. Dvs start for alle kl 08:45 og delvis like friminutt. I tillegg sluttar alle kl 14:00, med unntak av onsdag som er til 12:30 for alle. Dette har fungert svært bra. Me ser at elevane saknar opprustinga av leikeapparat på uteområdet. Den oppgraderinga som allereie er gjort, er mykje i bruk.

Det vart kjøpt inn nye læreverkbøker våren 2022. Prioritering var faget norsk 1.-7. trinn, matematikk 1.-7. trinn og engelsk frå 4.- 7. trinn.

Barneskulen har heller ikkje dette året hatt helsesjukepleiar. Dette kan best beskrivast ved at då elevane på 5.-7. trinn skulle svara på elevundersøkinga hausten 2022, forstod dei ikkje spørsmålet om skulehelsetenesta. «Kva er det?» spurde fleire av elevane.

I feriane til skulen har SFO hatt eit tilbod. Det er ikkje krav om tal elevar for å halda SFO ope i desse ferievekene. Dette er positive trekk ved organisasjonen.

## Eininga sine hovudmål/satsingsområde vidare, for 2023:

*Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i skule jfr. Temaplan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025*

Skulen vil halda fram med arbeidet kring kjerneverdiane for skulen. Desse kjerneverdiane skal visa att i skulekvardagane og planane våre.

Inkluderande læringsmiljø, med vekt på verdiane. Me ynskje å satse på inkluderande læringsmiljø gjennom elevsyn/verdisyn og haldningar i vaksenrolla og eins handsaming i ulike situasjonar i møte med elevane.

Fokus på pedagogisk utviklingsarbeid – både ved å leggja til rette for dette strukturelt, men også ved å skapa ein kultur som fremjar interesse, engasjement og det å vera nysgjerrig på pedagogikk og fagleg læring.

## Måloppnåing i 2022

- ✓ Me opplever at arbeidet med å implementera dei 5 kjerneverdiane i skulekvardagen for både store og små, gjev resultat. Eit konkret delmål her er dei nye ordensreglane ved skulen.
- ✓ Den nye leseplanen vart ferdigstilt
- ✓ Trafikksikringsplanen vart ferdigstilt
- ✓ Revidert handlingsplan for godt og trygt skulemiljø

Kva gjeld nasjonale prøvar, skriv UDIR følgjande på sine nettsider:

«Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.»

Resultat nasjonale prøvar, for trinn 5, gjennom dei siste fire åra.

År	Engelsk	Lesing	Rekning
19-20	47	48	49
20-21	48	46	51
21-22	45	47	46
22-23	44	47	45

Dette viser at resultatene ligg under nasjonalt nivå. Me veit at utslaga kan verta større ved små klassar. Blant tiltaka våre er å ta i bruk leseplanen vår, bruke ASK (Alternativ Supplerande Kommunikasjon) gjennom skule og SFO dagen, halde fram med aktive elevar, godt foreldresamarbeid og varierte oppgåver som motiverer elevane.

**Trivsel:** Elevundersøkinga viser at me er på rett veg for å nå god trivsel på skulen. Eksempla under viser utdrag frå elevundersøkinga gjennomført av 7. trinn haust 2022. Maksimal verdi er 5.0.

Område	Sb 2021	Sb 2022	L 2022
Trivst du på skulen?	3,9	4,1	4,1
Er du interessert i å læra på skulen?	3,3	3,7	3,7
Opplever du at lærarane bryr seg om deg?	3,7	4,5	4,1
I klassen min synes me det er viktig å jobba godt..	4,1	4,8	4,4
Kor ofte får du tilbakemeld. som hjelper deg...?	4,2	4,4	3,5
Får du vera med å vurdera skulearbeidet ditt?	2,3	3,3	3,2
Får elevane vera med å laga klassereglar?	2,7	3,7	3,8
Er du fornøgd med skulehelsetenesta?	2,5	2,2	3,8
Får du lekser som du klarar å gjera på eiga hand?	4,1	3,7	4,1

## Spesielle hendingar i 2022

- Det vart gjort eit stort arbeid sommaren 2022 med utbetring av generell tilkomst for funksjonshemma. Dette gjaldt særleg dører og asfaltering av «tunet» noko som har ført til betre-universell utforming.
- Den urolege verdssituasjonen har vorte merkbar også ved Samnanger barneskule ved at ukrainske barn som har flykta frå heimlandet sitt har begynt ved skulen vår. Midt i denne uroen har det vore flott å sjå korleis dei ukrainske elevane har vorte tekne imot av dei andre elevane ved skulen vår.
- I september 2022 fekk Samnanger besøk av Sirkus Agora. Barneskulen fekk nærkontakt med sirkuset då dei sette opp teltet på fotballbana vår. Skulen nytta høvet og laga ei temaveke med overskrifta Sirkus. Me fekk besøk av sjølvaste sirkusdirektøren saman med både klovn og akrobat. Så laga skulen eiga sirkusframsyning for kvarandre.
- Nytt av året vart at elevane laga eigen pepperkakeby utstilt på skulebiblioteket.
- Skulen arrangerte også eigen OL-dag, vinteren 2022. Her var det viktigaste å ha det gøy!





**FAKTA OM EININGA:**

**Einingsleiar/rektor:**

Kurt Helge Pedersen

**Netto driftsutgifter:**

Kr 12 643 842

**Avvik mot rev. budsjett:**

Kr 157 914

(meirforbruk 1,2 %)

**Tal tilsette:**

18

**Tal årsverk**

Vår 15,30

0,19 knytt til

vidareutdanning

Haut 16,19

0,37 knytt til

vidareutdanning

Flykningar 0,25 årsverk

pedagog og 0,30

årsverk språkhjelp

**Sjkefråvær:**

4.31 %

**Tal elevar**

Vår 95 / Haut 93



## Eining Samnanger ungdomsskule

### Ansvarsområde

Samnanger ungdomsskule har ansvar for opplæringa frå 8.-10 trinn i grunnskuleopplæringa og driv etter gjeldande lovverk.

§9A-2 i Opplæringslova er grunnleggjande *Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

### Økonomi

Ansvar		Rekneskap	Budsjett inkl. endring	Resultat pt
2230	Samnanger ungdomsskule	12 643 842	12 485 928	-157 914

Skulen fekk dekkja kr 22 000 av kr 38 379 frå koronamidlar.

### Utviklingstrekk og eininga sine hovudmål/satsingsområde i 2022

*Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i skule jfr.*

*Temaplan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst 2022-2025*

Fagfornyninga: Innføringa av nye læreplanar er hovudsatsingsfelt.

Me har meir fokus på elevinvolvering, meir praktisk orientering og at elevane skal undersøke og finna informasjon og vurdere med eit kritisk blikk i media-verda.

Me har gjort mykje forarbeid og brukt store delar av fellestida vår til felles kompetanseheving for å verta godt rusta med fagfornyninga .

Me har blant anna brukt kompetansepakka som vart utvikla av Utdanningsdirektoratet til dette. Fagfornyingsarbeidet vil halda fram dei neste åra.

Inkluderande skule: Ein god stad å vera – ein god stad å læra, er det

overordna slagordet for oss. Me jobbar kvar dag for å gjera

kvaliteten best mogeleg både når det gjeld trivsel og læring for

elevane. Samnanger ungdomsskule har fokusert mykje på å styrke

ungdom si psykiske helse. Me er ein MOT skule som følgjer eit

anerkjend program for å gje dei unge reiskap til å styrke si psykiske

helse og takle motgang og utfordringar. Programmet fokuserer òg

mykje på å styrke toleranse, forståing og samhald.

Dei tilsette har jobba med delar av Utdanningsdirektoratet sin

kompetansepakke for Trygt og godt skulemiljø med felles refleksjon basert på ny forskning. Dette arbeidet held fram i 2023.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse,

trivsel og læring (§9A-2 i opplæringslova). Me arbeider kvar dag for

å nå dette målet og set inn tiltak som lovverket krev gjennom

Aktivitetsplikten. I tillegg set me i gang førebyggjande tiltak og

fellesopplevingar for å styrke skulemiljøet. Tett samarbeid mellom

kontaktlærar, føresette, elevar, sosiallærar, leingi,

skulehelsetenesta, PPT og kommunepsykolog og andre fagmiljø er

svært viktig og fungerer godt.

Det har vore ei auke i elevar som slit med psykisk helse både på landsbasis og i Samnanger dei siste åra. Dette fører ofte til høgt skulefråvær. Oppfølging av desse elevane vert gjort i samarbeid med andre instansar og fører ofte til ekstra kostnader.

### Kunstprosjekt:

Me har gjennomført eit samarbeidsprosjekt i 2022 med kunstnaren Rodrigo Cortez med veggmaleri på murveggen utanfor hovudbygget. Dette var eit vellykka arbeid der kreative elevar meldte seg på og ferdigstilla arbeidet hausten 2022. Planen er at me vidare på eiga hand dekorerer delar av den stor muren ved ballbingen.



Arbeidslivsfag: Dei siste åra har me utvida tilbodet om arbeidslivsfag for fleire elevar enn tidlegare. Faget er eit sidestilt alternativ til framandspråk/fordjupingsfag som elevane vel. Elevane har gjort mykje vedlikehald på skulen, spesielt med oppgradering av Kunst og handverksavdelinga. Skulen ønsker å framheve praktisk arbeid som sidestilt med teoretisk arbeid. Det er litt ekstra kostnader med å tilby arbeidslivsfag som tredje alternativ. Minimumskrav er to fagalternativ.

Grøn skule: Samnanger ungdomsskule vil engasjere seg meir med å jobbe med temaet berekraftig miljø i åra framover. Dette er òg i tråd med fagfornyninga. I 2022 har me planta frukttre i ein liten frukthage ved skulen, me håper på å utvide med meir i 2023.

Vidareutdanning for pedagogar: I 2022 har ein tilsett fullført vidareutdanning i matematikk, og ein har starta profesjonsfagleg digital kompetanse gjennom Utdanningsdirektoratet. Det er svært positiv ordning for skulen at me får ny fagleg oppdatering gjennom denne utdanninga som er eit viktig bidrag i fagfornyninga. Vår 0,19 og haust 0,37 årsverk til vidareutdanning for ein pedagog. Store delar av vikarutgiftene refundert frå stat..

Innføring av nye digitale løysingar: I 2022 har administrasjonen og tilsette vore gjennom fleire endringar når det gjeld digitale løysingar. Samarbeidet med andre kommunar gjennom IKTNH har vore nyttig. Skulen har opna og tatt i bruk Visma Flyt Skole app for føresette i løpet av våren 2022. Her er store delar av kommunikasjonen og dagleg informasjon mellom heim og skule. I tillegg har administrasjonen tatt i bruk Visma Timeplan.

### **Måloppnåing**

Det er ikkje alt arbeid i skulen som er lett å måle presist, men grunnskulepoeng og resultat på nasjonale prøver er konkrete talverdiar, men det viser ikkje heilskapen av alt det skulen driv med.

Resultata dei siste åra syner at me har nådd målet om å vera over snittet i Vestland i grunnskulepoeng dei fleste åra: For 2022 ligg me godt over snittet. Grunnskulepoeng er eit samla mål for elevane sine karakterar i fag ved avslutninga av 10. trinn – både standpunkt- og eksamenskarakterar. Dei tre siste åra har både skriftleg og munnleg eksamen blitt avlyst, og grunnskulepoeng er berre basert på standpunktkarakterar.



Det er gode resultat på dei nasjonale prøvene når me samanliknar oss med andre. 8. trinn ligg over snittet i Vestland både i lesing og engelsk og likt i rekning. Dette er eit resultat av arbeid som er gjort i barneskulen. 9. trinn ligg over snittet i Vestland både i lesing og rekning.

### Grunnskulepoeng Samnanger ungdomsskule (SUS) og Hordaland (H) Nasjonalt (N) Vestland (V)

År	2018	2019	2020	2021	2022
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	43 SUS 42,3 H 41,8 N	42,8 SUS 42,1 H 42,0 N	44,9 SUS 43,3 V 43,2 N	42,9 SUS 43,5 V 43,3 N	46,4 SUS 43,6 V 43,4 N

### Nasjonale prøver Samnanger ungdomsskule (SUS) Vestland (V) Nasjonalt (N)

2019, 2020, 2021	SUS 20	V-20	N-20	SUS 21	V-21	N-21	SUS 22	V-22	N-22
Lesing 8 tr	51	49	50	51	50	50	51	49	50
Lesing 9 tr	53	53	54	56	53	53	54	53	54
Engelsk 8 tr	53	50	50	50	50	50	50	49	50
Rekning 8 tr	53	50	50	53	50	50	50	50	50
Rekning 9 tr	52	53	53	56	53	53	56	54	54

Resultata vert analysert og er først og fremst eit verktøy for kartlegging av kvar enkelt elev som kan føre til tilpassing av opplæringa vidare.

Skoleporten - Elevundersøkelsen			
Samnanger ungdomsskule, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2022-2023, Trinn 10, Begge kjønn			
Indikator og nøkkeltall	Samnanger ungdomsskule	Vestland fylke	Nasjonalt
Læringskultur	4,3	3,7	3,7
Elevdemokrati og medvirking	4,0	3,3	3,3
Faglig utfordring	4,3	4,2	4,2
Felles regler	4,5	4,0	4,0
Trivsel	4,1	4,0	4,1
Mestring	4,1	3,9	3,9
Utdanning og yrkesveiledning	3,9	3,7	3,8
Støtte fra lærerne	4,3	3,9	4,0
Motivasjon	3,2	3,3	3,3
Vurdering for læring	3,9	3,3	3,3
Støtte hjemmefra	4,0	4,0	4,0

Elevundersøkinga hausten 2022 med indikator og nøkkeltal viser likt eller betre resultat på dei fleste av punkta samanlikna med Vestland fylke og nasjonalt nivå.

*Trivsel* kjem høgare enn i fjor. Me jobbar med trivselstiltak fortløpande. Variert undervisning og meir praktisk orientering er nokre av fokusområde i fagfornyinga som òg kan føre til auka trivsel. Me har gjort ein del tiltak for å auke graden av elevmedverknad med blant anna faste klassemøter for å få meir innspel frå elevar som kan vera med å auke trivsel.

Me har elevar som vert følgt opp med aktivitetsplan § 9A både individuelt og trinnvis oppfølging. Ein nyttilsett i vikarstilling med vernepleiarkompetanse har bidratt med mykje viktig kunnskap og innspel, og bidreg med å løfte vår samla kompetanse innanfor skulemiljø saker.

Økonomi: Skulen har nesten klart å halde seg innanfor gjeldande budsjetttramma på 12,49 mill. kr med kr 157 914 i høgare forbruk. Sjukefråværet har auka frå 2,30 % i 2021 til 4,31 % i 2022. Sjølv om tilsette har vore fleksible og strekt seg langt, har likevel vikarutgiftene auka samanlikna med 2021. Innkjøp av læreverk i engelsk er blitt utsett til 2023.

Arbeidsmiljø: Medarbeidarsamtalar og brukarundersøkinga viser at det er god trivsel blant dei tilsette. Dette fremjar òg kvaliteten på arbeidet med elevane. Mange føler likevel at arbeidspresset er stort.

Dei tilsette samarbeider godt i ulike team og i samla fellesskap. Me har størst fokus på samla kompetanseheving innanfor fagfornyinga i år og neste år. Dei tilsette er engasjerte, men det er viktig å ikkje gape over for mange andre prosjekt som kanskje ikkje blir fullførte og som igjen kan føre til mindre motivasjon, trivsel og kvalitet. Innføring av nye læreplanar samtidig med koronatiltak har vore utfordrande dei siste åra.

Einingsleiar opplever elles eit godt samarbeid med andre einingar og andre samarbeidspartnarar.